

# Organisering og gjennomføring av tvangsevakueringa hausten 1944: Arbeidet til evakueringskommisjonen i Tromsø



Mastergradsavhandling i historie

våren 2016

Institutt for historie og religionsvitenskap

UiT – Norges arktiske universitet

Av Ragnar Haraldssønn Augestad



Framsidebilete er henta frå NTB SCANPIX. Biletet visar Berlevåg i jula 1944.

## Forord

Det har vore eit spanande prosjekt å skrive ei masteravhandling, og to artige år på lesesalen i Breiviklia. Eg vil først og fremst takke min vagleiar Stian Bones, som har komen med mykje hjelp og mange råd, og har vore med på å mogleggjere denne avhandlinga. Eg vil takke alle mine medstudentar på lesesalen for god hjelp, gode faglege diskusjonar og eit veldig godt sosialt miljø. Ein stor takk skal også rettast til «papen» Harald Augestad som har tatt seg av den endelege korrekturlesinga av avhandlinga. Eg vil òg få takke Per Kristian Olsen for å ha stilt kjeldemateriale til rådigheit. Deretter vil eg få takke Gunnar Pedersen som sende meg to artiklar, og hjelpte meg med informasjon om rapporten til Ragnar A. Hansen. Til sist vil eg takke resten av familien min, og mine vener heime, for støtte og mykje moro i tida mi som masterstudent.

## Innhaldsoversyn

Kapittel 1. Innleiing .....	1
1.1 Bakgrunn: Avsluttande krigshandlingar i Nord-Finland og Finnmark ....	1
1.2. Problemstilling .....	4
1.3. Historiografi .....	4
1.4. Kjelder og metode .....	9
1.4. Avgrensing og struktur .....	11
Kapittel 2: Frå frivillig evakuering til tvangsevakuering .....	12
2.1. Frivillig evakuering .....	12
2.2. Tvangsevakuering.....	22
2.3. Tromsø: Tvangsevakueringas router.....	25
Kapittel 3: Aktørar og organisering.....	38
3.1. Lokal erfaring: Tidlegare planar om evakuering. ....	38
3.2. Evakueringas mest sentrale aktørar .....	40
3.3. Ragnar Hansen og evakueringskommisjonen .....	53
Kapittel 4: Byen og dei evakuerte.....	61
4.1. Tvangsevakueringa og Tromsøs rolle .....	61
Kapittel 5: Konklusjon.....	73

# Kapittel 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn: Avsluttande krigshandlingar i Nord-Finland og Finnmark

I juni i 1944 inngjekk dåverande president i Finland Risto Ryti ein avtale med den tyske utanriksministeren Joachim von Ribbentrop, om at Finland ikkje skulle inngå ein separatfred med Sovjetunionen så lenge Ryti var president. Finland fekk våpenhjelp frå Tyskland til gjengjeld. Då Ryti gjekk av, og marskalk Carl Gustaf Mannerheim vart president, var situasjonen noko annleis. I tillegg til at presidenten ikkje var personleg bunden til avtala med von Ribbentrop, så hadde også den sovjetiske framrykkinga mot Finland stoppa. Dels på grunn av våpenhjelpa frå Tyskland, og dels fordi kappløpet mot Berlin hadde starta. Den 4. september 1944, ein månad etter at Mannerheim vart president, inngjekk Sovjetunionen og Finland ein våpenstillstandsavtale. Denne avtala vart signert den 19. september det same året.<sup>1</sup>

Avtala skapte også nye problem for Finland, fordi den innebar at alle tyske troppar i landet skulle internerast eller jagast ut innan 15. september, altså på under to veker. Dette var eit urimeleg krav med tanke på at det var 200 000 tyske soldatar i landet, og at dei var forsynte med kamputrusting for i alle fall seks månadar. Det var heller ingen enkel sak å skulle gå til angrep mot den tidlegare våpenbroren. Ikkje berre måtte dei finske troppane ved austgrensa marsjera nordover, men det var også eit krav i våpenstillstandsavtala om at den militære styrken i Finland måtte reduserast til fredsnivå innan byrjinga av november. Finnane visste også at den sovjetiske hæren stod ved austgrensa, og var klar til å gå inn i Finland, dersom dei ikkje klarde å oppfylla krava.<sup>2</sup> Når våpenstillstandsavtalen mellom Finland og Sovjet vart inngått, sette tyskarane i verk operasjon «Birke». Dette var ei tilbaketrekking til Nord-Finland, fordi den tyske overkommandoen og Hitler ville halde på Nord-Finland og Finnmark. Ein rekna nikkelgruvene i Petsamo som svært viktige då ein trond nikkelen til framstilling av pancerstål.<sup>3</sup>

Krigshandlingane i Nord-Finland hadde gjort spørsmålet om evakuering aktuelt allereie sommaren 1944, og det vart utforma ein plan for evakuering. I denne planen skulle heile Lappland fylke, og den nordlige delen av Oulu fylke evakuerast. Dette gjekk ikkje heilt etter planen, då finnane fekk noko mindre tid til å evakuera enn det ein hadde trudd. Nokre område ved austgrensa hadde ein ikkje fått evakuert fram til byrjinga av september, og evakueringsskomiteen for Nord-Finland vart heller ikkje oppretta før 7. september. For å løyse

<sup>1</sup> Yrjö Alamäki, «Finland ut av krigen - men med smertefulle virkninger,» *Ottar nr. 41994*, s. 3.

<sup>2</sup> Alamäki, «Finland ut av krigen,» s. 3.

<sup>3</sup> Knut Einar Eriksen og Terje Halvorsen, *Frigjøring* (Oslo: Aschehoug, 1987), s. 29.

dette problemet tok regjeringa i Finland kontakt med Sverige, den same dagen, for å få tillating til å senda ein del av dei evakuerte frå Lappland til nabolandet. To timer seinare svara Sverige, og lova å ta i mot 100 000 finnar. Det vart underteikna ei skriftleg avtale 9. september 1944.<sup>4</sup> 56 000 finnar vart evakuert til Norrland, medan 100 000 vart evakuert lengre sør i Finland.<sup>5</sup>

Det sovjetiske presset på Finland for å få ut tyskarane auka, men det verkelege brotet med tyskarane kom ikkje før den 15. september. På natta den 15. september kom det eit stort angrep frå tyskarane mot finnane i Suursaari i Finskebukta. Landingsforsøket vart eit nederlag for tyskarane, med mange drepne og store materielle tap. På grunn av frykt for russisk okkupasjon, brann tyskarane ned Hyrynsalmi kyrkjested i Oulu fylke, og dei øydela også mykje i Kuusamo og Suomussalmi. Den 24. september sprengde tyskarane jernbanebrua i Haukipudas, noko som tydde stans i togtrafikken og evakueringa frå Lappland til Vasa og Oulu fylke. Den opne krigen mot tyskarane braut ut den 28. september, i den nordlege delen av Oulu fylke, i Pudasjärvi. Det vart planlagt ein dristig og stor landstigning av generalmajor Hjalmar Siilasvuo i Kemi, bak frontlinja til tyskarane. Landgangen, som vart sett i gong på natta 1. oktober, hadde då vorte flytta til Torneå. Finnane brukte fraktbåtar utan erfaring fra landstigning, og dei hadde heller ikkje våpen som kunne møta angrep frå fly eller båtar. Dei var heller ikkje støtta av panservogner eller artilleri, og hadde ikkje eingong med seg telt eller feltkjøkken. Dei satsa alt på at tyskarane ikkje skulle oppdage dei, noko som dei heller ikkje gjorde med ein gong. Sjølv med store kampar som heldt fram i fleire dagar, klarte finnane å laga eit brufovud i Torneå. Dei klarte også å jage tyskarane ut av Kemi, og tvinga dei til å trekke seg tilbake mot Muonio og Rovaniemi. Nokre dagar seinare øydela tyskarane alt i Tornedalen som låg over Turtola.<sup>6</sup>

Frontlinja bevega seg stadig nordover, men stoppa opp i lengre tid, sør for Kilpisjärvi, fordi tyskarane forsvara seg godt i området Lätäseno. Og det var faktisk ikkje før den 28. april i 1945 at general Siilasvuo kunne gi beskjed til Mannerheim om at tyskarane endeleg var ute av Finland.<sup>7</sup>

Ikkje alle dei tyske troppane vart igjen i Finland, det var også mange som trakk seg tilbake til Noreg. Vendinga som finnane gjorde mot tyskarane var ikkje heilt uventa, og Wehrmacht

<sup>4</sup> Alamäki, «Finland ut av krigen,» s.4-5.

<sup>5</sup> Henrik Meinander, *Republiken Finland: I går och i dag* (Helsinki: Schildts & Söderströms, 2012), s. 241.

<sup>6</sup> Alamäki, «Finland ut av krigen,» s. 7.

<sup>7</sup> Alamäki, «Finland ut av krigen,» s. 7-8.

hadde byrja å førebu ei forsvarslinje i Lyngenfjord-Skibotn området alt i juni 1944. Grunnen til at dei valde dette området, var fordi det var ein naturleg front både mot ei russisk framrykking gjennom finskekilen, og mot ein alliert landgang i Finnmark. Retretten til Lyngen-linja vart kalla operasjon «Nordlicht». Denne tilbaketrekkinga vart tillaten av Hitler etter at det vart sagt av rustningsminister Albert Speer at ein ikkje trøng nikkelmalmen frå Petsamo.<sup>8</sup> Den 18. oktober 1944 gjekk dei første russiske soldatane over grensa ved Grense Jakobselv. Ei russisk framrykking inn i Nord-Noreg hadde vore eit mogleg scenario for russarane i om lag åtte månadar før dei ville seie at dette var noko som kunne hende.

Sannsynet for at Sovjetunionen allereie tidleg i 1944 hadde vurdert ei framrykking inn i Nord-Noreg, har fleire grunnar. Dei russiske ønska om å sikre forsyningar frå vest, og å få jaga tyskarane ut av Sovjetunionen, og det faktum at tyskarane fekk mange tilbakeslag på austfronten, er det naturleg å planleggje slik ut frå militærstrategiske vurderingar. Grensa mellom Noreg og Russland er lite eigna som forsvarsstilling, medan Tana og Neiden, der Den rauda hæren stoppa si framrykking, er ei meir naturleg forsvarsstilling.<sup>9</sup>

Den russiske frigjeringa av Finnmark kom skikkeleg i gong 21. oktober, når avdelingar frå hovudstyrken kom fram til Tårnet på austsida av Jarfjord. Dei sovjetiske styrkene møtte til dels hard motstand frå tyske sikringsstyrker i dagane som følgde på vegane som førde til Kirkenes. Tyskarane gjorde alt dei kunne for å få flytta forsyningsslagra sine, og for å øydeleggje byen. Russarane inntok Kirkenes 25. oktober, og då tok også den tyske motstanden mot framrykkinga meir eller mindre slutt, sjølv om russarane tok seg heilt fram til Neiden-Nautsi. Den 8. november hadde russarane patruljar framme ved Tana, men der slutta offensiven.<sup>10</sup>

Den 28. oktober kom Hitler sitt «Führerbefehl», der det stod at alle i Finnmark og Nord-Troms skulle evakuerast, og alt skulle brennast og øydeleggjast.<sup>11</sup> Det var dei tyske militære (Wehrmacht) som fekk ansvaret med å gjennomføre den brente jords taktikk og tvangsevakueringa. Meir enn 10 000 hus vart brend, fleire tusen småbåtar og 350 større fiskefartøy vart øydelagd. I tillegg vart kaiar, vegar og bruer sprengd. Eit område som nesten

---

<sup>8</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 29.

<sup>9</sup> Olav Riste, «London-Regjeringa» . Norge i krigsalliansen, 1940-1945. Vegen heim 1942-1945, vol. Bind 2 (Oslo: Samlaget, 1995), s. 189-193.

<sup>10</sup> Riste «London-Regjeringa» , Bind 2, s. 198.

<sup>11</sup> Anders Ole Hauglid, Knut Erik Jensen, og Harry Westheim, *Til befolkningen! : brannhøsten 1944 : gjenreisingen etterpå* (Tromsø: Universitetsforlaget, 1985), s. 45.

er halvanna gong så stort som Danmark vart rasert. Om lag 50 000 menneske vart tvangsevakuert sørover, om lag 25 000 klarde å gjøyme seg for tyskarane.<sup>12</sup>

## 1.2. Problemstilling

Temaet for avhandlinga er organiseringa og gjennomføringa av tvangsevakueringa av Finnmark og Nord-Troms, med utgangspunkt i det arbeidet som vart gjort av evakueringskommisjonen i Tromsø; dette arbeidet, som ofte har vorte høgt verdsatt i ettertid, er interessant ut frå fleire forhold. Tre moment vil verte nærmere undersøkt her.

For det første har både historikarar og andre meint at det var ei spenning mellom NS sitt arbeid med tvangsevakueringa og arbeidet til evakueringskommisjonen, og at evakueringskommisjonen heldt avstand til NS-styret. Forholdet mellom NS, Reichskommissariat og Wehrmacht er også av interesse i denne samanhengen.

Dernest har det vore hevdat dei sentrale aktørane som var involvert hadde særskilte evner eller føresetnader for å løyse denne krisa. Evakueringssjefen Ragnar Hansen har vorte trekt fram, men òg andre. Om dette er rett: Kva kan i tilfelle bidra til å forklare gjennomføringskrafta hos dei sentrale aktørane? Og kva føringer la andre, utanforståande aktørar, på verksemda til evakueringskommisjonen?

Til slutt er sjølve dei breiare lokale føresetnadane av stor interesse. Kva hadde ein å hjelpe seg med og støtte seg på – av private organisasjoner, offentlege etatar, sjukehus og annan infrastruktur? Kva innverknad hadde det store tyske nærværet?

Eg vil ta for meg desse tre punkta i kvart sitt kapittel.

## 1.3. Historiografi

Forholdet mellom Nasjonal Samling (NS), Reichskommissariat (RK), Wehrmacht og sivile aktørar er noko som ikkje får så veldig mykje fokus i tidlegare litteratur om tvangsevakueringa av Finnmark og Nord-Troms. Evakueringskommisjonen og Ragnar Hansen sitt arbeid har det heller ikkje vorte skrive noko særleg mykje om. Sidan dette var dei mest sentrale aktørane under tvangsevakueringa, er det litt underleg at dei ikkje har fått meir fokus. Noko ein har skrive mykje om, er folks eigne opplevingar og erfaring frå evakueringa. Hovudgrunnen til dette er nok at mykje av litteraturen er skrive av folk som hadde personlege minner knyta til tvangsevakueringa, eller som på andre måtar har vore knyta til den. Det finst

---

<sup>12</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 44-52.

ei stor mengd lokalhistorisk litteratur, trykt i årbøker og andre publikasjonar, som ikkje er dregne inn i denne avhandlinga. For eit oversyn av denne litteraturen sjå avhandlinga til Jørn W. Ruud *Erindringer om andre verdskrig i Finnmark og Nord-Troms*.<sup>13</sup>

Berntine Ruud Hellesnes sine to bøker *Finnmark i flammer* bind 1 og 2, er eit framst ande eksempel p  litteratur som l ftar fram folks eigne opplevingar og erfaringar.<sup>14</sup> I desse to b kene har ho f tt beretningar fr  personar fr  b de by og bygd, og pr vd   gi eit oversiktleg bilete av korleis det var for finnmarkingane under tvangsevakueringa.

Arvid Petterson har i boka *Fortiet fortid* også brukt folks eigne erfaringar fr  evakueringa. Som han sj lv skriv i forordet har han valt   berre bruke folks eigne beretningar, og bevisst utelate arkivkjelder. Dette har han gjort fordi augevitna forsvinn etter kvart, medan arkiva framleis vil vere der. Boka er eit resultat av innsamlingsarbeidet til prosjektet «Tvangsevakuering og overvintring 1944-1945», men Petterson har samla inn intervju p  lydbandopptak sidan 1970-talet, og desse dannar bakgrunnen for boka. Eit av m la med boka er   gi ei oversikt over kor mange som d ydde som f lgje av tvangsevakueringa.<sup>15</sup>

*Til befolkningen* av Anders Ole Hauglid, Knut Erik Jensen og Harry Westrheim tar for seg perioden fr  hausten 1944 fram til 1950.<sup>16</sup> I tillegg til   ta for seg tvangsevakueringa og opptaktane til den, ser Westrheim m. fl. ogs  gjenreisinga av Finnmark. Dette er ei litt annleis framstilling, d  eg ikkje har s tt andre som tar for seg b de evakueringa og gjenreisinga i same boka. Det er sj olv sagt ei naturleg tiln rming d  ein f r analyser dei lange linjene, og f r ein betre oversikt over korleis alt hang i hop. Hauglid, Jensen og Werstrheim har med noko om forholdet mellom NS og RK. Her kjem det fram at RK med Terboven i spissen hadde kontroll over NS n r det kom til den frivillige evakueringa. Terboven ville at dei norske NS-myndighetene skulle byggje opp evakueringsapparatet, og ta ansvaret for   gjennomf re evakueringa.<sup>17</sup>

Ingunn Elstad sin artikkel *Samefolket under tvangsevakueringa* ser p  planlegginga av tvangsevakueringa, saman med transporten og transittane ut 1944. Artikkelen byrjar med ein

<sup>13</sup> J rn W. Ruud, «Erindringer om andre verdenskrig i Finnmark og Nord-Troms,» (The University of Bergen, 2008).

<sup>14</sup> B. R. Hellesnes, *Finnmark i flammer : fortalt av den brente jords egne kvinner og menn* (Trondheim: F. Brun, 1949). *Finnmark i flammer : fortalt av den brente jords egne kvinner og menn : 2*, vol. 2 (Trondheim: Bruns bokhandels forl., 1950).

<sup>15</sup> Arvid Petterson, *Fortiet fortid: tragedien Norge aldri forsto : tvangsevakuering og overvintring i Nord-Troms og Finnmark 1944-1945* (Hammerfest: Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms, 2008). Forord, og s. 11-15

<sup>16</sup> Hauglid, Jensen, og Westrheim, *Til befolkningen! : brannh sten 1944 : gjenreisingen etterp *.

<sup>17</sup> Westrheim, *Til befolkningen! : brannh sten 1944 : gjenreisingen etterp *, s. 43.

kort gjennomgang av evakueringa i Finland og Finnmark, før Elstad går meir grundig igjennom fleire aspekt ved samane sin historie under evakueringa. Døme på dette er korleis tyske myndigheter og norske NS-myndigheter såg på samane.<sup>18</sup> Ho går òg inn på kva konsekvensar evakueringa fekk for samane.

I boka *Vi fikk vår frihet* har Kjell Fjørtoft tatt ein litt anna vri enn dei andre eg nemnar her.<sup>19</sup> Han gir ei detaljert framstilling av handlingsrekka i planleggingsstadiet for evakueringa, og kva som hende under tvangsevakueringa. Men innimellan handlingsrekka skiftar Fjørtoft til enkeltpersonars eigne beretningar frå denne tida. Dette er ein litt annleis måte å gjere det på, då det verkar som dei fleste anten held seg til den eine, eller den andre måten når ein skal skrive om tvangsevakueringa.

Jørn W. Ruud har i si masteravhandling *Erindringer om andre verdskrig i Finnmark og Nord-Troms* tatt kort for seg andre verdskrig og tvangsevakueringa. Hovudfokuset i avhandlinga ligg på korleis krigen, okkupasjonstida og tvangsevakueringa vart framstilla i tida etter krigen, og korleis minnehistoria endra seg. Den første perioden er mellom 1944 og 1960, der han blant anna ser på avisenes framstilling, historiske verk og minnelitteratur. Han tar også for seg korleis krigen og tvangsevakueringa vart framstilla i dei fornemnde media, saman med andre, i periodane 1960-1980, og 1981-2005.

Wilhelm Fosnes sin hovedoppgåve *Evakueringa av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: Planlegging og gjennomføring*, tar for seg kva haldningars tyske sivile- og militære myndigheter og norsk NS-myndigheter hadde til evakueringa, og korleis desse haldningane endra seg mellom den 4. og 28. oktober. Han ser også på korleis tvangsevakueringa vart organisert og gjennomført. Denne oppgåva er særleg aktuell for min eigen studie.

Forholdet mellom tyske sivile- og militære myndigheter er noko Fosnes går ganske grundig igjennom. Han ser mykje på dette forholdet frå dei første planane om den frivillige evakueringa av Aust-Finnmark, fram til gjennomføringa av den frivillige evakueringa i heile Finnmark og Nord-Troms. Her kjem det fram at dei militære myndigheter forholdsvis tidleg i planlegginga overlèt ansvaret for gjennomføringa av evakueringa til RK og Terboven. Dei militære vil ikkje vere involvert i evakueringa. Han tar òg opp ueinigheiter mellom RK og Wehrmacht. Når NS kjem med i planlegginga, vart også dei tatt med i vurderinga til Fosnes.

---

<sup>18</sup> Ingunn Elstad, *Samefolket i tvangsevakueringa* (Forskningsgruppen Living the War og Gjenreisningsmuseet, 2016), s. 1-4.

<sup>19</sup> Kjell Fjørtoft, *Vi fikk vår frihet : Finnmark høsten 1944* (Oslo: Gyldendal, 1984).

Det er RK som involvete NS i planlegginga. Sjølv om NS tar initiativ for å ordne evakueringstransport, så må dei heile tida ta omsyn til kva som vart bestemd av Wehrmacht og RK.<sup>20</sup> Wehrmacht, og ordrar send til og frå dei militære myndigheiter, er noko Fosnes har med mykje om.<sup>21</sup> Fosnes har ein detaljert gjennomgang frå dei første planane om ei frivillig evakuering av Aust-Finnmark, fram til gjennomføringa av tvangsevakueringa. Her ser han på mange enkeltaktørar frå både norsk og tysk side, og tar for seg kva desse gjorde, kven dei jobba og samarbeida med og problem og konfliktar som oppstod. Han har også ein del fokus på dei strids- og arbeidsdyktige nordmenn som dei tyske militære ville sikre seg kontrollen over.

I byrjinga av delen om tvangsevakueringa tar Fosnes for seg oppbygginga av evakueringskontoret, og litt om arbeidet til Ragnar Hansen og kommisjonen.<sup>22</sup> Det står ikkje så veldig mykje om det, men det er ein grei gjennomgang som gir ei oversikt over kva som vart gjort i kommisjonen. Resten av denne delen av hovudoppgåva skriv Fosnes generelt om gjennomføringa av tvangsevakueringa i Finnmark, litt om kva Lie og Lippestad føretok seg i Hammerfest og Alta, før han går meir grundig inn på tvangsevakueringa i Nord-Troms, Nordreisa og Skjervøy.

I avhandlinga mi vil eg ha eit større fokus på evakueringskommisjonen og deira forhold til NS, enn det Fosnes har. Eg vil òg gå djupare inn på verksemda til evakueringskommisjonen. Eg kjem til å sjå på fleire enkeltaktørar på både norsk og tysk side, og ta for meg kva dei gjorde og kva dei seier om forholdet mellom norske og tyske myndigheiter. Eg kjem også til å sjå på dei lokale føresetnadane i Tromsø, og kva byen hadde å seie for evakueringa.

Knut Einar Eriksen og Terje Halvorsen si bok *Frigjøring*, har med litt om forholdet mellom NS, Reichskommissariat og Wehrmacht. Det som vart nemnd om dette forholdet står implisitt i teksten, og kjem fram når blant anna konflikten mellom Lie, Lippestad og Wehrmacht vart tatt opp, og at representantar frå Reichskommissariat støtta Lie og Lippestad i denne konflikten. Eit anna døme som kjem fram er ueinigheter mellom Wehrmacht og Terboven.<sup>23</sup> Sjølv om forholdet mellom desse aktørane vert nemnd, så vert det ikkje tatt opp og drøfta. Det får heller ikkje noko anna fokus utanom at det er ein del av handlingsrekka.

---

<sup>20</sup> Wilhelm Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring,» (Oslo: <W. Fosnes>, 1974), s. 5-24.

<sup>21</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 5-34.

<sup>22</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 50-54.

<sup>23</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 41-71.

Evakueringskommisjonen og Ragnar Hansen sitt arbeid vert berre nemnd kort i eit lite avsnitt, noko som er litt underleg då dette var ein ganske sentral del av evakueringa.

Gunnar Pedersen sitt bidrag i *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk* har eit mykje større fokus på Ragnar Hansen og evakueringskommisjonen. Dette er nok den boka som har den grundigaste gjennomgangen av arbeidet til kommisjonen, og Gunnar Pedersen baserer seg mykje på rapporten til Ragnar Hansen i framstillinga av dette arbeidet. Ragnar Hansen hadde, i følgje Hansen sjølv, eit ganske negativt forhold til NS, noko som også vart tatt opp av Pedersen. Han drøftar ikkje dette veldig mykje, og det er enkelte faktorar ved dette forholdet som er verd å sjå nærmare på. Forholdet mellom NS, RK og Wehrmacht er noko Pedersen ikkje ser på. Grunnen til dette kan vere at mykje av deira samspel føregjekk utanfor Tromsø, men det kunne vore med på å gi framstillinga ein ekstra dimensjon.

Knut Einar Eriksen og Terje Halvorsen trekk fram to moment i *Frigjøring* som dei legg vekt på som grunnar for at evakueringa gjekk så bra som den gjorde. Det første er det gode været som var hausten 1944. Dette var også noko Hansen trakk fram sjølv, som vi skal sjå seinare. Det andre momentet som vart trekt fram er at mange vart berga fordi dei drog med eigne båtar.<sup>24</sup> Nøyaktig kvifor dei vart berga fordi dei reiste med eigne båtar, vart ikkje tatt opp. Eriksen og Halvorsen tenkar nok her på evakueringstransporten med dei tyske lasteskipa «Carl Arp» og «Adolf Binder», som påførde dei evakuerte unaudsynlege lidingar der mange vart sjuke, og nokre av passasjerane døyde. Det kan også hende dei siktat til at sidan mange drog med eigne båtar, så gjekk transporten frå Finnmark og Nord-Troms raskare, og at dei berga livet på den måten.

Bind 3 av Nils Arne Ytreberg si *Tromsø bys historie* kom ut i 1971.<sup>25</sup> Sjølv om denne boka tar for seg krigen, så utelet Ytreberg heile evakueringa, den er ikkje nemnd med eit ord. Dette er veldig interessant sidan evakueringa var ein svært sentral del av historia til Tromsø. Ytreberg skriv faktisk om nokre av medlemmane i evakueringsskommisjonen, men det er i forhold til andre hendingar og jobbar dei har hatt. Det er mogleg han ikkje ville skrive om evakueringa sidan han var frå Tromsø, og kanskje fekk oppleve denne hendinga på nært hold. Første bind i denne bokserien kom ut i 1946.

---

<sup>24</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 69.

<sup>25</sup> Nils A. Ytreberg, *Tromsø bys historie : 3* (Tromsø: Peder Norbye, 1971).

## 1.4. Kjelder og metode

I denne avhandlinga baserar eg meg mykje på rapportar skrivne av aktørane sjølve, frå møtereferat frå evakueringskommisjonen, og på ulike forklaringar frå landssvikoppgjeret. Særleg sentral er rapporten til Ragnar A. Hansen. Eg brukar også Lie/Lippestad-rapporten og Gard Herbjørn Holtskog sin rapport ein del. Desse tre rapportane oppheld seg i kvar sin ytterkant, med Lie/Lippestad og Holtskog i NS på den eine sida, og Hansen som sjølverklært NS-hatar på den andre sida. Dette skapar utfordringar når ein forsøker å få ei objektiv framstilling av kva som hende under den frivillige evakueringa og tvangsevakueringa. Det er likevel interessant å sjå kva ein meinte og kva som vart framheva som viktig på dei to sidene. I desse rapportane vert også forholdet til tyske myndigheter belyst, noko som er sentralt i denne avhandlinga.

Eg har også valt å trekke fram nokre av vitneforklaringane i landsviksaka mot Lippestad for å sjå korleis forholdet var mellom norske og tyske myndigheter under den frivillige evakueringa, og tvangsevakueringa. Dette har eg gjort fordi det er interessant å sjå kva enkeltaktørar på både norsk og tysk side seier om dette forholdet, og for å sjå om det var likskapar eller ulikskapar i oppfatningane om dette.

I denne avhandlinga har eg brukt kvalitativ metode, med hovudfokus på nærlsing. Dette har eg brukt på kjeldene mine, der eg har hatt ei grundig gjennomlesing for få med meg både det som faktisk står der, men òg det som står mellom linjene. Det kan ofte vere mykje nyttig å hente som ikkje står eksplisitt i teksten. Det er også viktig å sjå på konteksten og samanhengen som dei tre rapportane vart skiven i. Lie/Lippestad-rapporten og rapporten til Holtskog er ein gjennomgang av hendingane i den frivillige evakueringa og tvangsevakueringa sedd frå NS-myndighetens ståstad. Rapporten til Hansen er sedd frå blant anna evakueringssjefens ståstad, og i desse rapportane vart det lagt meir vekt på det den, eller dei, enkelte meinte var viktig. Samtidig vart kanskje andre viktige element tona ned, eller utelaten, fordi den som stod for rapporten meinte at det ikkje passa seg, eller ikkje var naudsynt å ta med.<sup>26</sup>

Lie/Lippestad-rapporten vart skiven i februar 1945. Det kjem ikkje fram når Holtskog skreiv sin rapport, men den må ha vore skiven innan februar då den er eit bilag til Lie/Lippestad-rapporten. Desse rapportane vart skiven, eller godkjent etter ferdigstillelse som

---

<sup>26</sup> Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var : en innføring i historiefaget*, 2. utg. ed. (Oslo: Universitetsforlaget, 1999), s. 183-188.

Lie/Lippestad-rapporten vart, av NS-personar som var høgt oppe i partiet. Ein hadde lenge vore klar over at krigen ikkje gjekk tyskaranes veg, og det var nok tydeleg i februar at NS ikkje kom til å styre Noreg i uoverskodeleg framtid. Det er ikkje utenkjeleg at desse rapportane vart utforma med tanke på at dei kunne kome under ein domstol sine kritiske augo. Det er ikkje sikkert desse momenta spela nokon rolle, men det kan ha hatt noko å seie. Ein må sjølvsagt ta omsyn til at Lie, Lippestad og Holtskog var av dei som var overtydd om at Tyskland skulle sigre til siste slutt, sjølv om det ikkje er mykje som tydar på det.

Ein må også ta i betrakting at frå NS sin ståstad så var tvangsevakueringa vellykka. Ein hadde hindra at befolkninga i nord hjelpte Den raude hær i krigen mot tyskarane, eventuelt at ein hadde fått berga befolkninga frå dei «forferdelege» russarane. Kva som var viktigast, er usikkert. Ved å øydeleggje alt så hadde ein òg hindra Den raude hæren i å følgje etter tyskarane lengre sør i Noreg, men kanskje viktigast av alt: Ein hindra eksilregjeringa å få fotfeste i Finnmark.

Ragnar Hansen skrev sin rapport i 1946, og den er nok prega meir av tida enn det Lie/Lippestad og Holtskog var. Det er tydeleg at Hansen prøvar å skape eit skilje mellom seg sjølv og NS, og vise at det var avstand mellom desse to. Det same gjeld for så vidt mellom Hansen og tyskarane også. Dette skiljet var nok ikkje fullt så skarpt som det kan sjå ut til, men det er ikkje noko underleg at Hansen ville distansera seg mest mogleg frå NS i 1946, dei fleste ville det. Opphavssituasjonen spelar nok ei større rolle for rapporten til Hansen, enn den gjer for Lie/Lippestad og Holtskog. Det var ingen tvil om at Hansen hadde hatt mykje kontakt med både Lie og Lippestad, og at han hadde samarbeida med NS-folk. Forutan å gi ein eigen beretning om kva han gjorde og kvifor, kan rapporten også ha vorte skriven for å vise at det var eit skilje mellom NS og evakueringskommisjonen. Det var usemje mellom NS og Ragnar Hansen, og det var nok ikkje alle som såg så mykje til desse gnissingane. Ved å skrive denne rapporten, fekk Hansen fram denne usemjua, som også var ein del av alt anna som skjedde.<sup>27</sup>

Rapporten til Ragnar Hansen er også ei førstehandskjelde. Den vart skriven om lag halvanna år etter tvangsevakueringa, så det er ikkje så veldig fjernt i tid heller. Dette gjer kjelda meir truverdig, sjølv om den har ein viss tendens. I tillegg til at hendingane framleis burde vere rimeleg friskt i minnet hos Hansen. Han har også trekt inn delar frå si eige dagbok i rapporten, og det er sannsynleg at han har brukta dagboka, eventuelt andre nedskrivingar, for å skrive

---

<sup>27</sup> Metodiske betraktnigar om opphavssituasjon, kontekst og truverd har eg funne i Astri Andresen et al., *Å gripe fortida : innføring i historisk forståing og metode*, Samlagets bøker for høgare utdanning (Oslo: Samlaget, 2012), s. 70-72.

rapporten. Det kan vere vanskeleg å hugse datoar for forskjellige hendingar, og det var mange datoar og hendingar. Referat frå dei daglege møta i evakueringskommisjonen har Hansen også trekt inn. Møta Hansen har trekt inn går frå 9. november 1944 til 20. november 1944, og dei vart stenografisk refererte på staden. Det er liten grunn til å tvile på truverda til referata då dei vart skriven ned der og då, og sidan det ville vere lite hensiktsmessig for Hansen å endre dei i rapporten. Det finst fleire møtereferat enn dei Ragnar Hansen har tatt med i rapporten sin.

Møtereferata går heilt fram til 27. desember 1944, men det vart ikkje held møte kvar einaste dag etter den 25. november.<sup>28</sup> Desse møta har eg ikkje tatt med i avhandlinga, fordi dei går utanfor perioden eg fokuserer på.

Det er også ein ganske stor jobb å sile ut dei forskjellige sine personlege meininger.

Lie/Lippestad- og Holtskog-rapporten er gjennomsyra av NS-haldninga i forhold til evakueringa av Finnmark og Nord-Troms. Hansen skreiv sin rapport i 1946, og var som nemnd ein sjølverklært NS-hatar. Det kan godt hende at dette stemde, men han kan også ha vore prega litt av tida. Dette kjem eg tilbake til.

## 1.4. Avgrensing og struktur

I denne avhandlinga skal eg sjå på organiseringa og gjennomføringa av den frivillige evakueringa og tvangsevakueringa av Finnmark og Nord-Troms, med utgangspunkt i arbeidet til evakueringskommisjonen. Eg vil også ta for meg dei mest sentrale aktørane i evakueringa, som i tillegg til evakueringskommisjonen var NS, Reichskommissariat og Wehrmacht. Eg har valt denne avgrensinga fordi det ikkje er gjort så mykje på dette feltet, og kjem derfor til å ha litt mindre fokus på dei evakuerte. Eg vil her sjå på dei forskjellige aktørane og undersøkje kva dei gjorde, samspelet deira og korleis forholdet mellom dei var. Med dette vil eg finne ut kven som hadde føringa, og kor mykje innverknad dei forskjellige aktørane hadde på kvarandre, og kor mykje dei hadde å seie for seg sjølv.

---

<sup>28</sup> Tromsø Statsarkivet, «Fylkesmannen i Troms, Arkiveske nr. 2027»,

## Kapittel 2: Frå frivillig evakuering til tvangsevakuering

### 2.1. Frivillig evakuering

Frå norsk side var ein ganske tidleg ute med planar for ei evakuering av Finnmark. Gard Herbjørn Holtskog fekk embetet sitt som politipresident den 1. oktober 1943, og vart merksam på at fleire hundre sivilpersonar hadde dratt frivillig frå Aust-Finnmark allereie då. I jula i 1943 sette Holtskog opp ein evakuatingsplan for Aust-Finnmark for «eventualiteters skyld». Han hadde diskutert desse planane med Reichskommissariat (RK) sin leiar i Kirkenes, Willy Laqua, som meinte at dette ikkje kom til å verte aktuelt. Grunnen til dette var tyskaranes synspunkt på denne tida, om at «Festung Kirkenes» skulle haldast uansett kva som hende.<sup>29</sup> Det eksisterte også tyske planar om evakuering av Finnmark allereie i 1943. General Eberling som var den militære sjefen i Kirkenes-området, ville tvangssende kvinner, barn og eldre vekk frå krigssonan. Holtskog støtta dette forslaget. Det var berre menn som utførde heilt naudsynt arbeid for tyskarane som skulle vere igjen. Eduard Dietl og Josef Terboven var ikkje einige i dette, og dersom kvinnene drog så ville mennene dra etter, hevda dei. Det var derfor viktig at kvinnene vart verande. Dei to tyske leiarane framheva at det var politisk og militært uklokt å røpe at «vernemakta» ikkje kunne halde tilbake russarane.<sup>30</sup>

Då Obersturmführer Laqua gjekk av i mai 1944, la Holtskog saken fram for etterfølgjaren, dr. Schaudt. Planen inkluderte no mange detaljopplysningar, som vart innhenta av løytnant Løkaas. Dette vart gjort delvis i samarbeid med leiaren for det tyske tryggingspoliti i Kirkenes, Obersturmführer Karstens. Evakuatingsplanen vart også drøfta med Dr. Rogge, Abwheroffizier major Luther og Reichskommissar See. Resultata av dette arbeidet vidareformidla Holtskog til fylkesmann og fylkesførar Tor Bekeng og ein andre fylkesmann, mogleg dette var Marcus Bull, men også desse meinte at evakuatingsplanen var uaktuell fordi ein aldri ville gi frå seg «Festung Kirkenes». Heile planlegginga vart halden hemmeleg slik at ein unngjekk å skape uro.<sup>31</sup>

Etter eit stort bombetokt mot Kirkenes 4. juli 1944, då 163 hus brann ned, vart det klart at evakuatingsplanen ikkje var bortkasta arbeid. Bombetokta mot Vardø og Vadsø kort tid seinare var med på å styrke denne tanken hos Holtskog. Frå midten av juli var han annig på å

<sup>29</sup> Tromsø Statsarkivet, Sør-Varanger politikammer, (tillegg) Eba 1., «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>30</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 39-40.

<sup>31</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

få i gong ei stille frivillig evakuering av sivilbefolkninga i Aust-Finnmark. Dette var ikkje den nye leiaren for RK Kirkenes, Landrat Neven, einig i. Han meinte at sivilbefolkninga burde vere igjen i Finnmark for ikkje å skape uro. I tillegg skulle kravet om arbeidskraft fyllast. Neven fekk støtte for dette synspunktet frå den nye leiaren av det tyske tryggingspolitiet i Kirkenes, Hauptsturmführer Mathiesen, og frå fylkesmann Bekeng. Av dei mellom 25-150 personar som dagleg forsøkte å få reisetillating frå norsk politi frå midten av juli, vart omrent alle nekta av Neven. Holtskog såg ikkje på dette som noko god løysing, og meinte at dette var med på å skade tyskvennlegheita til befolkninga. Dette var i følgje Holtskog noko av forklaringa på kvifor så mykje av sivilbefolkninga var igjen i Aust-Finnmark, når evakueringa tok til i oktober 1944. Dersom ein hadde invilga reisesøknadane, ville om lag 2 000 personar ha reist berre i Sør-Varanger, i følgje Holtskog.<sup>32</sup>

Holtskog vart merksam på at krigen i Finland tok ei ny vending, og frå 1. oktober 1944, som han skriv sjølv «[...] hadde jeg daglig en følelse av at man drev nærmere en katastrofe.»<sup>33</sup> Han konfererte dagleg med Neven om utviklinga i Finland frå same dato. I desse møta vart det hevda av Neven at han ikkje var orientert om utviklinga i Finland. Det same svaret fekk han i møte med Mathiesen. Den 4. oktober flytta Neven Dienststelle Reichskommissar frå Kirkenes. Sjølv om dette vart gjennomført svært diskret, var det tydeleg at noko stort var i kjømda.<sup>34</sup>

I dagane mellom 8.-10. oktober var tilstanden svært kaotisk i Kirkenes, i følgje Holtskog. Ingen visste noko om krigssituasjonen, alle moglege historier spreidde seg i sivilbefolkninga og dei einaste norske myndighetene som var i funksjon frå 1. oktober og vidare var politiet. Politistyrken som Holtskog hadde under seg var også relativt beskjeden, og i følgje han var det vanskeleg å oppretthalde orden. Holtskog hevdar at dette vart ikkje enklare etter at Mathiesen hadde lauslate alle norske kriminelle frå sin fangeleir. Den 11. oktober kom Lie og Lippestad til Kirkenes, noko som var svært overraskande for sivilbefolkninga. I følgje Holtskog venta dei at det ville kome amerikanske, engelske eller norsk-russiske sendemenn, men ikkje nokon frå Oslo. Same dag heldt Lie møte hos Neven, der var også fungerande

---

<sup>32</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944 Fjørtoft, *Vi fikk vår frihet : Finnmark høsten 1944*, s. 17.

<sup>33</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>34</sup> «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944 Fjørtoft, *Vi fikk vår frihet : Finnmark høsten 1944*, s. 23.

ordførar Haugen og Holtskog til stades. Ein gjekk nøyne igjennom situasjonen, og dei to leiarane vart einige på alle punkt. Ein kunne ikkje sende ut eit skriftleg kommuniké frå møtet av militære grunnar, og måtte derfor avgrense seg til kviskrepropaganda<sup>35</sup>, som vart gjort av politifolk. Grunnen til at ein ikkje kunne gå ut offentleg med informasjon til sivilbefolkninga, var at ein ikkje ville at russarane skulle få vite om kva som skjedde.<sup>36</sup> Hovudmålet med kviskrepropagandaen var å skape russefrykt.<sup>37</sup> Sivilbefolkninga vart letta då dei fekk vite at kommunikasjonsmiddel ville verte tilgjengeleg, og at ein ikkje ville gjennomføra nokon tvangsevakuering av Sør-Varanger, anten frå norsk eller tysk side. Forsyningsspørsmålet ville det også verte orden på.<sup>38</sup>

Den 10. oktober 1944 fatta ministerpresident Vidkun Quisling eit vedtak som gjorde Lie til styresmann for Finnmark, og Lippestad til avløysande styresmann for Finnmark. Dette vart utvida til også å omfatte Troms den 12. oktober. Grunnlaget for desse fullmaktene var Finlands kapitulasjon, som ville gjera det naudsint for tyskarane å utføra ein militær reising av delar av Nord-Noreg. Sivilbefolkninga måtte då få moglegheit til å kome seg unna som følger av krigstiltak og krigshendingar.<sup>39</sup>

I ein konferanse mellom Lippestad, Lie og Reichskommissaren vart det sagt av sistnemnde at evakueringa måtte gå føre seg utan at ein kunne rekne med å få tildelt ekstra råolje til fartøy, eller bensin til køyretøy. Under samtales vart det påpeika av Reichskommissaren at den sivile evakueringa for det meste måtte gjennomførast ved at befolkninga brukte sine eigne framkomstmidlar for å kome seg i tryggleik. Det vart framheva at befolkninga måtte bruka hestar, eventuelt kyr, for å trekka kjerrer.<sup>40</sup>

Den 11. oktober drog Lie og Lippestad til Kirkenes saman med løytnant Harald Sommerfeldt, oberstløytnant Karl Ludvig Stephansen og ingeniør Christian Preuthun. Det verkar til at dette verkeleg var ei hastesak, då dei reiste med fly til Kirkenes. Både Preuthun og Lippestad var

---

<sup>35</sup> Kalkulert spreieing av visse rykte for t.d. å setje i gong evakueringa.

<sup>36</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>37</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Günter Marre

<sup>38</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>39</sup> Tromsø Statsarkivet, Sør-Varanger politikammer, (tillegg) Eba 1, , «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945 Rapporten er godkjent av Lie og Lippestad. Heretter omtala som Lie/Lippestad-rapporten.

<sup>40</sup> «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

hos næringsminister Alf Larsen Whist<sup>41</sup> i Oslo den 10. oktober.<sup>42</sup> Då dei kom til Kirkenes fekk dei ei kort orientering av RK sin representant, Landrat Neven, saman med varaordførar Haugen og politipresident Gard Holtskog. Alle andre norske myndigheiter hadde evakuert. På ein konferanse på Bjørnefjell med generalløytnant Everling, sjefen for 210. divisjon i Wehrmacht, kom det fram at det visstnok berre var ein moglegheit for å få evakuert Kirkenes-området. RK hadde beslaglagt om lag 20 køyretøy, både lastebilar, personbilar og bussar, og desse skulle brukast til å transportera NS-medlemmar og sympatisørar bort frå Sør-Varanger. Køyretøya skulle eigentleg køyre heile vegen til Tromsø, men det vart også prøvd å sette desse inn i pendelkjøring til Tana. Dette vart ikkje tillate av militære omsyn, fordi dei militære myndigheiter ikkje ville ha kjøring i austleg retning.<sup>43</sup>

Den andre evakueringsmoglegheita var å sende folk til Tana, og vidare derifrå til Smalfjord. Her kunne dei hentast med kutterar, og transporterast til Hopseidet. Her måtte dei gå 1,3 km til vestsida av eidet for å verte henta av andre kuttarar igjen, for deretter vidare transport til Hammerfest. Ein ville trenge ganske mange fartøy til dette, og for å få dette i orden drog Lippestad og ingeniør Preuthun til Oslo dagen etter. Der vart også Quisling orientert. Lippestad og Preuthun skulle seinare reise austover igjen.<sup>44</sup>

I Oslo orienterte Lippestad og Preuthun om situasjonen i Aust-Finnmark. Den frivillige evakueringa som hadde gått føre seg dei siste månadane, hadde ikkje vore nokon suksess. Berre om lag 2 000 personar hadde evakuert i løpet av desse månadane, og i området frå Tana og austover var det 15 000-18 000 personar igjen, hevda dei.. Det skal likevel påpeikast at 5 000 personar hadde reist i periodens fram til 1944.<sup>45</sup> Transport med bilar og bussar var heller ikkje mogleg, då RK og Wehrmacht hadde konfiskert det som var av køyretøy der. For alle som var friske og oppegåande, var då einaste moglegheit å gå dei 17-18 mila frå Kirkenes-området til Tana. Ein såg på tvangsevakuering som praktisk talt umogleg, og det vart heller ikkje tillate av militære grunnar. Den frivillige evakueringa kunne heller ikkje gjerast kjend på vanleg måte. Generaloberst Alfred Jodl hadde gitt ordre om at ein berre kunne bruke kviskrepropaganda for å oppmøde befolkninga til å evakuera. Den frivillige

<sup>41</sup> «Norske departementer 1940 - 1945: Under tysk okkupasjon i Oslo.,», [https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier\\_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/](https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/).

<sup>42</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

<sup>43</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>44</sup> «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>45</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 39.

evakueringa stoppa opp i Tana, og det var rimeleg fullt med folk der. I tillegg hadde ein heller ikkje mat eller husly til dei som var på veg, då alt var konfiskert av dei militære. Ein vart også meir uroleg for russisk bombing fordi det var så mykje folk i Tana. Dersom russarane rykka lenger fram, ville dette forverra situasjonen fordi alle sivile køyretøy ville få køyreforbod austover. Mellom Ifjord og Tana hadde dette allereie skjedd. Befolkninga langs kysten av Nord-Varanger vart henta av tyske skip dersom det var plass. Her var det også naudsynt med skøyter for evakueringa, då det var for lite plass om bord på dei tyske skipa.<sup>46</sup>

Vidare tilrådde Lippestad og Preuthun at ein sette i gong frivillig evakuering av heile Finnmark og den nordlegaste delen av Troms fylke, inkludert Tromsø by, der dei evakuerte skulle transporterast sør for Mosjøen. Dette måtte ein få i gong med det same, «slik at ikke hele Finnmark skal bli den samme dødsfelle for sivilbefolkningen som Kirkenes-området og hele Øst-Finnmark er i dag.»<sup>47</sup> Det vart framheva at befolkninga i Aust-Finnmark berre hadde nokre dagar på seg til å berge livet. Ein måtte derfor sette i gong kviskrekampanjen om å kome seg til Tana fortast mogleg, sjølv om det var høg risiko for tap av liv på vegen og tap av liv i Tana. «Å la folkene sitte i Varanger må regnes som 100% tapt befolkning i løpet av meget kort tid.»<sup>48</sup>

For å hjelpe på transportproblema vart det framlagt nokre forslag for Quisling i Oslo. Ein skulle få kommissarisk leiing av reiarlag i Troms og Nordland. Det måtte sendast 40 NS-politifolk til Bodø, slik at det vart ein politimann på kvar skøyte som drog austover. Eventuelt så kunne ein bruke folk frå Hirden. Det var også naudsynt at skøyttene tok med seg så mykje proviant dei hadde plass til, og ullteppe, sko og klede skulle takast med austover.<sup>49</sup>

Dagen etter vart det send 42 politikonstablar nordover, og det vart seinare send 25 frontkjemparar frå 3. politikompani. For å støtte transporten mellom Smalfjord og Hopseidet, og vidare til Hammerfest, vart det sendt 12 redningsskøyter nordover. Det vart òg rekvikert 130 fiskebåtar av fiskeriavdelinga i Innanriksdepartementet som skulle stå for transporten mellom Tanafjorden og Harstad.<sup>50</sup>

---

<sup>46</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>47</sup> «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>48</sup> «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>49</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms», s. 21.

<sup>50</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms», s. 21.

Ein av desse politikonstablane var Georg Magnus Kristiansen. Han fekk ordre den 13. oktober om å kome til politikasernen på Majorstua, saman med ein konstabel Berntsen. Her vart dei internert, og fekk ikkje kontakta nokon. Desse vart sett på toget til Trondheim kl. 17 same dagen. Det var først når dei kom på toget at dei skjøna at noko ikkje var som det skulle. Det vart utlevert gevær utan at konstablane hadde fått nokon form for våpentrenings. Kristiansen og Berntsen byrja å snakke saman om situasjonen, og dei kom fram til at det måtte vere evakuering på gong. På toget fekk dei beskjed om at dei var på veg til Tromsø. Dei overnatta i Trondheim, og drog vidare med tog til Mo i Rana dagen etter. I Mo hadde dei fått høre at det skulle gjennomførast tvangsevakuering i Finnmark.<sup>51</sup>

Det er interessant at Kristansen fekk høre om tvangsevakuering kanskje så tidleg som den 14. oktober. Dette var same dagen som det første evakueringsmøtet i Billefjord, og her vart berre frivillig evakuering diskutert. Det kan hende ein rekna med at det skulle gjennomførast ei tvangsevakuering sidan det vart send så mange politifolk nordover.

Evakueringsområdet vart delt inn i tre avsnitt. Første avsnitt gjekk frå Grense Jakobselv til ei linje midt på Norkyn, og vidare sørover. Andre avsnitt var området vest for denne linja bort til Alta-området i nord og Kautokeino i sør. Tredje avsnitt gjekk frå Kautokeino-Alta-linja og vest til Lyngen. Evakueringa av første avsnitt vart hindra av at det hadde vore senka ein del fartøy rundt Varanger-halvøya. Dette gjorde at sivilbefolkninga ikkje ville bruke båt-transport på denne strekninga. I Kirkenes hadde befolkninga vore villege til å evakuera etter bombinga den 4. juli 1944, men denne evakueringa vart stoppa av tyskarane, fordi dei trond arbeidskraft. Frå tysk side vart det hevda at dersom familiene vart evakuerte, så ville arbeidarane følga etter. Dette ville også medføre uro i arbeidslivet. Militæret på si side framheva at det ikkje var gunstig med ei offentleg kjend frivillig evakuering av militære omsyn. Dette gjorde at befolkninga i Kirkenes, og andre byar som vart bomba, flytta seg til områda rundt byane.<sup>52</sup>

Den 16. oktober tillèt dei tyske myndighetene at den frivillige evakueringa vart gjort kjend offentleg. Dagen etter vart det send ut ei forordning om evakuering av enkelte delar av Nord-Noreg, samstundes som det gjekk ut eit opprop til befolkninga i Finnmark og Troms om evakueringa. Her stod det at befolkninga måtte halde seg rolege, og at myndighetene gjorde det dei kunne for å hjelpe folk å kome seg i tryggleik. Det var viktig at befolkninga var klar

---

<sup>51</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Georg Magnus Kristiansen

<sup>52</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

over at dette kom til å verte vanskeleg. Det vart også vektlagd kor farlege russarane var. Når russarane kom til Finnmark ville dette, i følgje Lie/Lippestad-rapporten, føre til blant anna mord, terror og plyndring, i tillegg til gudlausheit og moralsk forfall. Ein vart oppmoda til å tenke på barna sine, og nytte den moglegheita ein hadde til å evakuera.<sup>53</sup>

Det var politiet på Bjørnevattn som nådde flest personar med kunngjeringar, då om lag 90% av befolkninga i Kirkenes hadde dratt dit for å sleppe unna sovjetiske bombetokt. Politistasjonen på Bjørnevattn var bemanna av ein betjent og sju konstablar, og dei informerte befolkninga om korleis situasjonen utvikla seg. Særleg var det viktig å opplyse om den kommande frivillige evakueringa, og korleis den skulle gjennomførast. Det store evakueringsmaskineriet vart starta den 12. oktober kl. 14 med ein stortransport av sivilpersonar med bil.<sup>54</sup>

I eit referat frå eit møte i Tromsø den 16. oktober der Lippestad hadde vore til stades, kom det fram at evakueringa på dette tidspunktet var på eit førebuande stadium. Det kom òg tydeleg fram at alle menn i vernepliktig alder som var innskriven i militæret, skulle tvangsevakuera saman med dei tyske troppene. I praksis tydde dette at okkupasjonsmakta hadde gått inn for ei målretta tvangsevakuering mot enkelte grupper på dette tidspunktet. Alle som var ansvarlege for evakueringa fekk nye fullmakter frå norske myndigheter, og det vart sett opp eit program for alle tiltak som kunne setje evakueringa i gong utan bruk av tvang. Alle skular vart stengd, og ein kalla inn forstandaren for gamleheimen, overlegen på sjukehuset, priorinna for epidemisjukehuset og alle leger til eit møte. Lippestad gav dei ein oversikt over korleis situasjonen kom til å verte, og at legane sjølv måtte bestemme kva tiltak som var naudsynt.<sup>55</sup>

Lippestad sin evakueringsplan for Sør-Varanger, som kom den 17. oktober 1944, hadde full frivillig evakuering som mål. Dette gjaldt ikkje for statens teneste- og embetsmenn, og fast tilsette kommunale funksjonærar, som var pålagd evakueringsplikt. Sivilbefolkninga hadde to reisemoglegheiter. Den første var køyretøy på Riksveg 50 fram til Tromsø, den andre var med båt. Reisa på Riksveg 50 tok kortare tid enn å reise sjøvegen, men det var ikkje berre fordelar ved å ta denne vegen. Sovjetiske fly var ein risiko, saman med ein vinter som kunne kome veldig brått. Vegen frå Kirkenes til Tromsø, ca. 1000 km, var veldig nedsliten på enkelte strekningar, og han vart brukt mykje av det tyske militæret. Ein måtte førebu seg på store

---

<sup>53</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>54</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>55</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

forseinkingar, og overnatting i det fri. Alle norske køyretøy kunne nyttast, og Wehrmacht lova å ta med norske sivilpersonar så langt det var mogleg. Eit løfte som, i følgje Holtskog, vart innfridd.<sup>56</sup>

Den andre reiseruta var noko meir tungvind. Der måtte ein ta rutebåten «Alta» frå Kirkenes til Gornitak og vidare derifrå med biltransport til Smalfjord.<sup>57</sup> Dette var den sikraste måten å gjere det på, fordi ein unngjekk dei farlege områda andre ruter ville ha komen innom. Ved bruk av denne reiseruta unngjekk ein opphold i Tana, som allereie då lenge hadde vore overfolka av personar som hadde evakuert.<sup>58</sup>

Det som i følgje Holtskog kunne karakteriserast som nærast paniske tilstandar som hadde vore i Kirkenes og omegn i dagane 7.-10. oktober, roa seg raskt etter at desse tiltaka vart fastsett. «Folkets nerver falt til ro ved å merke en sterk og sikker norsk ledelse.», i følgje Holtskog<sup>59</sup> Det gjekk og nye rykte om at russarane ikkje ville krysse norskegrensa, og at det skulle vere ein større engelsk-amerikansk flåtestyrke, som også inkluderte skip med varer, i Nordishavet. Denne flåtestyrken skulle vere klar til å segle inn til Kirkenes så snart tyskarane hadde trekt seg ut. I følgje Holtskog så jobba dei som laga desse rykta systematisk, og det var mange som trudde på feilinformasjonen. Det vart og sagt at dei som evakuerte hadde liten sjanse for å nå Tromsø i live. Mange var usikre. Skulle dei reise eller verte igjen? I følgje Holtskog var det ikkje nokon uvilje frå befolkninga mot okkupasjonsmakta. Han merkte at sivilbefolkninga hadde komen godt overeins med tyskarane som igjen verkeleg hadde forståing for befolkningas strev. Holtskog hevdar at det heller ikkje var nokon uvilje mot politiet, og at dette varte til siste minutt.

Når så forholdsvis mange norske borgere ikke fulgte parolen om frivillig evakuering, kan jeg med mitt kjennskap til forholdene ikke heri se et utslag av sympati for bolsjevismen; snarere tror jeg at de aller fleste fryktet soldatene fra øst.<sup>60</sup>

Det var dette Holtskog trudde. I realiteten var ikkje sivilbefolkninga i Kirkenes redd for bolsjevismen og russarane. Når russarane først kom vart dei tatt imot som frigjerarar, og for

---

<sup>56</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>57</sup> Den vidare ruta er den same som på side 15.

<sup>58</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>59</sup> «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>60</sup> «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

dei som var bekymra, så forsvann denne kjensla raskt.<sup>61</sup> Dette gjorde nok også at russefrykten ein prøvde å skape gjennom propagandaen for å få folk til å evakuera, heller ikkje hadde den heilt store effekten. Radiotalen til Kong Haakon den 26. oktober var òg noko som minska russefrykta. I denne talen vart avtalen mellom den norske og sovjetiske regjering framheva. Kong Haakon sa blant anna: «Det er meg en særlig glede å kunne meddele at norske styrker vil ta del i operasjonene saman med sovjet-russiske tropper, og således etter kjempe på norsk jord»<sup>62</sup>

Dette bodskapet saman med at russarane frigjorde Kirkenes den 25. oktober, gjorde at ein stor del av sivilbefolkinga var sikker på at tyskarane snart ville verte jaga ut av Finnmark. Dette gjorde at dei fleste ikkje brydde seg så mykje med propagandaen til NS.<sup>63</sup>

Pendelkjøringa mellom Kirkenes og Gornitak, med dampskipet «Alta» vart ingen stor suksess, fordi det var svært få som ville reise med båt. Ein opprettheld denne ruta, trass det var få som var med, heilt fram til 22. oktober då siste turen gjekk med 21 eller 22 personar. Frå 11. til 22. oktober gjekk evakueringa elles slik den skulle. Folk møtte opp ved dei oppsette bilrutene og vart frakta vekk med sine viktigaste eidedalar. Størstedelen av dei som ville evakuera vart transportert vekk frå Sør-Varanger innan 18. oktober. Siste evakuatingsfrist var sett til 22. oktober kl. 13, fordi ein rekna med at russarane kunne kome når som helst etter det. Politibetjent Hageland og Holtskog vart verande igjen til 24. oktober kl. 15.15. Dei fekk sjå russaranes angrep på flyplassen og områda rundt Bjørnevatn. Det var liten tvil om at den russiske kryssinga av norskegrensa kom som ei overrasking på dei som hadde valt å ikkje evakuera. I følgje Holtskog prøvde mange å evakuera i siste liten når dei såg det var russarane som kom, og ikkje amerikanske og engelske skip. «Festung Kirkenes» fall den 25. oktober 1944, etter at tyskarane forlét byen. <sup>64</sup>

I eit telegram frå Lippestad til alle lensmenn i Vest-Finnmark, fekk dei beskjed om at alle personar i deira distrikt skulle orienterast om at Finnmark no skulle evakuera. På grunn av krigen ville det vera naudsynt for tyskarane å øydeleggje verdiar og anlegg som anten direkte, eller indirekte, kunne vera nyttige for fienden. Som ei følgje av dette måtte alt av ledig plass på båtar og skip brukast til å evakuera folk, deira ting og fiskereiskap. Dei som vart igjen ville gå vinteren i møte utan forsyningar, og ein kunne ikkje vente noko anna enn øydeleggingar og

<sup>61</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 34.

<sup>62</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms», s. 37-38.

<sup>63</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms», s. 38.

<sup>64</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

død. Lensmenna skulle registrera dei som evakuerte, og sende melding om dette til politipresident Holtskog i Tromsø. Evakueringsfartøy skulle dra til Harstad, eller Finnsnes, og melde seg til anten den tyske hafenkapitän eller til havenfogden. Desse vil sørge for tildeling av drivstoff, i tillegg til soveplassar og vidaredirigering. Dei som ikkje følgde desse direktiva, ville ikkje få nokon forsyningar. Dersom tyskarane møtte på desse til sjøs etter ein bestemt dato, som ikkje kjem fram i rapporten, ville tyskarane plukke dei opp og sende dei vidare utan at dei fekk ta med seg noko. Dei risikerte også å verte skote på.<sup>65</sup>

Hovudkvarteret til politiet var i Tana frå 13.- 25. oktober. Politiposten på lensmannsgarden på Nyborg var i drift til 25. oktober, og det same var politiposten på Hopseidet. Politiløytnant Holmung var leiar for politiposten i Rustefjelbma som var i drift fram til 27. oktober. I sin rapport frå den 27. oktober skriv Holmung til Holtskog: «Jeg takker Dem President, for at vi i Kirkenes politikompani fikk anledning til å organisere den siste hjelp som noen norsk myndighet kunde yte den norske sivilbefolkning i Øst-Finnmark.»<sup>66</sup> På dette tidspunktet var Smalfjord bomba sønder og samen av russarane, i følge Holtskog. Evakueringa av Vardø og Vadsø politidistrikt gjekk dels til lands via Vardø, Vadsø, Nyborg, Rustefjelbma, og dels sjøvegen. Då vart dei fleste transporterte med den tyske marinen, fordi det var svært utsikta å sende uvæpna skip frå Vardø-området og vestover.<sup>67</sup>

25. oktober reiste hovudstyrken av politiet frå Tana då ein var ferdig med evakueringssarbeidet her. Same dato kom Holtskog til Børselv saman med hovudstyrken, der ein og hadde fått gjennomført evakueringssarbeidet. Den 26. og 27. oktober var hovudstyrken i Lakselv for å få gjennomført evakueringstiltaka der. To konstablar vart verande igjen i Lakselv for å assistera Ortskommandanten. Hovudstyrken reiste vidare til Skaidi 27. oktober, der overkonstabel Hornseth vart sett til å vera sjef for politistyrken. Resten av politistyrken og Holtskog reiste vidare til Bossekop 28. oktober, her melde Holtskog seg for Jonas Lie. Samtidig som politistyrken var i Børselv, hadde generaloberst Rendulic sett i gong tvangsevakuering av alle sivilpersonar.<sup>68</sup>

---

<sup>65</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>66</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>67</sup> «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>68</sup> «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

## 2.2. Tvangsevakuering

Etter den finske og sovjetiske separatfreden vart inngått den 4. september 1944, sette tyskarane i gong operasjon «Birke», som var ei tilbaketrekkning til Nord-Finland. Etter at rustningsminister Albert Speer hadde konkludert med at Tyskland ikkje lenger trøng meir nikkel frå gruvene i Petsamo til panserstål, sette ein i gong operasjon «Nordlicht». Dette var ei tilbaketrekkning av tyske troppar til Lyngen. Den 18. oktober kryssa russiske troppar norskegrensa, og den 25. oktober vart Kirkenes erobra. Russarane forsette vidare inn i Noreg heilt til Neiden-Nausti, og hadde patruljar heilt framme ved Tana den 8. november.<sup>69</sup>

Dei store tilbakesлага for tyskarane på Nordfronten hadde gjort Josef Terboven svært pessimistisk i forhold til den militære situasjonen i Finnmark. Dette er noko som vart veklagd av Herbert Von Stackelberg som hovudgrunnen til at Terboven ville gjennomføra ei tvangsevakuering av Finnmark og Nord-Troms.<sup>70</sup> Dette kjem eg tilbake til i kapittel 3.2.

Holtskog skreiv ei personleg vurdering av tvangsevakueringa.

Personlig må jeg etter hva jeg har sett, hevde den oppfatning at almindelig tvangsevakuering var på sin plass, alle forhold tatt i betraktning. Man må ha klart for øye at vi som drev evakueringsverket inntil det var avsluttet, først og fremst måtte regne med begrepet «redningsmulighet» av sivilfolket. For meg står det slik at denne første og største oppgave norske myndigheter under de forliggende forhold kunde og måtte ha, var å redde liv. Jeg vil alltid hevde at de norske myndigheter som deltok i evakueringen følte ansvaret ved, og fylte denne oppgave, og at tusenvis eller titusenvis av norske liv derved ble reddet. Vil noen domstol dømme oss for vår medvirken, frykter jeg ingen dom, for jeg vet at historiens domstol ikke alene vil frikjenne oss, men respektere vår innsats. Det bekvemmeste vilde selvsagt vært ved hjelp av forlegenhetsbegrunnelse å ha trukket seg ut av det hele og la sivilfolket seile sin egen sjø. Jeg er glad over å konstatere at ingen politimann inntok det standpunkt, men at hver især var villig til eventuelt å sette sitt eget liv inn for å redde andres.<sup>71</sup>

Det er ikkje veldig overraskande at Holtskog var positiv til tvangsevakueringa. Som tidlegare nemnd hadde han på eige initiativ byrja å jobbe med planar om evakuering av Aust-Finnmark, og støtta general Eberling sitt forslag om tvangsevakuering av kvinner, barn og eldre vekk frå krigssonan. I følgje Holtskog gjorde han dette for «eventualiterers skyld», fordi han såg at mange hadde dratt frå Aust-Finnmark. Det kan sjå ut til at han ville ha ein plan klar i tilfelle

<sup>69</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 27-31. Riste, «London-Regjeringa», , Bind 2, s. 198.

<sup>70</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>71</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

ein kom i ein situasjon der veldig mange, eventuelt alle, ville evakuera. Om han berre ville hjelpe befolkninga, eller om det var russefrykt som var drivkrafta, er det vanskeleg å seie noko om. Det kan hende at han ville hindre at eksilregjeringa skulle få fotfeste i eit frigjort Finnmark dersom russarane tok landsdelen. Dette var eit argument som vart brukt av NS seinare.

På turiststasjonen i Bossekop hadde Jonas Lie oppretta fleire spesialavdelingar der alle hadde kvar si oppgåve. Frå Bossekop hadde Lie organisert evakueringa for resten av evakueringsområdet fram til Lyngen, og transport frå Lyngen til Tromsø. Frå andre avsnitt gjekk evakuatingsstrømmen inn til Bossekop der ein hadde rekvisert blant anna barneheimen, sorenskrivargarden og prestegarden for overnatting. Frå Bossekop gjekk skøyter i pendeltrafikk til Sopnes. På Sopnes hadde politikaptein Adelgren ansvaret for dei evakuerte, og dei vart send vidare med bil til Burfjord, der politimajor Jansens tok hand om dei. Frå Burfjord vart dei send med skøyter direkte til Tromsø. For dei som tok landevegen, var det oppretta ein eigen politistasjon i Nordreisa som vart leia av politiløytnant Naalum.<sup>72</sup>

I følgje Lie/Lippestad-rapporten var Hammerfest den plassen det var lettast å evakuera. Byen vart delt inn i fem soner, og det vart gitt beskjed om ei totalevakuering for kvar bydel. Det største problemet ved evakueringa av Hammerfest var transporten. Evakueringa av byen kunne gjennomførast med kontroll og registrering av alle på berre ei veke, utan at ein trong å bruke tvang. Politiet kunne heile vegen halde seg i bakgrunnen. Alle som hadde eigne båtar fekk beskjed om å reise direkte til Finnsnes, eller til Harstad. Forutan familien og eventuelle naboor, så skulle dei ta med seg alt dei kunne av fiskereiskap, men utanom dette kunne dei ta med det dei ville av eigne ting. Etter kva ein kunne kontrollera, følgde så å seie heile fiskeflåten denne oppmodinga.<sup>73</sup>

I Vest-Finnmark byrja tyskarane å brenne ned husa etter at dei fleste var reist, men delar av befolkninga hadde sett husa sine brenne, og dette gjorde ikkje evakueringa noko lettare. Den 4. november var evakueringa av Hammerfest og omegn ferdig. På denne tida hadde ein allereie fått evakuert 20 000 personar, og ut frå dei tala ein hadde tilgang til, var det 20 000 til som kunne evakuerast. Tyngdepunktet for evakueringa låg då sør for Hammerfest, bortsett frå 2 000 personar som skulle kome frå Honningsvåg-distriktet. Lie leia arbeidet i Alta-distriktet,

---

<sup>72</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>73</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

og Lippestad reiste til Alta etter at han hadde gitt avløysande evakueringssjef, disponent Morten Tiberg, den naudsynte fullmakta i Hammerfest. Tiberg vart avløysande evakueringssjef då ordførar i Hammerfest Peder Jonas Berg, som var evakueringssjef for Vest-Finnmark, drog sørover.<sup>74</sup> Lippestad drog vidare til Tromsø etter ein konferanse med Lie.<sup>75</sup>

Den 8. november reiste Holtskog frå Hammerfest saman med sine politifolk då evakueringssarbeidet var ferdig. Det var berre nokre få norske sivilpersonar som jobba for Wehrmacht som var igjen i Hammerfest. Tyskarane skulle sende desse sørover då deira interesser var avvikla i byen. Den 9. november kom Holtskog til Bossekop der han fekk ordre av Lie om å vera igjen og leie siste resten av evakueringa i andre avsnitt, i tillegg til å vente på tilkomsten av dei politifolka som arbeidde lenger aust. Dette var overkonstabel Hornseth med tre mann i Skaidi og løytnant Holmung med to mann i Indre Billefjord. Lie drog til Nordreisa den 9. november for å leie evakueringssarbeidet i tredje avsnitt. Denne gongen gjekk og evakueringssarbeidet i Bossekop utan problem. Sluttarbeidet i evakueringa av andre avsnitt frå 10.-19. november gjorde at ein fekk sendt 1 263 etternølarar til Tromsø, via Sopnes og Burfjord. 19. november drog Holtskog med hovudstyrken til Burfjord der ein også hadde fått gjennomført evakueringa. To menn vart verande igjen i Bossekop for å hjelpe eventuelle etternølarar.<sup>76</sup>

Rundt den 4. november var mangelen på båtar til evakueringa kritisk. Det tok tid å få større skip nordover, og kutterflåten hadde svikta. I slutten av oktober stoppa Ragnar Hansen transporten av evakuerte fordi han meinte at den frivillige evakueringa var ferdig. Han sende ikkje fleire fartøy før han fekk bekrefta at ein ville gjennomføre ei tvangsevakuering. Det vart ikkje send fartøy nordover før den 31. oktober<sup>77</sup>, og det kan vere denne stoppen som er beskriven som svikt i kutterflåten. Dei korte fristane som vart sett for evakueringa kunne forlengast, og dette gjorde det mogleg å redde større mengder av materielle verdiar. Det beste var å leie dette administrasjonsarbeidet frå Tromsø. I tillegg var ein ikkje komen særleg langt i evakueringa av dei fire nordlegaste kommunane i Troms. Det hadde vore rikeleg med tid til

---

<sup>74</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

<sup>75</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>76</sup> Statsarkivet, «Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.», 1944

<sup>77</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Rapporten er utarbeidd av Ragnar A. Hansen

å evakuera desse kommunane etter dei retningslinjene som var komne, men i følgje Holtskog hadde dei lokale tyske myndighetene utført militærordren om tvangsevakuering på ein slik måte at dette fekk store konsekvensar. Dei kutta telefonforbindelsen til alle norske myndigheter, inkludert evakueringssjefen for desse kommunane, ordførar Paulsen. Tyskarane beslagla alt av hestar, bilar og alle andre transportmiddel, og militærevakueringa medførde store tap. Fleire hundre personar flykta, og store verdiar, særleg fiskereiskap, gjekk tapt. Det vart forsøkt å attreise skaden som vart gjort, men dette fekk ein berre til i mindre grad. Det vart også organisert ekspedisjonar til kystdistrikta med kjentfolk om bord, for å hente fiskereiskap og varelager.<sup>78</sup>

Då fristen for evakueringa kom den 20. november, hadde straumen av evakuerte til Tromsø omrent stoppa opp. Det var berre nokre få hundre evakuerte att i Tromsø. Den alminnelege administrasjonen saman med evakueringsskommisjonen, ville kunne fortsette arbeidet utan større vanskar.<sup>79</sup>

### **2.3. Tromsø: Tvangsevakueringas router.**

Tromsø var svært sentral når ein kjem til tvangsevakueringa, og det var fleire grunnar til dette. Hammerfest hadde vore ein viktig stoppestad under den frivillige evakueringa og i byrjinga av tvangsevakueringa, og det var her evakueringssjefen for Vest-Finnmark sat, Peder J. Berg. Hammerfest kunne like gjerne ha vore det same knutepunktet i tvangsevakueringa som Tromsø vart, men dette måtte ein sjå bort i frå når Hitler kom med sitt «Fürherbefehl». Då «Fürherbefehlet» kom så skulle alt aust for Lyngen-linja jamnast med jorda, og alle evakuerast, noko som gjorde Hammerfest uaktuell som evakueringknytepunkt då det låg innanfor denne sona. Tromsø derimot låg utanfor evakuatingsområdet, og hadde allereie eit fungerande evakuatingsapparat. Starten og oppbygginga av evakueringkontoret kjem eg tilbake til i kapittel 3.1. Som tidlegare nemnd vart det vurdert om også Tromsø skulle evakuerast, men det verkar ikkje som det var veldig aktuelt å gjennomføre dette. Tromsø var også innanfor rekkevidda til småfartøy som skøyter og kutterar, som var viktig i transporten av evakuerte frå Finnmark. Dette kjem eg tilbake til seinare i dette kapittelet.

For evakueringkontoret i Tromsø var det nokre rolege månadar frå mai til byrjinga av september, då dei første evakuerte byrja å kome. Det var hovudsakeleg personar frå Vardø og

---

<sup>78</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>79</sup> «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

Vadsø som kom først. Desse byane hadde hatt mange bombetokt frå russarane, og då det ikkje lenger var nok plass i dei omliggande distrikta, måtte ein stor del av befolkninga reise sørover. I Tromsø var det vanskeleg å skaffe innkvartering, fordi tyskarane hadde beslaglagd mange leilegheiter. Dei evakuerte klarde ikkje å finne seg ein stad å bu fram til dei skulle reise vidare, og gjekk til politiet for å få hjelp. Dette gjorde at politikommandør Blom ringde Ragnar Hansen, og nærmast beordra evakueringssjefen til ta seg av dei evakuerte. Dette fann Hansen ut at han ikkje skulle blande seg borti før NS hadde gjort det dei kunne, fordi ein då kunne sjalte ut NS folk seinare. Hansen svara Blom med at dette ikkje hadde noko med han å gjere då hans ansvarsområde var å evakuera folk frå Tromsø, ikkje å ta i mot folk frå Finnmark. Han viste Blom til Nasjonal Samlings Helseorganisasjon (NSH), og sa at no var det moglegheit for NSH å vise kva dei dugde til. Seinare kunne ein høyre at NSH hadde tatt på seg oppgåva, og det kom notisar i avis om organisasjonens verksemd. NSH rekvirerte Bangsund sine lokaler, og oppmoda folk gjennom pressa til å melde seg for å innkvartera evakuerte. NSH hadde ikkje reingjort lokala til Bangsund, noko som medførde at folk ikkje ville overnatte der. Alle kritiserte desse forholda, men det var ingen som ville ta seg av dei som kom. Dette var, i følgje Hansen, fordi det var NS som organiserte mottakinga av dei evakuerte i Tromsø.<sup>80</sup>

Rundt 10. september var Hansen kalla inn til møte hos fylkesmann Marcus Bull i Tromsø. På møtet var det komen ein del personar, og fylkesmannen gjorde greie for situasjonen for Aust-Finnmark etter dei siste krigshandlingane. Han vidareformidla rapportar frå Finnmark som melde om ein stadig aukande straum av folk som var på veg sørover, og han bad dei som var til stades om å hjelpe NSH med arbeidet. Hansen spurde om NSH kunne gjøre greie for dei tiltaka som ein hadde gjort, og formannen for NSH sa at fleire lokalar var sett i stand for å ta i mot folk nordfrå. Ein hadde ordna med transport sørover, og i Trondheim hadde myndighetene ordna med innkvartering for om lag 10 000 personar. Deltakarane på møtet fekk inntrykk av at NSH gjorde ein framifrå jobb, og dei hadde fått 15 000 kr frå det offentlege til å dekke utgiftene. Hansen påpeika at NSH gjorde ein god jobb, og at det ikkje var naudsynleg med hjelp utanfrå. Deretter forlét han møtet.<sup>81</sup>

I følgje Ragnar Hansen sjølv så var han overtydd om at NSH snart mått gi opp dette arbeidet, og at det formannen hadde sagt berre var tull som ikkje stemde med verkelegheita. Han delte

<sup>80</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>81</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

sine erfaringar frå møtet med ekspeditøren og sekretæren på evakueringskontoret, og dei vart einige om å overta arbeidet så snart NSH ikkje klarte det lenger. Dei rekna med at dette ville finne stad i løpet av ei vekes tid. Om lag 17. september vart Raude Kross kalla inn til møte hos fylkesmann Bull, der det vart etablert eit samarbeid mellom NSH og Raude Kross. Folk frå Finnmark vart tatt betre imot av befolkninga i byen no, men i følgje Hansen vart dei evakuerte likevel därleg ivaretatt på mange måtar, til tross for alt arbeidet damene frå Raude Kross gjorde. Onsdag 27. september trefte Hansen formannen for Raude Kross, som spurde om Hansen ville hjelpe til med arbeidet for dei evakuerte. Han svara at han kunne ta på seg arbeidet sidan førespurnaden kom frå Raude Kross, men føresetnaden var at NSH skulle sjaltast ut. Seinare på dagen møttes dei to hos fylkesmannen der ein vedtok at evakueringskontoret og Raude Kross skulle overta alt arbeidet, og at NSH ikkje skulle vere ein del av dette. Dermed hadde Hansen fått sjalta ut NS-folka.<sup>82</sup>

Etter at ein hadde samarbeidd eit par dagar, viste det seg at det var upraktisk å dele arbeidet. Då overførte Hansen alle funksjonar over til evakueringskontoret, slik at Raude Kross heller ikkje var direkte involvert i evakueringsarbeidet. Frå rundt 1. oktober hadde evakueringssjefen heile ansvaret. For raskast mogleg å ta seg av dei evakuerte, vart fleire lokaler rekvirerte til innkvartering. NS-klubben i Storgata 84 var det første lokalet som vart rekvirert. Forretningsføraren ved klubben forstod situasjonen og gav evakueringskontoret lokala med ein gong, men han fekk ein del pes frå sine partifeller for at dei hadde mista klubben sin. Etter at evakueringskontoret hadde overtatt arbeidet, viste det seg at verken NSH eller Raude Kross hadde gjennomført registrering av dei evakuerte som kom. Etter at ein hadde skaffa ein del informasjon, viste det seg at 500 personar hadde vore innom byen fram til 1. oktober.<sup>83</sup>

Den 4. oktober skreiv fylkesmann Bull eit brev til RK-Tromsø der han foreslo ei tvangsevakuering av befolkninga i Tromsø til Midt- og Sør-Noreg. Bull argumenterte for dette med at dei sosiale forholda vart stadig därlegare. Hansen fekk høve til å kommentera forslaget, og åtvara sterkt mot forslaget i eit brev til ordføraren: «Mitt syn på saken er at en tvangsevakuering kun må gjennomføres hvis en krigsfare synbart er nær forestående. Fylkesmannens forslag bør derfor av alle krefter søkes hindret gjennomført.»<sup>84</sup> Fylkesmann

<sup>82</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>83</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>84</sup> Gunnar Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og finfolk : 1900-1945* (Tromsø: Tromsø kommune, 1995), s. 545.

Bull tok ikkje opp denne saka på nytt, men om det var Hansen sitt brev som stoppa dette kjem ikkje fram.<sup>85</sup>

Etter fleire konferansar Hansen hadde med rådmannen, vart det vedtatt av ordføraren at Tromsø kommune ved evakueringssjefen skulle stå for mottakinga, mat og innkvartering av evakuerte i Tromsø. Dette vart vidareformidla til fylkesmannen. Ein gjekk no i gong med fleire tiltak for å legge best mogleg til rette for dei evakuerte. Fleire av byens kaffistover og restauranter vart pålagd å lage mat, og kvar dag fekk desse melding om kor mykje mat dei skulle lage dagen etter. Arbeidspresset auka stadig. Ein såg raskt at transportane nordfrå var overbelasta og folk svært plaga av lus, noko som medførde at avlusingsanstalten på lasarettet var i arbeid frå tidleg morgen, til langt utpå kvelden. Lus var noko ein måtte rekne med, med dei vanskelege forhold dei evakuerte reiste i.<sup>86</sup>

No kom òg dei første rykta om evakuering av heile Finnmark. Russarane auka trykket ved Kirkenes, og tyskarane trekte seg tilbake. Ein stor del av befolkninga hadde rømd til Bjørnevatn, der dei hadde slått seg ned i gruvene. Bilkoloniar var på veg til Tromsø, og det gjekk ikkje lang tid før arbeidet gjekk heile døgnet på evakueringsskontoret. Ein måtte raskt skaffe fleire innkvarteringsmoglegheiter, og dette kunne berre gjennomførast ved å rekvirera offentlege lokale. Privatpersonar i byen var allereie stua trøngt nok saman på grunn av innkvarteringa av tyske soldatar. Då dei første bilkolonnane hadde levert sine passasjerar, måtte ein rekvirera kaffistover og restaurantar for innkvartering fordi lokalane ein hadde allereie var fulle.<sup>87</sup>

I Lie/Lippestad-rapporten kan ein lese at Ragnar Hansen drog til Skaidi den 13. oktober saman med fylkesmann Tor Bekeng, ordførar i Tana, Anders Olsen og propagandaleiar Erichsrud. Hansen hadde visstnok rekvirert bilen til Næringsdepartementets representant for trafikkspørsmål, Wiborg Thune.<sup>88</sup> Kva Ragnar Hansen gjorde i Skaidi står det ingenting om, men det som er interessant her er at denne reisa ikkje vert nemnd i Hansen sin eigen rapport. Kvifor skriv han ikkje om denne turen? Kva var det som hende der, eventuelt kva var det som ikkje hende som gjorde at han ville utelate dette? Ei mogleg forklaring er at Hansen var der i lag med NS-folk, og at dette ikkje tok seg ut i ein rapport som er skriven av ein som hevdar at

---

<sup>85</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 545-546.

<sup>86</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringsschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>87</sup> «Rapport om Evakueringsschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>88</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

han hata NS og nazistar. No er det vanskeleg å seie noko om vegforbindelsen i 1944, men i dag ligg Skaidi om lag 45 minuttars køyretur frå Indre Billefjord. Dersom denne vegen eksisterte då, tydar dette at det var fullt mogleg for Hansen å delta på møtet i Billefjord den 14. oktober. Både Fylkesmann Bekeng og fylkespropagandaleiaren i Finnmark, som mest sannsynleg var propagandaleiar Erichsrød, var på dette møtet.<sup>89</sup> Dette var det første evakueringsmøtet mellom norske og tyske myndigheter, der det var klarlagd at ein ville gjennomføra ei frivillig evakuering av Finnmark. Eg kjem tilbake til dette møtet i kapittel 3.2. Eg har dessverre ingen kjelder som seier at han deltok på dette møtet, men kjeldene som tar opp dette møtet er sparsommelege når det kjem til namn på møtedeltakarar.

Den 16. oktober hadde tyskarane slept «Tirpitz» frå Alta til Tromsø, og den låg i opplag mellom Håkøy og Grindøy. Ein visste at dette ville medføre eit besøk av det engelske flyvåpenet innan rimeleg kort tid. Hansen føreslo for dei kommunale myndigheter at ein evakuerte alle sjuke og gamle som ikkje var mobile sørover. Det same med lasarettet. Ein vedtok dette, og rådmannen tok på seg ansvaret for denne evakueringa, i samarbeid med diakonen, menighetssøstrene og slumsøstrene. Lasarettet vart flytta til Gibostad, og evakueringskontoret overtok lasarettet i Tromsø, og brukte det som stasjon for gamle og mødre med små barn som hadde reist frå Finnmark. Det var no opptil 200 evakuerte i byen, og kontoret tykte at situasjonen var veldig vanskeleg. Ingen visste at dette berre var byrjinga.<sup>90</sup>

Medan det endå gjekk ganske mange ordinære bussruter og hurtigruteskip, fekk ein etter kvart sent folk sørover slik at det ikkje hopa seg opp i Tromsø. Ein såg likevel at ein snart måtte få på plass eigne evakueringsbåtar, då det var vanskeleg å kombinera ei større evakuering med vanleg skipstrafikk. Arbeidet med å få dette på plass vart gjort av dampskipkonsulentanes representant ved evakueringskontoret, Conrad Rye-Holmboe.<sup>91</sup>

14. oktober vart Hansen kalla inn til møte hos fylkesmannen, der òg Lippestad og ingeniør Preuthun var til stades. Møtet vart leia av Lippestad, og det kom klart fram kva som hende i Finnmark. Lippestad innleia møtet med å seie at tyskarane forlangte at Finnmark skulle evakuerast, men at evakueringa skulle vera frivillig. Alle måtte hjelpe til, uansett politisk innstilling, med mottakinga av dei tusener med menneske som måtte passera Tromsø. Hansen

<sup>89</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 23.

<sup>90</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 547.

<sup>91</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

hevda at dette særleg vart retta mot han fordi han ikkje ville samarbeide med NSH, og i følgje Hansen sjølv, så hadde statspolitiet plaga han på grunn av denne innstillinga.<sup>92</sup>

Den 14. oktober hadde det også vore eit møte mellom norske og tyske myndigheter der det mellom anna vart informert om at det no hadde vorte naudsynt med ei frivillig evakuering av Finnmark. Det ser ut til at Lippestad såg på det som svært viktig å få informert Hansen om den nye situasjonen, då det vart halden eit møte i Tromsø allereie same dagen, og for å førebu Hansen på den store straumen av folk som ville kome. Eg kjem tilbake til møtet i Billefjord i kapittel 3.2.

Etter ein del prating frå Lippestad, gav han ordet til Preuthun som skulle gjere greie for dei retningslinjer ein skulle arbeide etter. Preuthun byrja å lese høgt frå ein stor dokumenthaug, og det var fort klart at han skulle vere i Tromsø og dirigera arbeidet. I følgje Hansen sjølv så avbraut han Preuthun, og sa til Lippestad at dette trong han ikkje å høyre noko meir om. Evakueringskontoret hadde allereie eit fungerande apparat som kunne utvidast når Finnmark skulle evakuerast. Hansen kravde òg ansvaret for transporten til Tromsø frå Alta, Burfjord og Hammerfest, og mat og innkvartering i Tromsø. Hans ansvar for dei evakuerte slutta når dei var avlevert i Trondheim, Mosjøen, eller stader som låg i mellom. Lippestad svara: «Gud bevare meg mann, er De klar over hvad De sier, og hvilket forferdelig ansvaret De påtar Dem?» Ja, var svaret frå Hansen, etterfølgd av at han ikkje godtok nokon form for innblanding. Dette vart godtatt av Lippestad.<sup>93</sup>

Vidare på møtet vart det bestemd at fiskeriinspektør Fritz Posti skulle stå for rekvisisjon av kuttarar, og større skip vart rekvirert av fylkesmann Bull. Alle desse skulle disponerast av Hansen. Direktør Sundt hadde ansvaret for lokalskipa. Dampskepspeditør Conrad Rye-Holmboe hadde ansvaret for større båtar og kuttarar, og han var representant for dampskipskonsulenten. Organisering av mindre kuttarar fekk meklar Bertram Dybwad-Holmboe ansvaret for.<sup>94</sup>

Lippestad hadde oppnemnd ein NS-mann, Harald Figenschow, som økonomisjef. Hansen ville avgrensa sambandet med NS-folk, og sette i gong følgjande tiltak: Når fiskeriinspektør Posti hadde rekvirert eit fartøy, så skulle dette berre disponerast av Hansen, og dermed var

---

<sup>92</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>93</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>94</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 547.

Posti sjalta ut. Økonomisjefen skulle utferde sjekkar til kassakontora som etter kvart vart oppretta. Kvart kontor skulle føra eit rekneskap, og sende ei revidert utgåve til økonomisjefen. På den måten vart også han sjalta ut.<sup>95</sup>

Arbeidet med å skaffe nok fartøy tok seg opp saman med at straumen av evakuerte frå Aust-Finnmark auka. Folk kom med skøyter og båtar heile døgnet, og alle som arbeidde med mottakinga av dei evakuerte, måtte vere på kontora sine natt etter natt. Ein måtte registrera alle, skaffe kort for krigsskadelidte og skaffe klede, hus og mat. Arbeidsmengda var så stor at det måtte sendast mat til kontora. Hansen og sekretær Lien sov vanlegvis på kontoret, slik at dei kunne passe på telefonen. Apparatet vart bygt opp etter kvart som behovet kom, og det vart stadig overbelasta. Kvar gong nokon vart overarbeidd, måtte vedkommande sjølv skaffe seg hjelp. Einaste kravet som vart sett, var at personen ikkje skulle vere medlem av NS.

Denne praksisen vart ikkje tatt så veldig godt i mot hos fylkesføraren, som sende Hansen ein skriftleg ordre om at to av fylkesførarens menn skulle arbeide for Hansen i stillingane som ekspeditør og kontrollør. Då fylkesmann Bull kom med denne ordenen til Hansen, trua han med å forlate stillinga som evakueringssjef saman med alle sine medarbeidarar. Dermed unngjekk han å få NS-folk inn i organisasjonen. Lippestad drog til Hammerfest etter dette møtet.<sup>96</sup>

Det viktigaste arbeidet var å skaffe transportmiddel. Evakueringskontoret klarte å skaffe seg ein flåte på 17 lokalskip frå Nordland, Troms og Trondheimsområdet. I tillegg hadde ein skaffa om lag 256 kutterar av vanleg storleik, og om lag 12 store fraktekutterar, saman med tre til fire lastebåtar. Etter ein konferanse med Rye-Holmboe og direktør Sundt i slutten av oktober, stoppa Hansen transporten. Dei meinte at den frivillige evakueringa av Finnmark var gjennomført, no som 3 000 personar hadde passert Tromsø. Den 28. oktober vart Hansen ringd opp av Lippestad, som var rasande over at han ikkje fekk båtar til Hammerfest, og han skulle kome ned og verkeleg la dei få høre det, og meir til. Dette var noko Hansen ikkje tok så veldig høgtideleg. Den 31. oktober gjekk Hansen til fylkesmannen og fortalte at kontoret såg på den frivillige evakueringa som fullført, og at det ikkje var aktuelt å sende fleire fartøy nordover før det var heilt klart at Finnmark skulle tvangsevakuerast. På denne tida vart evakueringa brukt i tysk propaganda som flukt frå russarane. I protokollen for møtet stod det at fylkesmannen ikkje hadde høyrd om at nokon norsk myndighet hadde vorte informert om tvangsevakuering av Honningsvåg og Hammerfest, før ein same dagen kl. 13.10 hadde fått

<sup>95</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>96</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

telegram frå ordførar Berg i Hammerfest. Her kom det fram at Hammerfest skulle tvangsevakuera. Fylkesmannen og Hansen skulle få bekrefta om dette stemde i ein konferanse med Gebietskommissaren same dag. Hansen hadde allereie avtala med transportsjefen for Nordland at han skulle halde kuttarar og lokalbåtar klare, så desse kunne sendast nordover dersom Hansen bad om det.<sup>97</sup>

Kl. 16 den 31. oktober var Hansen i RK, for å få vite kva det var som eigentleg føregjekk i Finnmark. Han informerte sjefen for RK, statsadvokat Hannes Wehl, at han såg på den frivillige evakueringa som fullført, og at det ikkje var aktuelt å sende ein einaste båt nordover før han hadde full oversikt over situasjonen. Då dette vart sett på som ein rimeleg førespurnad, viste Whel han ordren om tvangsevakuering av Finnmark. Ordren var underteikna av Josef Terboven og Lothar Rendulic på Rundhaugen i Målselv, og Whel sat med originalen. Whel hadde vore til stades ved møtet mellom Terboven og Rendulic, og at ein her hadde avgjort at alt som låg aust for Lyngen skulle brennast.<sup>98</sup>

Det var no klart at ein måtte få tak i flest mogleg fartøy og sende dei nordover. Hansen sende med ein gong beskjed til Nordland om at flåten der måtte gå nordover. No som ein visste kva situasjon ein hadde komen i, var det klart at ein raskt måtte bygge opp ein svær organisasjon, for å kunne ta i mot dei mange tusen som skulle passera Tromsø i november. For å ha alle moglegheiter, forlangde Hansen uavgrensa fullmakter av Lippestad, slik at han kunne setje i gong alle naudsynte tiltak. Dette gjorde han før Lippestad drog til Hammerfest. Lippestad var litt motvillig, for han meinte det var for vidtgående, men sidan kravet var absolutt fekk Hansen fullmakta si.

Herr evakueringssjef Hansen, Tromsø.

Som stedfortredende styresmann for Troms og Finnmark fylker gir jeg Dem herved fullmakt til å treffen alle nødvendige disposisjoner innenfor Deres hittilværende arbeid som evakueringssjef, utvidet til å omfatte alle spørsmål om transport, innkvartering og videreforsendelse av evakuerte frå Finnmark og Nord-Troms fylker. De utfører Deres arbeid i nært samråd med fylkesmann Bull.

Tromsø 20. oktober 1944. J.A. Lippestad<sup>99</sup>

<sup>97</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>98</sup> «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945.s. 548*

<sup>99</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

Heile flåten av rekvirerte fartøy var no på veg nordover. Evakueringskontoret hadde oppretta ein stasjon i Bossekop for mottakinga av alle som kom austfrå via landevegen. Ein sette òg inn fleire bussar som dreiv pendelkøyring mellom Bossekop og Burfjord. I Burfjord venta eit par lokalbåtar og fleire store kutterar, som skulle gå til Tromsø når dei var fullasta. Både stasjonen i Bossekop og alle fartøya hadde mykje proviant, slik at dei evakuerte fekk mat. Saman med dei om lag 250 kutterane som var på veg nordover, hadde ein òg alle småbåtar og kutterar som høyrde til i Finnmark. Desse ville også vere fulle av folk og gods. Det største problemet ein hadde, var transporten sørover. Evakueringsfartøya kunne ikkje sendast sørover til Trondheim og Mosjøen, for dei var for små til å dra så langt. For denne transporten trong ein lokalbåtar og hurtigruta, men Hansen disponerte berre to skip, «Konge Sverre» og «Midnattsol». Alle andre var rekvirert av Wehrmacht. Dei få skipa tyskarane «velvillig» let Hansen disponera, låg til reparasjon i Bergen og Trondheim til lenge etter evakueringa var gjennomført. Ein måtte på ein eller anna måte få frigitt nok fartøy, så ein fekk transportert folk vekk frå Tromsø fortast mogleg. Det viktigaste var likevel å få nok fartøy nordover, då ein såg at tyskarane sette fyr på husa til folk når evakueringstiden gjekk ut. Dette medførde at Hansen måtte førebu alt for ei større opphoping av folk i Tromsø.<sup>100</sup>

3. november fekk Hansen ein haug med telegram som melde om kutterar og skip frå Burfjord, Hammerfest og Bossekop på veg til Tromsø, eller som var klare til å dra. Hansen rekna ut at det innan tysdag 7. november ville ha kommet om lag 10 000 personar til Tromsø. Alle med mykje bagasje. Her møtte ein eit kjempeproblem då ein ikkje hadde nokon skip å sende sørover, og dei som kom frå Finnmark måtte tömmast og sendast nordover igjen. Hansen hadde tre dagar på seg til å ordne mat og innkvartering til 10 000 personar. Han kalla inn til møte med stadslegen, bygningssjefen, rådmannen, Gard Holtskog, byingeniøren og sjefane for Tromsø forsyningsnemnd og fylkesforsyningsnemnda og gjorde greie for problema som måtte løysast: Innkvartering av om lag 10 000 personar, mat, registrering, utdeling av kort for krigsskadelidte, lagring av bagasje og det reint humanitære arbeidet. Etter at ein hadde diskutert saken, fekk alle kvar sine oppgåver som i følgje Hansen, vart løyst på ein særdeles god måte. Hansen hevdar at ein allereie laurdags kveld 4. november hadde klart å byggje opp organisasjonen, og dei forskjellige avdelingar jobba for fullt då dei første kutterane kom til hamna.<sup>101</sup>

---

<sup>100</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>101</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 549.

Då ein var ferdig med førebuinga av den tidlegare omtala evakueringa av sjuke og gamle i Tromsø, så skulle desse transporterast med «Sigurd Jarl» søndag den 5. november. Den 4. november fekk Hansen beskjed frå RK med krav om at «Sigurd Jarl» skulle gå nordover for å hente evakuerte i Porsanger. Det vart halde eit møte på kontoret til Hansen, men dette førde ikkje til mykje. Representanten frå RK held fast på kravet sitt, medan Hansen truga med å fratre stillinga si, saman med sine medarbeidrarar. Alt var klargjord for sjuketransporten, og om lag 200 sjuke og gamle stod klare til å gå om bord søndag morgen 5. november. Etter fleire møter med tyskarane fekk Hansen driven igjennom kravet sitt, og «Sigurd Jarl» gjekk etter planen. Seinare vart det aldri nokon innblanding av tyskarane i vedtak som vart gjort av Hansen.<sup>102</sup>

Politikaptein Torbjørn Berg som vart sett i arbeid hos Hansen av Holtskog, var NS-mann. Hansen fann ut at det ikkje var noko poeng å lage bråk om dette, då det kunne skade arbeidet. Hansen ville prøve å få sjalta ut Berg ved ein seinare anledning. For å få alt på plass som han ville, kalla Hansen inn dei tre mennene han hadde fått av politiet til eit møte søndags kveld 5. november. Desse tre hadde etablert evakueringskontorets politiavdeling, som hadde kontor saman med transportavdelinga i Storgata 74. Overkonstabel Bertheussen og politikaptein Berg møtte i uniform, medan Stavseth kom i sivil. På møtet drøfta ein kva oppgåver som skulle falle innunder dei to avdelingane. Folk frå politiavdelinga skulle gå om bord i alle kuttarar og skip, registrera alle evakuerte, og tildela dei matkort og innkvarteringskort. Deretter skulle folk ta med seg handbagasjen sin, medan transportavdelingas folk skulle ta hand om og lagre all anna bagasje. Dette vart gjort så dei evakuerte lett kunne få tak i tinga sine medan dei var i Tromsø, og for at dei skulle få alt med seg igjen når dei skulle reise sørover. Berg bad om å få utarbeida ein instruks for sin avdeling. Til dette svara Hansen at dei hadde diskutert arbeidet grundig på møtet, men korleis dette skulle utførast fekk Berg ansvaret for åleine. Uansett så skulle alt som vart utført rapporterast til anten sekretær Lien, eller Hansen. På slutten av møtet bad Hansen om Bertheussen og Berg kunne arbeide utan uniform frå mandag morgen. Dette fordi han meinte at dei evakuerte hadde sett nok uniformer, og for at dei skulle føle seg velkomne i byen. Dette vart tatt godt i mot av begge politimenn, og sjølv om det kom innvendingar mot dette, var begge å sjå i sivil fram til april 1945.<sup>103</sup>

---

<sup>102</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>103</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

Lien hadde også halde eit møte med transportavdelingas folk, der Oscar Husjord og Alfred M. Eilertsen var sjefar. Lien hadde fått ideen om at maskinistskulen og sjømannsskulens elevar kunne vera til god hjelp med transport og lagring av bagasjen til dei evakuerte. Eilertsen var bestyrer av sjømannsskulen, og Husjord var lærar der. Etter at Lien hadde gjort greie for kva ein hadde i vente, var det ikkje tvil hos dei to herrane at dei måtte hjelpe til. Dei fekk òg alle elevane sine til å vere med, og transportavdelinga fungerte over all forventning.

Transportavdelinga mottok, lagra og vidaresende om lag 500 000 kolli i løpet av november, utan at nokon mista noko i Tromsø. Dette var ei eineståande bragd, særleg når ein tek i betrakting at det meste av godset var därleg merka, eller ikkje merka i det heile.<sup>104</sup>

Politiavdelinga bestod av luftvernets reservepoliti, i tillegg til ein del innkalla personar. Sjølv om det var mykje arbeid, klarde avdelinga å løyse oppgåvene sin på ein veldig god måte. Ein jobba heile døgnet for å halde orden på dei som kom. Innkvartering var eit problem, men sidan befolkninga i Tromsø var svært hjelpsame og hadde stor forståing for situasjonen til dei evakuerte, klarte ein å huse opptil 7 000 personar per dag. Det var få som fekk seg ei seng, men alle fekk tak over hovudet og varme. Det var til saman 100 mann i arbeid i desse avdelingane. I følgje Hansen var det desse to avdelingane som hindra kaos i Tromsø, der ein kanskje kunne risikert fleire hundre omkomne i byen. Dei jobba i bekmørke, utan ein gong å kunne hjelpe seg med ei lommelykt. At det ikkje vart registrert nokon ulykke, er underleg.

Skip og skøyter kom inn i hamna heile tida, og ofte måtte personell frå avdelingane gå over 12-14 båtar for å kome ut til den som kom sist. Så måtte dei ta med seg 40-50 evakuerte i alle aldrar, i tillegg til sjuke og svake, tilbake same vegen, saman med bagasjen. Sjølv om dampskipa var ledig, vart det ikkje gitt tillating av tyskarane til at ein einaste kuttar kunne legge inntil. Ein fekk berre bruke indre hamn. At alt gjekk bra og at avdelingane faktisk klarde denne bragda var, i følgje Hansen, først og fremst på grunn av innsatsen til Berg.<sup>105</sup>

Det neste problemet ein måtte løyse, var å skaffe mat til dei evakuerte medan dei var i Tromsø. Det var forretningsføraren i forsyningssnemnda som fekk ansvaret for dette. Det vart laga mat i heile byen. Overlege ved Troms og Tromsø sjukehus Atle Berg skulle servera mat til 500 personar i ei brakke på sjukehuset, men det vart om lag 1 000 per dag. Det vart laga mat på alle plassar ein hadde kjøkken. Det var matsjefen, lærar Lunde med assistent, lektor Riksheim og deira medarbeidarar som for det meste var lærarinne frå høgskulen og

---

<sup>104</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 550.

<sup>105</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

folkeskulane, som sørga for at folk ikkje svalt i denne perioden. Dersom dei hadde moglegheit til det, laga dei evakuerte sjølv mat der dei var innkvartert.<sup>106</sup>

Parolen frå London om at ingen skulle hjelpe til ved evakueringa, skapte problem for Hansen og medarbeidarane hans. Hansen bad om hjelp frå mange personar, men den kom ikkje.<sup>107</sup> Denne parolen vart laga av Heimefronten som argumenterte med at dersom ein forsinka tyskaranes tilbaketrekkning ville det ta lengre tid å få overført styrker frå Noreg til hovudfronten i Europa. Det ville også hindre tyskarane i å evakuera og brenne andre delar av landet. Heimefronten fekk Londonregjeringa til å støtte dette, og forsvarssjef Kronprins Olav held ein radiotale der han oppmoda befolkninga om å ikkje la seg evakuera, og å gjøyme seg vekk. Ein vart også oppmoda til å angripe tyske patruljar som var igjen for å sette fyr på busetnaden. Denne parolen vart heldigvis endra når Heimefronten og regjeringa i London fekk vite korleis forholda faktisk var.<sup>108</sup>

Det var heller ikkje lett å få tak i sjukepleiarar og legar. Allereie i midten av oktober hadde Hansen sendte telegram til myndighetene i Oslo, der han bad om å få send opp 50 sjukepleiarar raskast mogleg. Alle som kom frå Finnmark måtte avlusast i Tromsø, og ein trong eit par sjukepleiarar til å vere med dei store transportane sørover. Det var vanskeleg å få folk opp, då det var «unasjonalt» for sjukepleiarar å reise nordover. Dette gjekk så langt at sjukepleiarar i Oslo gjekk i dekning, slik at Ullevål sjukhus var utan sjukepleiarar ein heil dag. Det kom til slutt fem sjukepleiarar frå Raude Kross. Før ein hadde fått på plass ein skikkeleg legeteneste i Tromsø, var allereie 15 000 personar send sørover. Overlege Atle Berg var den einaste legen i Tromsø som såg elendigheita, og arbeidet han gjorde på denne tida hadde svært mykje å seie. Blant anna var det han som fekk ordna med plassering av dei 200 sjuke og gamle, og sørga for at den transporten gjekk bra. Hansen hadde fleire gonger oppmoda fylkeslege Haagensrud som budde i Målselv om å kome til Tromsø, og organisera den medisinske avdelinga. Det tok ein heil månad før denne avdelinga var i drift, og den 14. november hadde fylkeslegen fått oppretta sitt medisinalkontor. Fylkeslegens arbeid var forholdsvis lett då ein hadde oppretta legevakt ved lasarettet, der dr. Kjeang var sjef. Då

<sup>106</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>107</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 553.

<sup>108</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 71-72.

Kjeang oppretta legevakta på oppmoding av Hansen, gjekk han i frå sin store private praksis, og arbeida heile døgnet med den nye oppgåva, utan kompensasjon for normale inntekter.<sup>109</sup>

Allereie 10. oktober oppretta Hansen ei opplysningsavdeling, der handelskandidat Finn Wiggen var sjef. Her vart det laga eit kartotek der kvar familie fekk sitt eige kort, slik at ein heile tida visste kva distrikt dei forskjellige reiste til. Kartoteket vart til slutt på om lag 25 000 kort, og dette var til stor hjelp for dei evakuerte som hadde mista kontakten med sine nærmeste. Wiggen hadde eit stort arbeidspress på denne tida, då han hadde ansvaret for å sette opp transportlister for fartøy som skulle gå sørover. Han var òg ansvarleg for at dei som skulle reise sørover fekk billettrekvisisjonar.<sup>110</sup>

Det var veldig mykje som skjedde desse siste månadane i 1944. Befolkninga i Finnmark og Nord-Troms skulle evakuerast, og ein måtte gjøre det ein kunne for å berge alle som vart evakuert. Både tyskarane og NS-myndighetene rekna med eit tap på 30-40 % av befolkninga, og det er underleg at det eigentleg gjekk så bra som det gjorde. Forutan det gode været som har vorte trekt fram som ein av hovudgrunnane til at det gjekk så bra som det gjorde, må sjølvsagt arbeidet til evakueringskommisjonen få mykje æra. Utan denne kommisjonen, eller nokon liknande organisasjon, kunne situasjonen vorte mykje verre for dei evakuerte, og mange fleire kunne ha døydd både i Tromsø og under transporten. Det skal sjølvsagt seiast at både transporten frå Finnmark og Nord-Troms og opphaldet i Tromsø, ikkje kan karakteriserast som nokon ferietur. Det ser likevel ut til at dei evakuerte som vart transportert i regi av kommisjonen, og deira opphold i Tromsø, etter forholda var ganske bra. Det var sjølvsagt variasjonar her og, men det ser ut til at ein hadde fått ordna det til best mogleg.

---

<sup>109</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>110</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

## Kapittel 3: Aktørar og organisering.

### 3.1. Lokal erfaring: Tidlegare planar om evakuering.

Hausten 1943 fekk Ragnar A. Hansen beskjed frå politipresident Gard Holtskog om at han var oppnemnd som innkvarteringssjef i det sivile luftvernet. Han var klar over at denne stillinga påla han eit stort ansvar. Det kunne verte mykje jobb, noko som medførde at han gjorde fleire forsøk på å kome seg unna oppnemninga. Det viste seg at dette ikkje var lett, då denne stillinga kunne sjåast på som nyttig for samfunnet, og ikkje politisk. Hansen la fram problemet sitt for advokat Falch, men han fant heller ingen utveg. Falch meinte også at denne stillinga måtte sjåast på som upolitisk, og berre tena sivile interesser i krigstid. I følgje Hansen så var ikkje han veldig glad i NS og nazistar, og dette var nok hovudgrunnen til at han prøvde å kome seg unna. Hansen sitt negative forhold til NS er noko som i følgje rapporten hans påverka fleire av hans avgjerder og handlingar, og er noko ein vil kunne sjå gjennom heile etableringa av evakueringskommisjonen. Hansen sa også at han hata alt som hadde med nazismen å gjera på eit møte med statsadvokat Hannes Wehl den. 31. oktober.<sup>111</sup> Kor negativ han faktisk var til NS, er det vanskeleg å seie noko om. Rapporten vart skriven i 1946, og det var ikkje særleg populært å ha noko positivt å seie om NS då. Eg hevdar ikkje at Hansen var NS-tilhengar, men det kan hende biletet var noko meir nyansert. For å kunne stå heilt fritt, gav Hansen beskjed til Holtskog at han ikkje ville ta i mot nokon form for betaling for jobben han gjorde. Etter å ha godtatt stillinga, gjekk Hansen i gong med å organisera hjelpetenesta i Tromsø. I tillegg skulle han sørge for mat og husly rundt i distriktet, dersom ein katastrofe i byen skulle medføra ein rask evakuering av befolkninga.<sup>112</sup>

I desember 1943 kom det tyske militæret med ein ordre om evakuering av kvinner, barn og gamle i Tromsø. Hansen vart tilkalla av fylkesmannen, der han vart beden om å organisera evakueringa. Kvifor denne ordenen kom, kjem ikkje fram i rapporten. Dette protesterte han på og grunngav det med at han ikkje ville ta på seg eit så stort ansvar som det var å evakuera byen. Etter ei veke fann han ut at «[...] det var en plikt mot mine medmennesker jeg ikke kunde unndra meg.»<sup>113</sup> Han oppsøkte fylkesmannen mellom jul og nyttår, og fortalte at han ville ta på seg arbeidet. Føresetnadane for dette var at ingen skulle blande seg inn i det han bestemde over, og at han sjølv skulle velje medarbeidarar så ein unngjekk at politiske

<sup>111</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>112</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>113</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

motsetnadar skulle øydeleggje arbeidet. Dette gjekk fylkesmannen med på, og Hansen byrja med førebuingane. For fristen for å gjennomføra første omgang av evakueringa var sett til 1. mars 1944. Det var også fleire konferansar i RK som Hansen hadde saman med fylkesmannen, der det alltid var to til tre høgare offiserar til stades. Hansen hadde også behov for ein god sekretær som kunne arbeide sjølvstendig, og var godt kjend med kontorarbeid. Dette fann han i Torbjørn Lien som var disponent for Elektrisk Bureau i Tromsø, og som tilbaud seg å vere medhjelpar.<sup>114</sup>

Hansen hadde vorte einig med tyskarane om korleis evakueringa skulle gjennomførast. Kva meininger NS hadde i denne samanhengen kjem ikkje fram. I første omgang skulle ein evakuera alle kvinner med barn under 14 år, alle eldre over 70 år og alle sjuke og svake. Ein skulle og utarbeide ein plan for andre omgang av evakueringa. Denne omfatta kvinner med barn over 14 år, saman med alle personar som ein ikkje trengte for å halde arbeidslivet i gong. Tredje omgang omfatta alle menn og kvinner som ikkje hadde teneste i luftvernet eller politiet. Då ein var komen ut i januar, var presset stort. Rykta svirra i byen, og det var stor pågang på kontoret av folk som ville vite om det dei hadde hørt var sant. I veka frå 3.-8. januar gjekk dagane i eit virvar av konferansar og møter med kommunale myndigheter, politipresidenten, RK og fylkesmannen. Torsdag 6. januar vart Hansen kalla inn til eit stormøte i RK, der det var fleire høgare offiserar til stades. Det kunne virke som det ikkje fanst noko viktigare enn å få evakuert byen. Hansen spurde om det var komen nokon skriftleg ordre om evakuering frå ein eller anna høgare instans. Det vart taust i salen, og stabsoffiserane som var der var ikkje veldig nøgde med eit slik spørsmål. Sjefen for RK leste då opp orden som var komen frå generalen for divisjon Moen-Målselv. Hansen påpeika at orden burde ha vore verifisert av Generalkommando og av RK i Oslo, og at han innstilte arbeidet med evakueringa til det kom eit svar frå Oslo. Dette medførde at møtet vart heva. Laurdag 8. januar kom beskjeden om at evakueringsordenen for Tromsø ikkje kunne godtakast. Dei kommunale myndigheter og fylkesmannen fann ut at det likevel var fordelaktig å opprette eit evakueringskontor, og at ein utarbeidde ein plan for evakuering av byen på grunn av den dåverande situasjonen. Retningslinjene for evakueringsplanen var dei same som før, og Lien var tilsett som sekretær. Til å byrje med held evakueringskontoret til i det sivile luftvernet sine kontor, men frå 1. februar 1944 held dei til i Jespersens Broderiforretnings lokalar i

---

<sup>114</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

Storgata 55. Wiggo Eilertsen vart tilsett som kontormann og kontrollør og frk. Giæver som stenograf.<sup>115</sup>

I Tromsø gjekk den første tida med til å få ein oversikt over befolkninga i byen. Ein fekk tal frå Folkeregisteret, og ein sende ut spørjeskjema til familiar i luftvernretsane. Opplysningane som vart henta inn, vart systematisert i kartotekkort. Ein hadde fleire damer til å gjere denne jobben, som arbeidde frå ettermiddagen til langt på kvelden. Då alle korta var ajourført, vart kvar person plassert i tilhøyrande gruppe og fekk sin plass i første, andre eller tredje gruppe. Denne jobben vart utførd av Lien og Hansen. Deretter byrja ein arbeidet med distriktskartoteka der ein utifrå oppgåver frå ordførarane rundt i fylket, laga ei oversikt over kor mange personar kvar gard kunne ta i mot. Dei fleste hadde sjølv skaffa seg ein plass å evakuera til, noko som gjorde arbeidet med å plassere folk enklare. Då ein var ferdig med arbeidet med evakueringas først omgang, vart alle informert om kvar dei skulle reise, kvar dei skulle møte og når ein skulle vere der. Alle gardane i distriktet vart også informert om kven som eventuelt skulle bu der, og kva dei skulle gjere når dei kom.<sup>116</sup>

I mai 1944 var ein ferdig med arbeidet, og alle transportlistene var no klare. Frå mai vart arbeidet ved kontoret avgrensa til å halde kartoteka ajour og ajourføre kopikartoteket i tryggingskvelvet til rådmannen.<sup>117</sup>

### 3.2. Evakueringas mest sentrale aktørar

Den tyske hæren (Wehrmacht), Reichskommissariat og NS var sentrale aktørar både under den frivillige evakueringa og tvangsevakueringa. Det ser likevel ut som det var Wehrmacht som hadde føringa, då det var dei som var pådrivaren for ei frivillig evakuering, og stod for gjennomføringa av tvangsevakueringa. Eg skal her sjå på kva enkeltaktørar på både norsk og tysk side seier om dette forholdet.

Herbert Freiherr (Friherre, baron) Von Stackelberg, som var SS-obersturmbannführer Hans-Hendrik Neumanns nestkommanderande<sup>118</sup>, seier i si vitneforklaring i landssviksaken mot Lippestad, at han hadde høyrd snakk om ei evakuering av tyske troppar i Finnmark etter at Finland kapitulerte. Dette på grunn av dei lange forsyningslinjene ein fekk i Finnmark. Den 10. oktober 1944 fekk Stackelberg ordre frå RK Oslo om å reise til Billefjord, der han skulle

<sup>115</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>116</sup> «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>117</sup> «Rapport om Evakuatingschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>118</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms», s. 22.

melde seg for Neumann. I Billefjord fekk han vite at ein hadde bestemt at dei tyske troppane skulle trekkja seg ut av Finnmark og Nord-Troms, tilbake til Lyngen. Tilbaketrekkinga skulle gå føre seg i etappar, og planen, saman med dei forskjellige tidspunkta for etappane, var strengt hemmelege. Evakuering av sivilbefolkninga vart berre tillate dersom det ikkje kom i vegen for den militære tilbaketrekkinga. Ein planla også å evakuera materielle verdiar. Det vart heller ikkje tillate å informera befolkninga om den frivillige evakueringa i byrjinga, på grunn av russarane. Stackelberg og Neumann fekk beskjed av general Pamberg at riksveg 50 ikkje kunne brukast til evakuering.<sup>119</sup>

På møtet i Billefjord den 14. oktober fekk ein fastlagd dei første forhandsreglar i forbindelse med den frivillige evakueringa. Dei retningslinjene ein trakk opp på dette møtet medførde at den praktiske gjennomføringa av den frivillige evakueringa vart overlate til dei norske myndighetene, men det var dei militære som bestemde når ein skulle sette den i gong. Dei sivile tyske og norske myndigheter var informert om situasjonen på eit møte i Tromsø den 19. oktober, der også Lippesetad var til stades. Her vart det òg tatt opp korleis dei evakuerte kunne transporterast frå Tromsø og sørover.<sup>120</sup>

På møtet i Billefjord vart det sett opp ei prioriteringsliste for kven som skulle evakuera først. Dei første var NS-medlem og deira nærmaste, deretter kom dei som var tyskvenlege. Den siste gruppa var dei som ville evakuera frivillig. Det var to grupper som måtte vere igjen heilt til slutt. Den første gruppa var dei stridsdyktige som arbeida for dei militære. Den andre gruppa var dei personane som den sivile evakueringsleiinga trond til administrative formål. Desse gruppene skulle trekke seg tilbake saman med dei militære.<sup>121</sup>

I følgje Stackelberg var det ingen kontakt mellom norske myndigheter og det tyske militæret under den frivillige evakueringa. Det var RK sine tenestemenn som formidla informasjon til norske myndigheter. Derimot så gjekk ordrane direkte frå Wehrmacht til dei norske myndighetene under tvangsevakueringa. Finnmark hadde vorte eit operasjonsområde, og det var dei militære som då sat med myndigheita her.<sup>122</sup>

<sup>119</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring. Herbert Von Stackelberg

<sup>120</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>121</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 24.

<sup>122</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

I følgje Stackelberg kom Josef Terboven til Narvik den 25. oktober, og det vart første stoppestad i ei rundreise han hadde i Nord-Noreg. Vidare frå Narvik gjekk turen til Rundhaug, og så til Tromsø. Terboven var faktisk i Narvik den 26. oktober. Her fekk han rapportar frå forskjellige tyske instansar, men evakueringa vart ikkje drøfta her. Terboven kom til Tromsø den 27. oktober, same kvelden som han var på Rundhaug.<sup>123</sup> Etter at Terboven kom til Tromsø, vart det halde eit møte i embetsbustaden til leiaren for RK Tromsø, statsadvokat Hannes Wehl. Forutan følget til Terboven, var også Neumann, SS-Obersturmbannførher Poche, Günther Marre og Hans Moser til stades. På møtet vart det raskt klart at Terboven var komen til Tromsø fordi han var fast bestemt på at Finnmark måtte tvangsevakuert. I følgje Stackelberg var dette ei overrasking for dei fleste møtedeltakarane. Bakgrunnen for denne avgjerda var at Terboven var veldig pessimistisk når det kom til den militære situasjonen i Finnmark. Stackelberg hevdar at det var informasjonen Terboven fekk på møtet på Rundhaug som påverka han i denne retninga. På Rundhaug hadde Moser og Terboven ein privat samtale, før Moser gav eit overblikk over den militære situasjonen til ei større forsamling. Her gjorde Moser også greie for «Lyngen-stillinga», som på denne tida berre var planlagd.<sup>124</sup>

Terboven var overtydd om at russarane ville okkupera i allfall Finnmark, viss ikkje heile Nord-Noreg. Dette synet vart forsterka av gjennombrotet Sovjet hadde hatt i Kirkenes, som også hadde medført store tap for 18. og 19. Gebirgs-armeekorps. Tidlegare hadde Terboven berre kravd tysk hjelp i forbindelse med den frivillige evakueringa, men no gjekk han inn for alle tiltak som kunne hindre, eller til og med stoppe russaranes innmarsj i Finnmark. Frå ein militær ståstad ville dette bety total øydelegging av alt som kunne nyttast til bevegelsar og opphold for soldatar. Både Wehl og Poche hadde innvendingar mot tvangsevakuering og avbrenning, og såg ikkje på dette som nokon god løysing. Dette vart avvist av Terboven.<sup>125</sup>

I vitneforklaringa til Christian Preuthun står det at nokre dagar før han reiste til Kirkenes saman med Lie og Lippestad den 11. oktober, vart han kalla inn til ministeren for næringsdepartementet Alf Larsen Whist<sup>126</sup> Her fekk Preuthun vite at tyskarane skulle trekkja seg tilbake frå Aust-Finnmark, og at Whist ville sende Preuthun nordover for å representera

---

<sup>123</sup> Berit Nøkleby, *Josef Terboven : Hitlers mann i Norge* (Oslo: Gyldendal, 1992), s. 278-279. Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 548.

<sup>124</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>125</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>126</sup> «Norske departementer 1940 - 1945: Under tysk okkupasjon i Oslo.». [https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier\\_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/](https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/)

Næringsdepartementet ved berging av forsyningar og materiell. Preuthun meinte at Whist ikkje visste kva som føregjekk i Finnmark, og at Whist heller ikkje visste at tyskarane ville gjennomføre den brente jords taktikk. Hos Whist møtte Preuthun også Lippesad, som då hadde fått sine fullmakter hos Quisling.<sup>127</sup>

Ministerpresidenten gjør vitterlig:

I henhold til midlertidig lov av 10.10.1944 om særskilte fullmakter i krigstid oppnevner jeg minister Jonas Lie til styresmann i Finnmark fylke og minister J. A. Lippesad til hans stedfortreder fra og med 11.10.1944 og inntil videre. <sup>128</sup>

Det vart her bestemd at Preuthun skulle vere med nordover for å representera Næringsdepartementet. I følgje Preuthun hadde han intrykk av at Lippesad heller ikkje visste kva som føregjekk i Finnmark. Han hevdar han spurde Lippesad om kva han visste om situasjonen, og svaret var at Lippesad ikkje visste noko om dette, og at dei drog nordover for å verte orientert.<sup>129</sup>

I Kirkenes hadde dei eit møte med general Eberling og Landrat Neven. Her vert det sagt av Eberling at situasjonen no var så alvorleg at dei berre hadde to til tre dagar på å få evakuert befolkninga via Riksveg 50. Etter desse dagane måtte dei militære disponera heile vegen. Vidare vart det sagt at nikkelfabrikken i Sør-Varanger ville verte øydelagd av tyskarane når dei trakk seg tilbake, men det vart ikkje sagt noko om fleire øydeleggingar. Preuthun spurde Eberling om han visste noko om fleire øydeleggingar, men han svara ikkje på dette.<sup>130</sup>

Når Preuthun og Lippesad var i Oslo igjen den 12. oktober, var deira oppdrag å skaffe båtar til Finnmark. Lippesad skulle også orientera regjeringa om situasjonen. Eventuelt kva anna Lippesad føretok seg i Oslo før dei reiste nordover igjen, kunne ikkje Preuthun uttala seg om.<sup>131</sup> I vitneforklarings står det at dei var i Oslo igjen den 12. september etter møtet i Kirkenes, men dette må vere ein «trykkleif» då deira møte i Kirkenes var den 11. oktober. Det

<sup>127</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

<sup>128</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesad, stykke 1-5., 1945-1947 Oppnemning av Lie og Lippesad til styremann i Finnmark

<sup>129</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

<sup>130</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

<sup>131</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

står ikkje nokon dato i vitneforklaringa for når dei drog til Kirkenes, men det står i Lie/Lippestad-rapporten.<sup>132</sup> Eit møte den 11. september stemmer heller ikkje overeins med dei andre kjeldene som omhandlar dette.<sup>133</sup>

Etter at dei drog nordover igjen var Preuthun i Tromsø i fire-fem dagar fram til den 20. oktober, og han hadde ikkje høyrd noko om at tyskarane ville bruke den brente jords taktikk. Han trur heller ikkje Lippestad visste noko om dette, då Preuthun meinte at Lippestad ville fortald han om det. Dei rekna med at tyskarane berre ville øydeleggje det som dei sovjetiske styrkene kunne bruke i si krigføring. Preuthun fekk først vite om tvangsevakueringa når han kom til Hammerfest om lag den 29. oktober.<sup>134</sup>

Günter Marre fortel i si vitneforklaring at det var først i midten av oktober, medan han var på ei tenestereise til Oslo, at han fekk vite at ein skulle gjennomføra frivillig evakuering av Finnmark. Frå Oslo tok han fly saman med Preuthun og Lippestad til Tromsø. Dei første dagane i Tromsø vart det halden fleire møter, der Neumann, Lippestad og Stackelberg var til stades på nokre av møta. På tysk side var alle for ei evakuering, og dei norske NS myndighetene, med Lippestad i spissen, var villige til å gjere alt dei kunne for å setje i gong den frivillige evakueringa. Alle møta Marre var med på vart leia av tyske tenestemenn. Den frivillige evakueringa omfatta heile Finnmark og Nord-Troms, sjølv om ein var klar over at det kunne verte vanskeleg å få alle på avsidesliggjande stadene til å dra.<sup>135</sup>

På møtet i Tromsø den 19. oktober der Marre var til stades, vart «Erfassung wehrfähiger Norweger» diskutert, noko som røft kan omsetjast til «Finne strids/forsvarsdyktige nordmenn». I følgje Marre var dette for å finne ut kor mange vernepliktige det var på dei enkelte stader, slik at dersom det vart naudsynt kunne ein førebu ei tvangsevakuering av desse for å unngå at dei hjelpte russarane. Dette punktet var lagt fram av Stackelberg etter eit møte han hadde hatt med dei militære. Det kom ingen innvendingar frå norsk side på dette punktet, sjølv om det var anledning til det. Vidare på møtet vart det diskutert korleis ein skulle setje i gong propagandaen for evakueringa, og ein vart einige om at kviskrepropaganda var den beste løysinga. Alle deltakarane på møte var einige om at målet med kviskrepropaganda var å

---

<sup>132</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

<sup>133</sup> Sjå fullmakt side 43, og kapittel 2.1.

<sup>134</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Christian Preuthun

<sup>135</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Günter Marre

skape russefrykt.<sup>136</sup> Dette må ha vore det same møtet som Lippestad var på, og som Stackelberg tok opp.<sup>137</sup>

Den første ordren om evakuering av nordmenn gjekk ut på evakuering av den stridsdyktige delen av befolkninga. Denne ordren vart send frå Oberkommando Wehrmacht til Armeeoberkommando 20 allereie den 4. oktober.

Angående evakuering av nordmenn har Wehrmachtführungsstab (WFSt) den 4. 10. befalt:  
Hele den stridsdyktige befolkning i Norge skal, så langt marsjbevegelsene tillater det, medbringes og overlates Reichskommissar Norwegen til arbeidsinnsats<sup>138</sup>

Ordren seier at alle stridsdyktige skal evakuerast, noko som i vidaste betyding vil omfatte alle menn mellom 15 og 60 år. Dette ville då gjelde for om lag halve befolkninga. I ordren står det at dei stridsdyktige skal «medbringes», noko som mest sannsynleg vil seie at det var dei militære som skulle gjennomføra evakueringa. Eit anna viktig punkt ved ordren var at evakueringa berre skulle gjennomførast dersom det ikkje hindra troppebevegelsane, noko som innebar at det var sjefen for dei militære avdelingane i tilbaketrekkingsområdet som skulle avgjere kor mange det var som skulle evakuerast. Med andre ord var det Rendulic som avgjorde dette.<sup>139</sup>

Det er ikkje så underleg at tyskarane ville ta med seg dei stridsdyktige dersom ein var redd for at desse kunne hjelpe russarane, eventuelt drive motstandsarbeid på eigenhand. I tillegg til å vere stridsdyktige, ville desse også kunne vere arbeidsdyktige. Dersom dei kunne gjere naudsynt arbeid for tyskarane ville det vere uklokt å ikkje ta med seg dei arbeidsføre. Som eg har nemnd i kapittel 2.2, vart dette gjort i Hammerfest. Her var dei arbeidsføre nordmennene dei siste som evakuerte, og dei drog saman med dei tyske styrkene.

Marre hevdar at Lippestad ikkje hadde kjennskap til at tyskarane ville øydeleggje heile Finnmark. Det grunngav han med at dette også kom fullstendig overraskande på RK sine tenestemenn i Tromsø. Det var Terboven som informerte sine tenestemenn om total øydelegging på møtet i Tromsø, som i følgje Marre vart haldt den 25. oktober. Eg har allereie tatt for meg at Terboven var i Narvik den 26. oktober, så dette stemmer ikkje. Rett etter møtet sende Terboven eit telegram til kansellisjef Martin Bormann med forslag om fullstendig

---

<sup>136</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Günter Marre

<sup>137</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg

<sup>138</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 8.

<sup>139</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 8.

øydelegging av landsdelen. Marre meiner at det var ei overrasking for Neumann også, og at denne avgjerdta vart mest sannsynleg tatt på eit møte med general Moser på Rundhaug rett før møtet i Tromsø. Stackelberg seier det same om møtet på Rundhaug, og det ser ut til at dette var det avgjerande punktet for at Terboven ville gjennomføra tvangsevakuering. I følgje Marre var ikkje Lippesetd nøgd med dei korte evakueringsfristane for dei forskjellige områda, men det kjem ikkje fram kva han eventuelt prøvde å gjere for å endre dette. Hannes Wehl foreslo for Terboven at ein berre skulle øydeleggje det ein rekna som krigsviktig, men dette vart avslått av Terboven. Fylkesmann Bull var også fleire gonger hos Wehl for å prøve mildne øydeleggingane, utan resultat. Etter at ein hadde gått inn for tvangsevakuering, hadde norske myndigheter ingen avgjerande myndighet i evakueringsområdet. Trugslar om total øydelegging vart også brukt før ein vedtok tvangsevakuering, men berre som propaganda for å skape ein evakueringsmentalitet.<sup>140</sup>

I telegrammet til Bormann vart det påpeika av Terboven at tvangsevakueringa måtte gjennomførast med sivile norske båtar. I følgje Terboven var det eit ukjend tal på fiskebåtar som var gjøymd i fjordane. Ein ville få tatt i bruk desse fartøya i evakueringstransporten, viss det vart kjend for fiskeribefolkninga at det å vere igjen i Finnmark ville vere å møte ein sikker død, hevda Terboven. Dersom ein klarde å skaffe seg desse fartøya ved bruk av ein slik trugsel, så ville dette vere nok til å få befolkninga til Tromsø-området. Det var om lag 67 000 inbyggjarar i evakueringsområdet i følgje Terboven, og dersom deira hus vart ståande igjen så kunne russarane bruke desse til å huse store styrker gjennom heile vinteren. Dersom ein øydela alle bygg ville det ikkje vere mogleg å finne husly i det heile, fordi det ikkje fanst skog i området.<sup>141</sup>

Viss ein større del av befolkninga var igjen i Finnmark og Nord-Troms, så hevda Terboven at desse ville føra ein partisankrig mot tyskarane. Han bad derfor Hitler om å få ein avgjerd fortast mogleg, slik at ein fekk øydelagd alle bygg og alt som kunne gi eit livsgrunnlag for befolkninga<sup>142</sup>

I vitneforklaringa til Kurt Baberske står det at han drog til Tana etter eit bombetokt i Vadsø. I byrjinga av oktober fekk han beskjed om å dra til Kirkenes for å delta i eit møte med Landrat Neven. Her vart det sagt av Neven at dei militære hadde bestemd at dei skulle trekke seg ut av

---

<sup>140</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetd, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Günter Marre

<sup>141</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 43.

<sup>142</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 43.

Finland og Nord-Noreg, og at tilbaketrekkinga skulle utløysast ved eit bestemd stikkord. Kva dette stikkordet var, vert ikkje nemnd i vitneforklaringa. Det vart ikkje sagt noko om sivilbefolkninga på dette møtet. Eit par dagar seinare fekk Baberske og fylkesmann Tor Bekeng ordre om å dra til Kirkenes igjen. Baberske drog vel tilbake til Tana i mellomtida, sjølv om det ikkje står noko om det. I eit nytt møte med Neven vart det sagt at evakueringa av Kirkenes skulle setjast i gong dagen etter, og at dei militære hadde bilar ståande klare for sivilbefolkninga. Seinare på dagen kom også Neumann frå Oslo for å delta på møtet. Det var ikkje noko snakk om tvangsevakuering, eller nedbrenning av landsdelen denne gongen. Eit par dagar seinare kom Lie og Lippestad til Kirkenes, og Baberske var med på møtet dei hadde med Neven. Baberske fekk intrykk av at Lie var den mest aktive av dei to, medan Lippestad var meir passiv. Dei var einige i at ein måtte oppmode befolkninga til å evakuera. Lie gav òg ordre om at offentlege tenestemenn hadde evakueringsplikt.<sup>143</sup>

Første gong Baberske høyrdde om avbrenning, var når Neven kom til Tana etter Kirkenes fall. Her vidareformidla Neven at dei militære ville øydeleggje alt russarane kunne bruke, i tillegg til alle kommunikasjonsmiddel. Det var ingen overrasking at dei militære ville brenne alle busetnader langs Riksveg 50, men Baberske hadde ikkje forventa at øydeleggingane skulle få det omfanget det gjorde. Neven melde også at ein skulle tvangsevakuera befolkninga. Neven hadde ingen formell ordre, men sa at dette var resultatet av ein einigheit mellom Rendulic og Terboven. Baberske hevdar at ein frå norsk side hadde lova reineigarar sprit og tobakk om dei tok med seg reinen til ein stad i Troms fylke, og ein rekna med å kunne få 50 000 rein der. Samane skulle ta med seg reinen til Helligskogen.<sup>144</sup> Baberske kjenner derimot ikkje til noko tiltak for å unngå at reinen hamna i Sverige eller Finland.<sup>145</sup> Tyskarane klarte ikkje å få reindriftssamane til å dra til Troms. Både fridomen og reinbeita låg i aust, og nesten 1 500 samar kom seg vekk frå tyskarane.<sup>146</sup>

Det var Wehrmacht som sette evakuieringsfristen for dei forskjellige stader. Baberske går ut frå at avgjerda om å setje i gong frivillig evakuering var noko tyske og norske myndigheter bestemde i lag, og gjennomføringa av dette var for det meste overlaten til norske myndigheter. Propagandaen var det norske myndigheter som stod for, og gjekk for det meste ut på to ting: Det første var at befolkninga måtte kome seg vekk frå krigshandlingane, og det

<sup>143</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Kurt Baberske

<sup>144</sup> Elstad, *Samefolket i tvangsevakueringa*, s. 8.

<sup>145</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Kurt Baberske

<sup>146</sup> Eriksen og Halvorsen, *Frigjøring*, s. 65.

andre var at dei ikkje skulle hamne i hendene på russarane. Det kan også hende ein var oppriktig redd for russarane. Baberske sin oppfatning av propagandaen var at denne gav eit korrekt intrykk av norske myndigheiter sine haldningar. Kva desse haldningane var kjem ikkje fram, men det er nok i samanheng med å skape russefrykt, og å berge befolkninga. Baberske hevdar at dei norske myndigheiter ikkje hadde nokon innverknad på tvangsevakueringa i Aust-Finnmark. Korleis dette var i Vest-Finnmark hadde han ingen formeining om, då han ikkje drog der før evakueringa var meir eller mindre ferdig.<sup>147</sup>

I eit telegram frå Lippestad til Reichskommissar Terboven<sup>148</sup> på Stortinget den 9. oktober, vert den frivillige evakueringa av Aust-Finnmark tatt opp. Her kjem det fram at dei norske myndigheitene hadde jobba mykje med saken, og at alle moglege vedtak var gjort for at ein skulle kunne gjennomføra ei frivillig evakuering av Varanger. Lippestad skriv i telegrammet at han stiller bilar og skip til disposisjon for gjennomføringa av evakueringa, men at arbeidet med å ordne biltransport vart noko forsinka fordi det var mangel på bensin. Her var ein heilt avhengig av kva som vart rekvirert av tyskarane, og kva dei stilte til disposisjon av transportmiddel og drivstoff. I samarbeid med humanitære institusjonar som hadde fått tildelt offentlege midlar, hadde ein fått ordna med forpleiing av dei evakuerte på reisa, samt mat og buplass der dei kom. Det hadde også vist seg å vere naudsynt å transportera dei evakuerte heilt ned til Nord-Trøndelag. Forsyningar med mat og klede til dei evakuerte vart òg ordna med.<sup>149</sup>

Saman med dei norske myndigheiter, var det i tillegg oppnemnd særskilde representantar som skulle jobbe med evakueringa. Lie og Lippestad skulle reise raskast mogleg nordover dersom tyske sivile og militære myndigheiter stilte transportmiddel til disposisjon, og gav den støtta som evakueringssarbeidet i Finnmark og Troms trong. Her skulle Lie og Lippestad kontrollera at dei naudsynte tiltaka var sette i verk for å gjennomføra frivillig evakuering av dei skadde områda.<sup>150</sup>

Quisling vart kontakta av Terboven ein av dagane før dette telegrammet vart send, der Terboven føreslo at norske myndigheiter oppnemnar to ministrar til å ta seg av oppgåvane i Finnmark. Dette var bakgrunnen for at Lie og Lippestad vart styremenn i Finnmark og Nord-

<sup>147</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Kurt Baberske

<sup>148</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 18.

<sup>149</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Telegram frå Lippestad til Reichskommissar, Stortinget

<sup>150</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Telegram frå Lippestad til Reichskommissar, Stortinget.

Troms.<sup>151</sup> Dette telegrammet sende Lippestad før han, Lie og Preuthun drog til Kirkenes. I følgje vitneforklaringa til Preuthun hadde Lippestad fortalt Preuthun at han ikkje visste noko om situasjonen i Finnmark. Det ville vere veldig merkeleg at Lippestad tok kontakt med Reichskommissaren på Stortinget om frivillig evakuering av Aust-Finnmark, dersom han ikkje visste noko om situasjonen der. Det er, i følgje Fosnes, ikkje mogleg å finne ut om Quisling visste noko om operasjon «Nordlicht», eller om evakuering av befolkninga når han snakka med Terboven.<sup>152</sup> Både Quisling og Lippestad må ha visst, eller i det minste hatt sterke mistankar om ei evakuering når dette telegrammet vart send. Og i alle fall når Lippestad drog til Kirkenes. Det er ikkje sikkert at Lippestad var fullt så villig å dele informasjon som det Preuthun trudde.

I vitneforklaringa til lensmann i Kistrand, Per Gabrielsen, fortel han at rundt den 20. oktober vart han ringt opp av Lippestad som gav Gabrielsen ordre om å kome til Indre Billefjord til eit møte. På møtet sa Lippestad at sidan oppmodinga til frivillig evakuering ikkje hadde fått det resultatet ein ønska, så skulle heile befolkninga i Finnmark og Nord-Troms tvangsevakueraast. I tillegg skulle alt brennast slik at russarane ikkje kunne finne eit einaste hus eller matlager i Finnmark. Lippestad forklarde at russarane allereie var i nærleiken av Kirkenes. Viss dette stemmer, så fekk Gabrielsen denne ordenen før den 25. oktober. Det vil i så fall tyde at Lippestad sette i gong tvangsevakuering på eige initiativ. Det er sjølv sagt mogleg at dette skjedde etter den 28. oktober, og at Lippestad ikkje hadde høyrd noko om at russarane hadde tatt Kirkenes. Sidan Gabrielsen var lensmann, var det han som fekk ansvaret for å setje i gong tvangsevakuering av sitt distrikt. Dette skulle byrje med ein gong, og setjast i verk med alle midlar. Båtar vart stilt til disposisjon, og tyskarane hadde køyretøy som skulle brukast i evakueringa. Gabrielsen fekk beskjed om å vidareformidla ordenen om tvangsevakuering til lensmennene i Måsøy og Kjelvik. Lippestad ville vite befolkningstalet i Kistrand, og Gabrielsen svara at det budde om lag 3 000 personar der. Lippestad spurde då om kor mange av desse som var av «lappisk avstamning». Om lag ein tredjedel, var svaret frå Gabrielsen. Lippestad uttala då «Lappene gir vi fan i».<sup>153</sup>

Då Gabrielsen kom heim ringde han til lensmannen i Måsøy, som tok imot ordenen utan å kome med nokon merknader til den. Lensmannsfullmektig i Honningsvåg Knut Valle, som tok telefonen for faren sin som var tunghøyrd, sa at dette var det største lovbroet som var gjort

---

<sup>151</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 18.

<sup>152</sup> Fosnes, «Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms,» s. 18.

<sup>153</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Per Gabrielsen

mot det norske folk. Han godtok ikkje ordren om tvangsevakuering. Gabrielsen sa at Valle då måtte ringe Lippestad sam var i Indre Billefjord, noko han også gjorde. Valle sa det same til Lippestad, noko som medførde at væpna tyske soldatar reiste med båt til Honningsvåg, og arresterte Knut Valle, faren hans og deira familiar. Broren til Knut, Alfred Valle, vart også arrestert saman med Alfred sin familie.<sup>154</sup>

Gabrielsen prøvde å sabotera evakuering ved å be folk rømme til fjells eller skogs, dersom dei meinte at dei ville klare seg sjølv ei stund. Veldig mange følgderådet, men tyskarane vart merksame på dette og henta inn folk der dei fekk tak i dei. Folk vart stua saman i brakker, og seinare send sørover i gamle og overfylte tyske lastebåtar. Om lag to veker etter at Gabrielsen var i Indre Billefjord, kom Lippestad til Kolvik. Der skulda han Gabrielsen for å sabotera evakueringa, og for at han ikkje hadde gjort noko for å få den i gong. Svaret frå Gabrielsen var at han mangla transportmiddel for dei evakuerte, og at det var grunnen til at det gjekk sakte. Men sidan tyskarane då hadde overtatt transporten, så burde det ikkje lenger vere noko problem å få gjennomført evakueringa. Lippestad var ikkje overtydd og åtvara med at dersom det ikkje var nokon endring i løpet av dei neste dagane, ville Gabrielsen verte arrestert og halden ansvarleg. Lippestad uttala at evakueringsarbeidet i dei andre distrikta gjekk mykje betre. Gabrielsen spurde då om korleis det gjekk i Honningsvåg, og fekk til svar at lensmannen der ikkje heldt mål. Dette fordi han hadde avvikande oppfatningar om situasjonen, og det var berre plass til ei mening når ein kom til tvangsevakueringa. Gabrielsen hadde framleis ikkje tenkt å følgje ordren frå Lippestad, og då han skjøna at det byrja å «brenne under føtene på han», fekk han tillating av Ortskommandanten i Lakselv til sjølv å reise, saman med familien sin. Han drog torsdag 9. november.<sup>155</sup>

Nokre dagar før det første evakueringsmøtet i Billefjord den 14. oktober 1944, hadde ordførar Peder Jonas Berg høyrd rykte i Hammerfest om ei evakuering av Finnmark på grunn av korleis krigen utvikla seg. Møtet i Billefjord var mellom norske og tyske myndigheter, og Berg vart kalla inn av anten av gebietskommissar Stackelberg, eller fylkesmann Bekeng. På møtet i Billefjord, når Stackelberg hadde ordet, vart det sagt at det no hadde vorte naudsynt med ei frivillig evakuering av befolkninga av Finnmark. I følgje Berg vart det på dette møtet ikkje snakka om nokon tvangsevakuering eller avbrenning av Finnmark. Berg forstod det slik at alt allereie var tilrettelagd av dei høgare norske og tyske myndigheter, og at møtet var

<sup>154</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Per Gabrielsen

<sup>155</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Vitneforklaring Per Gabrielsen

byrjinga på utføringa av den frivillige evakueringa. Berg kan ikkje hugse at nokon protesterte mot evakueringa, og på møtet fekk Berg ordre om å vere evakueringssjef for Vest-Finnmark.<sup>156</sup>

Dagen etter møtet i Billefjord, kalla Berg saman fleire tillitsmenn innanfor NS i Hammerfest, for å drøfte evakueringsspørsmålet. Her vart evakuatingsleiarane for Vest-Finnmark oppnemnd, og Morten Tiberg fekk stillinga som evakuatingsleiar for Hammerfest.

Evakuatingsleiarane fekk beskjed om oppnemninga via telegram, saman med at dei skulle setje i gong frivillig evakuering i områda dei var leiar for. To dagar etter møtet i Hammerfest, vart Berg kalla inn til eit møte i Tromsø den 19. oktober av fylkesmann Bull. På dette møtet gjekk ein igjennom kva ein hadde gjort i forhold til den frivillige evakueringa, og det vart sett opp delvis endra direktiv for kva som skulle gjerast vidare. Kva desse nye direktiva var, kjem ikkje fram. Allereie på denne tida var det vanskeleg å skaffe transport til dei evakuerte.<sup>157</sup>

Stackelberg og Marre seier det same som ordførar Berg når det kjem til den frivillige evakueringa. Dette var noko norske og tyske myndigheter hadde vorte samde om at måtte gjennomførast. Det er interessant å sjå at ein både frå norsk og tysk side hadde same oppfatning av dette. Sjølv om ordførar Berg ikkje nemnar dette, så seiar både Marre og Stackelberg at norske myndigheter stod for gjennomføringa av den frivillige evakueringa, men at tyske militære myndigheter bestemde når den skulle setjast i gong. Då ein kom til tvangsevakuering så seier begge at det var dei tyske militære myndigheter som styrtet alt, og norske myndigheter vart sett på sidelina. Dette kan både ha samanheng med at dei tyske militære hadde betre føresetnader til å gjennomføra tvangsevakueringa, men også fordi den frivillige evakueringa svikta.

Dette er det same møtet som er tatt opp av både Stackelberg og Marre. Det ser ut til at møtet i Tromsø den 19. oktober er eit fortsettjingsmøte etter møtet i Billefjord den 14. oktober, der norske og tyske sivile myndigheter vart informert om korleis den frivillige evakueringa skulle gjennomførast. Og korleis ein skulle utforme propagandaen for å få folk til å evakuera.

Den frivillige evakueringa fortsette fram til laurdag 28. oktober 1944. Partimedlem og dei fleste andre som frivillig evakuerte, hadde reist innan denne datoен. Partimedlem hadde evakuatingsplikt, og det var berre om lag 85 medlemmar. Fram til den 28. hadde om lag 500

---

<sup>156</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

<sup>157</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

evakuert frivillig, men ein del hadde evakuert lenge før på grunn av frykt for bombing og krigsfaren. Berg vart kjend med orden om tvangsevakueringa den 28. oktober, gjennom eitt «Führerbefehl» han fekk anten av Mattenkrott eller Lippesetad.<sup>158</sup>

Berg hadde høyrd om kviskrepropagandaen som ein hadde sett i gong for å få fart på den frivillige evakueringa, der det også var trugslar om avbrenning av Finnmark. Han visste derimot ikkje når ein byrja med dette. Etter at «Führerbefehlet» vart kjend, ville tyskarane at Hammerfest skulle evakuerast på berre nokre få dagar. Evakueringmyndighetene fekk forlenga denne fristen noko, då dei ikkje hadde moglegheit til å evakuera heile Hammerfest på så kort tid. Plakatane om tvangsevakuering vart utforma av Lippesetad allereie om ettermiddagen den 28. oktober. I følgje Berg hadde Lippesetad ein telefonsamtale med ein eller anna tysk myndighet, moglegvis Seekommandanten, same ettermiddagen. Samtalen omhandla plakatanes utforming i forhold til Wehrmachts kontroll med evakueringa av landsdelen. Sjølv om Berg var evakueringleiar for Vest-Finnmark, var det ikkje så mykje han bestemde. Det var mange overordna instansar som gav ordrar og tok avgjerdar som Berg måtte følgje.<sup>159</sup>

Etter ein konferanse mellom Lippesetad og tyske myndigheter, var det Lippesetad som fekk beskjed om når dei forskjellige områda skulle vere evakuert. Desse meldingane gjekk vidare frå Lippesetad og Berg, til ordforrarar og lensmenn. Hammerfest vart evakuert mellom 29. oktober og 3. november. I dei siste dagane av evakueringa, mista ein kontakten med med distrikta rundt Hammerfest. Telefonforbindelsen forsvant for både tyske og norske myndigheter, noko som medførte at ein ikkje hadde den heile oversikta over korleis arbeidet gjekk i distrikta. Då ein var ferdig med evakueringa av Hammerfest den 3. november, som også var planen, var det framleis nokre få hundre personar igjen i byen. Desse hadde pliktarbeid for norske og tyske myndigheter. Den 4. november drog Berg og Lippesetad frå Hammerfest for å evakuera sørover. Morten Tiberg fekk dei naudsynte fullmakter til å forsette arbeidet som evakueringssjef for Vest-Finnmark.<sup>160</sup>

Berg og hans medarbeidarar oppfatta det slik at evakueringa vart gjennomført fordi tyskarane bestemde at dei skulle bruke den brente jords taktikk. Berg meinte at det då ville verte

---

<sup>158</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

<sup>159</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

<sup>160</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippesetad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

umogleg for befolkninga å overvintre i Finnmark, og det vart då norske myndigheters oppgåve å evakuera befolkninga før øydeleggingane byrja. Berg og medarbeidarane hevdar at det var svært viktig at det var norske myndigheter som administrerte transporten av dei evakuerte. Då tyskarane sjølv hadde transportert evakuerte, hadde dette medført unaudsynlege lidingar. Sjølv om Berg personleg ikkje hadde noko å gjere med vedtaket om evakuering, eller korleis dette skulle gjennomførast, så var ikkje tanken om evakuering framand for befolkninga i Finnmark. I følgje Berg vart forholda verre og verre for befolkninga etter kvart som fronten rykka nærmare, og dei byrja i aukande grad å evakuera på eige initiativ. Berg hevdar at spørsmålet om ein skulle evakuera Finnmark vart drøfta av norske myndigheter så tidleg som vinteren 1939.<sup>161</sup>

Dersom dette stemmer så vart ei evakuering av Finnmark drøfta før Tyskland invaderte Noreg. Kvifor skulle ein drøfte ei evakuering av Finnmark når krigen føregjekk på kontinentet, og Noreg hadde erklæra seg nøytrale? Det kan hende dette hadde samanheng med ikkje-angrepsavtala mellom Sovjetunionen og Tyskland, og at ein såg på sovjet som ein større trugsel enn Tyskland.

### **3.3. Ragnar Hansen og evakueringskommisjonen**

I Lie/Lippestad-rapporten vart det gitt ein kort oversikt over evakueringsapparatet i Finnmark og Tromsø. For første avsnitt var det politiet i Kirkenes som hadde hovudansvaret for evakueringa. Politiet besto av politipresident Gard Holtskog, med det første korpsset, og politikompaniet som til saman var 39 personar. Seks av desse var stasjonert i Vadsø og tre i Vardø. Det var svært få køyretøy som politiet kunne bruke i evakueringa, og det var vanskeleg å skaffe bensin i byrjinga. Hammerfest hadde allereie eit evakueringsutval for sjølve byen. Utvalet bestod av evakueringssjef Josefsen, Berg-Hansen og Bjerring. Etter eit møte i Billefjord den 14. oktober hadde fylkesmann Marcus Bull saman med RK, oppnemnd ordførar Peder Jonas Berg i Hammerfest, som evakueringssjef for Vest-Finnmark. Han var også NS-kretsførar i Vest-Finnmark på denne tida. Disponent Morten Tiberg fekk ansvaret for transportmidlane.<sup>162</sup>

I Tromsø var evakueringsutvalet meir omfattande. Direktøren for Grand hotell, Ragnar A. Hansen, var evakueringssjef for Tromsø. Fylkesmann Bull var ansvarleg overfor Lippestad.

---

<sup>161</sup> RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5., 1945-1947 Landssviksak mot Peder Jonas Berg

<sup>162</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

Halland var formann for fylkesforsyningssnemnda og hadde ansvaret for forsyningar, og seinare for evakuering av varelager. Fylkesøkonomileiar Harald Figenschow var økonomisjef, og biskop Sivertsen hadde ansvaret for kyrkjas bøker og verdiar. Dr. Kjeang, fylkesfullmektig Hammerling og fylkeslege Haagensrud utgjorde eit eige sunnheitsvesen. Politikaptein Torbjørn Berg sørga for mottak, registrering og kost og losji for dei evakuerte. Husjord hadde det same ansvarsområdet, berre at han tok seg av bagasjen til dei evakuerte. Skøytekontoret hadde fiskeriinspektør Fritz Posti ansvaret for, og utstyr, olje og proviant til skøytnene var det skipsmeclar Bertram Dybwad-Holmboe som tok hand om. Hurtigrutene skulle direktør Conrad Rye-Holmboe handtera, og lokalbåtane var det direktøren i Troms fylkesrederi, Trygve Sundt som hadde ansvaret for. Til sist var Hammer sjef for transportnemnda. Evakueringskommisjonen fekk hjelp av humanitære organisasjonar og fungerte i følgje Lie svært godt sjølv under vanskelege omstende då Tromsøs befolkning vart fordobra med 10 000 evakuerte.<sup>163</sup>

Ut i frå det ein kan sjå i rapporten til Ragnar Hansen, så ser det ut til at han var ein svært driftig kar og at han gjorde ein veldig god jobb i arbeidet som evakueringssjef. Han var proaktiv, sette hardt mot hardt og fekk sett seg i ein posisjon der han og kommisjonen sat med kontrollen når det kom til transport, innkvartering, mat og behandling av sjuke. Som ein kan sjå i kapittel 2.3 og i kapittel 3.1, så klarte han å opparbeida seg meir og meir kontroll over arbeidet, samtidig som han også fekk eit større ansvar. I følgje Hansen sjølv fekk han tidleg ein tanke om at han måtte hjelpe befolkninga, og at det var derfor han takka ja til å verte ansvarleg for evakueringa av Tromsø, og for at han tok på seg arbeidet med den frivillige evakueringa av Finnmark. Når ein då var komen til tvangsevakueringa så var det for seint å trekkje seg. Han skreiv heller aldri noko om at han kunne eller ville trekke seg ut av arbeidet med tvangsevakuering, og det var noko han vurderte både når han vart oppnemnd som innkvarteringssjef for luftvernet, og når han vart evakueringssjef for Tromsø. Det å trekkje seg var også ein moglegheit han nemnde i forhold til den frivillige evakueringa, men det verkar til at han aldri vurderte dette seriøst.

Ein skal vere veldig sikker i sin sak for å ta på seg eit slikt enormt ansvar som det å organisera all transport, matlaging, innkvartering, registrering av folk og bagasje og vidaresending. Dette tok Ragnar Hansen på seg allereie den 14. oktober, men han var vel neppe klar over omfanget dette ville få seinare. Sidan det var tyskarane og NS-myndigkeitene som sette i gong den

---

<sup>163</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

frivillige evakueringa, kan det godt tenkjast at Hansen rekna med at det ikkje ville vere så mange som ville reise. Det gjeld for så vidt uansett kven det var som organiserte det, fordi det er sjeldan folk frivillig vil forlate heimen sin. Ein anna grunn til at Hansen ville ta på seg alt ansvaret kan vere at han såg at ein her ville trenge *ein* organisator for å få dette til best mogleg. Eit kaos av mange forskjellige aktørar der ingen eigentleg hadde oversikta, ville forverra situasjonen til dei evakuerte. Det er også mogleg at Hansen rekna med at den frivillige evakueringa ikkje ville ha det ønska resultatet, og at tyskarane ville gjennomføre ei tvangsevakuering.

I følgje Hansen sjølv så hata han alt som hadde med NS og nazistar å gjere. Det kan godt hende at dette stemmer, men det ser ut til at biletet er noko meir nyansert. Ta til dømes politikaptein Torbjørn Berg. Hansen ville få han ut av organisasjonen, men dette vart ikkje gjort med ein gong fordi Hansen ikkje ville lage unaudsynleg bråk som kunne skade arbeidet. Det å sjalte ut NS-medlem vart gjort gjennom heile oppbygginga av evakueringskommisjonen, men det verkar til at Hansen endrar sitt syn på Berg. Han skriv sjølv at hovudgrunnen til at arbeidet til politi- og transportavdelinga gjekk så bra som det gjorde, var innsatsen til Torbjørn Berg.<sup>164</sup> Hansen skriv heller ingenting om at han seinare prøvde å få Berg ut av organisasjonen.

Den 16. november var Ragnar Hansen på eit møte med Lie, Lippestad, politimeister Fiane og fylkesmann Bull. På dette møtet skulle ordet vere fritt, så alle kunne seie kva dei meinte utan at dette skulle få konsekvensar i ettertid. Lie spurde her Hansen om kvifor han ikkje ville ha NS-folk med i arbeidet. Lie konstanterte at han hadde fått med seg grunngjevinga om at Hansen ikkje ville at politiske motsetnadar skulle verte synlege i arbeidet. Svaret frå Hansen var då at grunnen til at han ikkje hadde tatt inn NS-folk, var at det ikkje fantes duglege NS-folk å sette i arbeid i organisasjonen. Samtidig framhevar Hansen at det hadde vore folk frå NS i arbeid hos han, fylkesmann Bull og Fritz Posti, og at samarbeidet med dei hadde vore sakleg. Her nemnar Hansen også at forretningsførar Halland også var NS-mann. Dette er einaste gongen han tar opp dette, og det var heller aldri snakk om å sjalte Halland ut. Svaret frå Lie var at Hansen «Fan skjære meg hadde rett i at der ikke fantes noen dugelig nazist å få tak i for så meget skrap av nazister jeg har funnet her oppe var utrolig»<sup>165</sup>

---

<sup>164</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>165</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

Det er underleg at Hansen grunngjev haldninga si om å ikkje ta inn NS-folk med at dei er uduglege. Dersom personar ikkje er skikka til å gjere ein jobb, er det ein heilt legitim grunn for ikkje å tilsetje dei, og spesielt i eit så viktig arbeid som det evakueringskommisjonen gjorde. Her er det mogleg at Hansen ville unngå eventuelle konsekvensar som kunne kome med at han kalla NS-folk for uskikka til å gjere ein jobb. Samtidig når ein ser på alt Hansen fekk til så burde han ha vore i stand til å argumentera godt nok for at nokon var uskikka, utan at dette skulle medføra store konsekvensar. Lippestad hadde fått meg seg at Hansen hadde brukt argumentet om å unngå politiske motsetnadar i arbeidet for å hindre at NS-folk kom inn i evakueringskommisjonen. Dette stemmer også godt med det Hansen i følgje han sjølv hadde sagt til Hannes Wehl, nemleg at han hata alt som hadde med NS og nazisme å gjere. Det var kanskje enklare i forhold til NS at Hansen sitt argument gjekk på politiske motsetnader, enn uskikka NS-folk. Det kan sjå ut til at det kan ha vore ein kombinasjon av både uskikka folk, og å unngå politiske motsetnadar. Det var NS-folk i kommisjonen som, etter det eg kan sjå, gjorde ein god jobb, samtidig som Hansen prøvde å halde talet på NS-folk i kommisjonen nede.

Det er også den tidlegare nemnde turen som Hansen hadde til Skaidi saman med fylkesmann Tor Bekeng, ordførar i Tana, Anders Olsen og propagandaleiar Erichsrud. Dette nemnar ikkje Hansen med eit ord. Eg klarar ikkje å sjå for meg at Hansen vart tvungen til å vere med på denne turen, og i så fall burde han i alle fall ha skreve om korleis NS tvang han med på ein slik tur. Av kjeldene så kjem det ikkje fram kva han gjorde her, bortsett frå at han rekvirerte bilen til Wiborg Thune.<sup>166</sup> Som eg allereie har drøfta i kapittel 2.3 kan det hende at Hansen deltok på møtet i Billefjord den 14. oktober, og det var ikkje umogleg for Hansen å vere tilbake i Tromsø for å vere på eit møte med Lippestad same dagen. Dersom han deltok på dette møtet så kan det hende at Hansen sat med noko meir detaljert informasjon om den frivillige evakueringa, enn om han berre vart informert av Lippestad den 14. Dette har likevel ikkje så mykje å seie då han uansett var klar over evakueringa den 14. oktober, men det hadde vore interessant å vite om han faktisk var på møtet i Billefjord.

Fylkeslege Bertram Dybwad-Holmboe vart fødd på Romerike i 1876, men han vaks opp i Tromsø. Her tok han artium i 1895. Etter at han tok medisinsk eksamen i 1902 vart han amanuensis hos faren sin, amtslege Johannes Holmboe. Seinare opna han eigen praksis i Tromsø, der han spesialiserte seg på øyre, nase og halssjukdommar. Han var gift med

---

<sup>166</sup> Statsarkivet, «Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke», 1945

Dorothea Heidenreich. I 1908 sat Dybwad-Holmboe i det første styret i Tromsø Turistforeining som vart stifta den 24. januar same året.<sup>167</sup>

På slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet herja tuberkulosen stygt i Nord-Noreg. På byrjinga av 1900-talet var dei store sakene i denne forbindelsen å opprette pleieheimar, og å få gitt informasjon om sjukdommen til folk flest. Dette fekk også fokus i Tromsø, og fra 1911 vart denne saka verkeleg viktig i byen. Dette året selde ein for første gong maiblomsten til inntekt for Tromsø Tuberkulosefond. I juli opna sanitetsforeininga ein hjelpestasjon som gav hjelp og råd til tuberkuløse. Det viktigaste som vart gjort var opprettinga av pleieheimen. Samtidig vart det oppretta ein tuberkulosekomité, der blant anna Dybwad-Holmboe var medlem. Conrad Rye-Holmboe og kona gav 10 000 kr til tuberkulosesaken, og var samde i at pengane vart brukt til ein pleieheim.<sup>168</sup>

Det vart oppretta ein vanføreheim for samiske barn i 1913. til dette formål kjøpte ein landstaden Bjerkely som tilhørde Johannes Holmboe. Heimen hadde plass til ni vannføre, og kunne romme 15 personar totalt. Dybwad-Holmboe var tilsynslege ved denne heimen.<sup>169</sup>

Det ser ut til at Dybwad-Holmboe dreiv med mykje forskjellig. I 1920 kom Holmboe inn i styret på A/S Jøvik Sildolje- og Kraftfôrfabrikk etter at det vart ein ledig plass der. Tromsø Smørfabrikk A/S, som i 1930-åra bytta namn til Tromsø Margarinfabrikk A/S, fekk gjennom heile 30-åra produkta sin kontrollert av Dybwad-Holmboe. Han var også med på å organisera skuleannpleia i 1939.<sup>170</sup>

Då Tyskland okkuperte Noreg 9. april 1940, flykta konge og regjering. Då dei kom til Tromsø vart dei fleste statsrådane igjen i byen, medan kong Haakon, kronprins Olav og statsminister Nygaardsvold drog vidare. Desse tre drog vidare til hytta «Trangen» i Balsfjord som Bertram Dybwad-Holmboe eigde. Her budde dei under resten av felttoget i Nord-Noreg.<sup>171</sup>

I tillegg til å vere involvert i stort sett alt ein kunne vere ein del av, var også Bertram Dybwad-Holmboe frimurar. Han står lista som medlem frå 1918-19, men han var med på å signera ein søknad frå frimurarane i Tromsø om å verte ein eigen loge i 1912. Avdelinga i Tromsø var ein broderforeining som var ein del av St. Johanneslogen Nordlys i Trondheim fram til 1919. Den 25. juli 1919 vart St. Johanneslogen Stella Polaris innvigsla. Den 27. mai

<sup>167</sup> Nils A. Ytreberg, *Tromsø bys historie : 2* (Tromsø: Peder Norbye, 1962), s. 375, s. 505.

<sup>168</sup> YtreBerg, *Tromsø bys historie : 2*, S. 387-388.

<sup>169</sup> Ytreberg, *Tromsø bys historie : 2*, s. 393.

<sup>170</sup> Ytreberg, *Tromsø bys historie : 3*, s. 176-177 , 180-181, 396.

<sup>171</sup> Ytreberg, *Tromsø bys historie : 3*, s. 586.

1922 vart Dybwad-Holmboe ny Ordførande Meister for Stella Polaris. Ordførande Meister vil seie at han var logens øvste leiar. Kven som innsette han kjem ikkje fram, men det var mest sannsynleg Provincialmeister Bernhard C. Braenne ved Trondhjems Provincialloge som innsette Dybwad-Holmboe. Holmboe fekk sin IX grad 18. og 19. oktober 1922 av Viseste Salomo Vicarius (V.S.V) oberst Wilhelm H. Færden. Dybwad-Holmboe sat som Ordførande Meister til 27. mai 1927.<sup>172</sup>

Bertram Dybwad-Holmboe var ikkje den einaste i evakueringskommisjonen som var medlem av Stella Polaris. Ragnar Hansen vart medlem i 1928, Marcus Bull vart medlem i 1923 og ein overlærar Oscar Husjord som sannsynleg vis er den same Husjord som var lærar på sjømannsskulen. Husjord vart ikkje medlem før i 1959. Conrad Rye-Holmboe sin far, Johan Henrik Rye-Holmboe, vart medlem i 1912.<sup>173</sup> Det står ingenting om at Conrad vart medlem.

Dette er ganske interessant sidan både Dybwad-Holmboe, Ragnar Hansen og Marcus Bull var medlemer før 1930, er det truleg for at desse har kjend kvarandre, eller i vert fall kjend til kvarandre, ei god stund før dei sat i evakueringskommisjonen. Som nemnd tidligare ville ikkje Hansen ha så mykje med Bull å gjere fordi han var NS-medlem, og det er umogleg å seie noko om kva deira forhold var tidlegare. Det er ikkje sikkert at dette hadde noko å seie. Derimot så kan medlemskapet i Stella Polaris ha hatt noko å seie for samarbeidet mellom Hansen og Dybwad-Holmboe i evakueringskommisjonen. Her er det også umogleg å seie noko om kor mykje kontakt desse to har hatt i åra før, men det kan hende eg her har funne ein ny aktør, altså Stella Polaris, som kunne ha interesser i forhold til evakueringskommisjonen. No skal eg ikkje grave ned i ein frimurarkonspirasjon då dette har vore gjort veldig mange gonger før, men det kan hende at dette hadde noko å seie for kva som vart gjort og bestemt i kommisjonen, og kvifor.

Dette betyr at evakueringskommisjonen var ei god blanding av NS-motstandarar, nøytrale, frimurarar og NS-folk. Sjølv om ikkje alle kategoriane er motstridane, kunne det fort ha oppstådd problem og konfliktar innanfor kommisjonen. Evakueringssarbeidet var svært viktig, og det vart argumentert for at her måtte alle hjelpe til uansett politisk syn. Dette betyr likevel ikkje at problem ikkje kunne oppstå.

---

<sup>172</sup> Terje Helsingeng et al., *Veiviser i polarmørket : St. Johanslogen Stella Polaris : jubileumsbok 2009* (Tromsø: St. Johs. Logen Stella Polaris, 2009), s. 31-69.

<sup>173</sup> Helsingeng, *Veiviser i polarmørket*, s. 122-161.

Det verkar til at medlemmene i evakueringskommisjonen klarde å gjennomføre arbeidet sitt utan nokon problem innanfor kommisjonen, eller i alle fall ikkje større problem enn at det ikkje gjekk utover evakueringsarbeidet. Det kan sjå ut til at viktigheita av dette arbeidet var samlande nok for ei slik gruppe av veldig forskjellige menneske. Det er ingen av kjeldene mine som seier noko om motsetnadar utanom den mellom Ragnar Hansen og NS, eller om forholdet mellom dei andre medlemmane. Det ser likevel ut til at dette fungerte svært bra, og at ein fekk til eit godt samarbeid.

Sjølv om det berre var to NS-medlem i evakueringskommisjonen, vart det likevel oppretta landssvikssak mot tre personar innanfor denne organisasjonen, nemleg Bertram Dybwad-Holmboe, Conrad Rye-Holmboe og Torbjørn Berg. Fritz Posti vart idømd eit førelegg på kr. 600 for å ha vore driftsstyrar ved Norsk-Tysk Selskap.<sup>174</sup>

Bertram Dybwad-Holmboe vart etterforska saman med Helge Jakobsen fordi dei «antaes frivillig å ha latt sitt fartøy M/K "Dagny" T8T seile for fienden på en sådan måte eller under slike omstendigheter at forholdet må ansees utilbørlig.»<sup>175</sup> Dette fartøyet byrja å segle for tyskarane i 1942, men det er uvisst kor lenge dette føregjekk. I perioden frå 1942-45 har Dybwad-Holmboe utbetalt 90 152,90 kr til båten gjennom kontoret sitt.<sup>176</sup>

I ei tilleggsforklaring gitt av Dybwad-Holmboe kjem det fram at båten vart kjøpt på hausten i 1940. Den gjekk først for Nordolje, men låg for det meste til kai fram til mars 1941 då det vart forlanga av ein tysk løytnant, Laging, ved Kriegsmarinedienststelle (KMD) at den skulle gå for tyskarane. I følgje Dybwad-Holmboe forsøkte han fleire gonger å få frigitt båten, noko han også klarte to gonger i forbindelse med lofotfisket. Båten sank også to gonger, utan at «vi» hadde noko hastverk med å få reparert båten. Med «vi» så reknar eg med at det er meint Dybwad-Holmboe og Jakobsen.<sup>177</sup>

Etterforskinga i denne saka er eigentleg retta mot Helge Jakobsen, men Dybwad-Holmboe vart trekt med då han skulle ha opptredd på vegne av, eller til fordel for Jakobsen. Saka mot Jakobsen er ein inndragingssak, men det står at dersom Dybwad-Holmboe vart frifunnen så var det heller ikkje grunnlag for å fremje inndragingssak mot Jakobsen. Jakobsen vart idømd

---

<sup>174</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssvikssak mot Fritz Posti.

<sup>175</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssvikssak mot Helge Jakobsen og Bertram Dybwad-Holmboe.

<sup>176</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssvikssak mot Helge Jakobsen og Bertram Dybwad-Holmboe.

<sup>177</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssvikssak mot Helge Jakobsen og Bertram Dybwad-Holmboe.

eit førelegg fordi båten gjekk frivillig i tysk troppetransport. Kva som skjedde med Dybwad-Holmboe kjem ikkje fram. Det kan vere to grunnar til at Dybwad-Holmboe vart frikjend, eller at det ikkje var nok grunnlag for straff. Når båten vart kjøpt så hevdar Jakobsen å ha sagt tydeleg i frå om at den ikkje skulle gå for tyskarane, noko Dybwad-Holmboe hevdar ikkje stemde. I tillegg vart Dybwad-Holmboe på eit tidspunkt arrestert av tyskarane, og Jakobsen overtok bokføringa for båten.<sup>178</sup>

Når og kvifor han vart arrestert kjem ikkje fram. Det kjem heller ikkje fram kor lenge han var i varetekts hos tyskarane. Sidan det ikkje står noko om dette i rapporten til Ragnar Hansen, vart han neppe arrestert under tvangsevakueringa då det er rimeleg å anta at Hansen ville skrive om at ein i kommisjonen vart arrestert av tyskarane. Det kan hende han vart arrestert fordi båten ikkje vart reparert fort nok etter at den sank.

Conrad Rye-Holmboe vart arrestert den 23. mai 1945, og etterforska for å ha angjeve Sigurd Wilsgård. Bakgrunnen for dette var eit skriv som Rye-Holmboe sende til Tromsø Hamn og Transportarbeiderforeining då sjauarane, leia av Sigurd Wilsgård, nekta å fullføra lossearbeidet på D/S «Lofoten» i matpausen sjølv om det berre stod att ein til halvanna times arbeid. Wilsgård vart arrestert dagen etter. Rye-Holmboe vart lauslaten den 7 juli 1945 etter eit møte i Tromsø forhørysrett. Den vidare etterforskning kom fram til at Rye-Holmboe ikkje kunne vere angjevaren.<sup>179</sup>

Torbjørn Berg vart også etterforska for landssvik etter krigen. Han hadde vore medlem av NS sidan 1940 til april 1945, då han vart suspendert. Han vart idømd eit førelegg på 1 351,62 kr for å ha vore medlem av NS.<sup>180</sup>

---

<sup>178</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssviksak mot Helge Jakobsen og Bertram Dybwad-Holmboe.

<sup>179</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssviksak mot Conrad Rye-Holmboe

<sup>180</sup> RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221, 1945-47 Landssviksak mot Torbjørn Berg

## Kapittel 4: Byen og dei evakuerte

### 4.1. Tvangsevakueringa og Tromsøs rolle

Då flykningstraumen frå Finnmark og Nord-Troms var som størst og befolkninga i Tromsø vart fordobra med nærmare 10 000 evakuerte, var det mykje som måtte organiserast. Alle dei evakuerte måtte ha mat og innkvartering, mange trong klede og sko, og dei sjuke trong behandling og sengeplassar. I tillegg til dette kom også avlusinga. Sjølv om dette var eit enormt arbeid, verkar det som evakueringskontoret med sine nærmare 500 medarbeidarar hadde god kontroll, og fekk gjort opphaldet for dei evakuerte i Tromsø så godt som mogleg. Eg vil her gå igjennom referat frå møta i evakueringskommisjonen frå 9. til 20. november for gi eit bilet på byens rolle under tvangsevakueringa, og korleis situasjonen endra seg i løpet av denne perioden.

Frå den 9. november hadde evakueringskommisjonen møte kvar dag kl. 11 om føremiddagen for å halde sjefane for alle avdelingane ajour med kvarandre, og med leiinga. I møtereferatet frå den 9. november står det at forsyningsnemnda, som vart leia av forretningsførarane Halland og Brox, hadde veldig mykje å gjere. Den same dagen som møtet vart helde, hadde forsyningsnemnda måtte opne eit eige kontor for utdeling av matkort til dei evakuerte. Det hadde også vore naudsynt å halde opent på søndagar, og på natta for å tilvise proviant til båtane. Det var bra med matvarar i Tromsø, noko som var viktig. Det einaste som det byrja å minke på var brød. Det var òg vanskeleg å skaffe nok bakarar, og forsøk på å få frigitt bakarar som arbeidde for tyskarane vart avslått. Ein hadde også gjort forsøk på å skaffe bakarar nordfrå. Den 9. november klarte ein å koke mat til 8 000-9 000 personar dagleg.<sup>181</sup> Dette var ganske imponerande i ein by med 10 000 innbyggjarar.

Det som verkeleg var mangelvare, var klede og sko. Berre dei som absolutt måtte ha klede for å reise vidare fekk dette. Gjær var det også svært lite av, då det ikkje var komen nokon last med gjær på to veker. Det same gjaldt tobakk. Sukker hadde det vore tomt for i halvanna månad. For å utbetra gjærsituasjonen vart det send førespurnad til dei norske spritfabrikkar i Trondheim om å få eit halvt tonn gjær. Kven det var som sende denne førespurnaden, kjem ikkje fram, men det er rimeleg å anta at det var forretningsførar Halland som sende den. Ein vart lova å få gjær, men det var ikkje komen nokon melding frå Trondheim om kva som vart gjort. Det var òg 380 tonn sukker på veg til Narvik gjennom Sverige, men heller ikkje her

---

<sup>181</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

hadde ein fått bekrefta om dette var komen fram. Kjøt var det nok av då det vart slakta mykje i Nord-Troms. Ein god del klede var også på veg til Tromsø, men det var berre ein liten del av denne lasta som var komen fram.<sup>182</sup>

Den 10. november var det i følgje Ragnar Hansen om lag 8 000 evakuerte i Tromsø, og transporten sørover var det største problemet. Hansen hadde nok ikkje korrekte tal denne dagen, for den dagen det var flest evakuerte i Tromsø var den 14. november med 7 381 personar i byen.<sup>183</sup> Det ser ut til at transporten sørover var eit gjennomgåande problem, då det i alle møta vart tatt opp kva fartøy ei hadde tilgjengeleg for denne transporten. Dette vart ikkje enklare når RK hadde rekvikert dei fleste av dei større skipa, og var til dels svært motvillige til å frigi dei. Den 10. hadde ein også fått oppretta ein samlestasjon for evakuerte som var sjuke. Noko som berre vert nemnt ein gong er transporten innanfor Tromsø by. Dette vart tatt opp på møtet den 11. november, og ein fekk ordna det med to bussar og ei lastevogn som kom frå Finnmark.<sup>184</sup>

Det er underleg å sjå at RK, Wehrmacht og NS var heilt fråverande når det kom til handteringa av dei evakuerte i Tromsø. Som nemnd i kapittel 2.2 sette NS i gong sitt eige evakueringsapparat i Tromsø, der Nasjonal Samlings Helseorganisasjon skulle ta seg av dei evakuerte som kom til byen. Arbeidet til NSH vart raskt avløyst av evakueringskommisjonen, og etter dette var det ikkje noko meir snakk om at NS hadde noko å gjere med dei evakuerte i byen. Det var enkeltpersonar frå NS som var med i evakueringsarbeidet i Tromsø, og Lie var med på fleire møter i evakueringskommisjonen,<sup>185</sup> men det var aldri snakk om at NS ville vere ein del av arbeidet, eller at dei hadde planar for dei evakuerte. RK og Wehrmacht var svært sentrale i gjennomføringa av tvangsevakueringa, men det ser ikkje ut til at desse heller hadde noko å gjere med kva som skjedde i byen. Ein skulle jo tru at dei mest sentrale aktørane i evakueringa var interessert i korleis situasjonen i Tromsø var, og at dei ville vere involvert i kva som skjedde i byen. I den frivillige evakueringa var kravet frå tysk militær side at evakueringa kunne gå føre seg så lenge dette ikkje hindra tyske troppeflyttingar. Sjølv om dette kravet ikkje kom til syne under tvangsevakueringa, kan det likevel ha hatt noko å seie i forhold til Tromsø. Så lenge dei evakuerte ikkje skapte hindringar for den tyske

<sup>182</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>183</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 550.

<sup>184</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>185</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen

tilbaketrekkinga, så var det heller ikkje noko ein trøng å bry seg med. Ein annan faktor kan vere at dei såg at evakueringskontoret hadde god kontroll over situasjonen i byen, og at det ikkje var naudsynt for tyske militære- og sivile myndigheter å blande seg inn.

Kva planar tyskarane hadde for dei evakuerte etter at dei drog frå Finnmark og Nord-Troms, kjem ikkje fram nokon plass. Det er ikkje sikkert det var nokon plan i det heile. Befolknингa måtte bort slik at dei ikkje kunne støtte russarane, eventuelt hjelpe eksilregjeringa som kunne kome dit. Alt skulle øydeleggjast for å gjere det vanskelegast mogleg for russiske styrker å følgje etter tyskarane, eller til og med hindre dei i å følgje etter. Sidan dette var det viktigaste, kan det hende at ein var nøgd når ein hadde fått evakuert befolkninga bak Lyngen-linja, og at ein rett og slett ikkje brydde seg med kva som hende med dei evakuerte etter dette. Sjølv om ein kanskje ikkje ville innrømme det, såg nok dei fleste på tysk side kva veg krigen tok på hausten 1944. Det kan hende tyske myndigheter ikkje brydde seg så mykje om dei evakuerte då ein såg at ein ikkje kunne vinne krigen, og heller ikkje trøng å oppretthalde eit godt forhold til befolkninga i Noreg over lengre tid etter evakueringa.

Den 12. november opna Ragnar Hansen møtet med å opplyse om at det var kome 3 000 evakuerte til Tromsø i løpet av natta, og at vidaretransporten av dei evakuerte framleis var eit problem.<sup>186</sup> Sidan dette ikkje vert nemnd som eit problem seinare, eller i det heile tatt diskutert, verkar det til at det ikkje var nokon større vanskar med at det kom 3 000 i løpet av ei natt. Det står ikkje noko om kor mange evakuerte det var i byen, men det må ha vore nokre tusen evakuerte sidan det framleis var vanskeleg å få send folk sørover. Dette vil i så fall bety at ein ikkje hadde nokon problem med å innkvartera og skaffe mat til dei nye som var kome. Vidare på møtet vart det tatt opp at FEG brakka vart frigitt av tyskarane, og at ein evakuert gamleheim hadde flytta inn der. Strimmelen skule og Soldatenheim vart også frigitt, og desse tre bygga var det legevaka som disponerte.<sup>187</sup>

Det som får mest merksemd når det kjem til opphold i byen for dei evakuerte, er dei som er sjuke. På møtet den 12. vart det tatt opp av dr. Kjeang at ein hadde oppretta ein sjuketransportsentral med ein del folk frå det sivile luftvernet, i tillegg til døgnvakt på lasarettet. Tida det tok å få dei sjuke om bord på eit skip hadde vore eit problem. Dette hadde ein fått redusert frå åtte timer, til to og ein halv time. Epidemifaren skapte visstnok store

---

<sup>186</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>187</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

vanskar ved innlegging av sjuke. På dette tidspunktet såg det ikkje ut til at det var nokon stor fare for at ein epidemi skulle bryte ut, men diagnosane var heller ikkje klare.<sup>188</sup>

Det største problemet var å få i stand ei effektiv avlusing. Det var liten hjelp i at folk vart avlusa i Tromsø når dei kom om bord i skip som var fulle i lus. Ein hadde fått folk frå det sivile luftvernet til å hjelpe til i arbeidet med avlusing. Sjølv om det flomma over av lus så var det ikkje så mykje meir ein kunne gjere, då ein ikkje kunne omdanne heile lasarettet til avlusingsstasjon. Ei anna sak som var viktig var vaksineringa av dei evakuerte mot difteri og tyfus. Ein hadde sett i gong vaksinering av dei som jobba ved lasarettet. Problemet med vaksinering av dei evakuerte var at vaksinen mot difteri måtte setjast i to omgangar med ein månads mellomrom. For å redusera epidemifaren vart heile befolkninga i Tromsø tvangsvaksinert mot difteri. Legane var redde for tyfus fordi det året før hadde vore mykje tyfus i Kirkenes. Ein trond også fleire legar.<sup>189</sup>

I referatet frå møtet den 13. november kjem det fram at ein hadde mjøllager for to månadar i Troms fylke. Fett var på veg nordover, men sukker fekk ein framleis ikkje tak i. Det var også vanskeleg å skaffe kjøt frå evakueringsdistrikta fordi tyskarane beslagla båtane. I Tromsø fekk ein berre skaffa mindre enn halvparten av brøda ein trond. Det var berre brød som vart bakt i byen, og bakarane hadde 12-timars arbeidsdag, inkludert søndagar. Ein prøvde å betre situasjonen ved å auke produksjonen med 50%. Brød vart gitt til passasjerane på fartøy som skulle gå sørover. Kor mykje brød som gjekk med til dette kjem ikkje fram, eller om det var til denne transporten ein trond mest brød. Ein kokte dagleg 10 000 liter suppe, og ein hadde fått sett evakuerte i arbeid med koking og servering. På registreringskontoret hadde ein i tida mellom 8.-12. november registrert 10 691 evakuerte. Av desse hadde 2 300 reist sørover. Innkvarteringa gjekk for det meste utan problem. Kvart døgn kom det 2-3 000 personar til Tromsø, men mange av desse reiste vidare med fiskeskøyter som ikkje var ein del av den ordinære transporten sørover.<sup>190</sup>

Epidemiavdelinga var fullbelasta og kunne ikkje ta imot fleire pasientar, og Kjeang var den einaste legen på den avdelinga. Fem sjukepleiarar var òg overarbeidd. For å hjelpe på situasjonen på epidemiavdelinga fekk ein bruke dei to vanføreheimane. I følgje Kjeang var

---

<sup>188</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>189</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>190</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

det god plass på alle evakueringssstader natta til den 13. Situasjonen var bra i metodistkyrkja og i domkyrkja, men latrineforholda i domkyrkja var ikkje som det burde vere. Ein hadde også fått bruke lærfabrikken til avlusing.<sup>191</sup>

I referatet frå møtet den 14. november kan ein sjå at det vart naudsynt å byggje ut heile apparatet for å sikre sjukehusplassar for dei evakuerte. Innunder dette kom også transport av sjuke, som skulle verte ein eigen avdeling. Kysthospitalet saman med Tromsø sjukehus hadde 60 plassar som var klare til bruk. Ein måtte òg få på plass fleire avlastningsstasjonar som for det meste ville fungera som pleieheim for evakuerte som var så skrøpelege at dei ikkje kunne plasserast saman med dei andre evakuerte. Det var om lag 47 personar som hadde epidemiske sjukdommar. Fleire av desse måtte overførast til Gibostad der det var legebustaden som i all hovudsak var brukt til å behandle sjuke. Ein rekna med å få frigitt landbrukskulen av tyske myndigheter. Denne skulle brukast til medisinal formål, og fylkeslege Haagensrud meinte at denne burde byggjast ut for avlasting av difteriavdelinga. Dei rolege sinnsjuke skulle framleis plasserast på Kysthospitalet, medan dei urolege sinnsjuke vart plassert hos politiet til dei kunne sendast sørover.<sup>192</sup> Som nemnd tidligare var dette den dagen då det var flest evakuerte i byen, utan at dette kjem fram i møtereferatet.

Legevaka arbeidde med å fordela dei sjuke, og legevaka fekk kvar dag tilsend ei liste over ledige sjukehusplassar. Det aller viktigaste var å få transportert dei sjuke vekk frå byen. Landbrukskulen mangla utstyr, og ein måtte finne ei løysing for transport av dei epidemisk sjuke til Gibostad. I tillegg var det lite med vatn ved tuberkuloseheimen. Avlusinga var framleis eit problem då lasarettet hadde for liten kapasitet, men tyskarane hadde frigitt lærfabrikken så den kunne brukast til dette. Avlusinga vart no lagd inn under Tromsø Helseråd med bylegen som sjef.<sup>193</sup>

Forsyningsspørsmålet hadde ein i følgje Halland løyst på ein god måte. Bakeriet på Finnsnes hadde fått redusert spenninga på straumnettet, noko som medførde at berre ein av dei fem omnane kunne brukast, og dette var det største bakeriet utanfor Tromsø. Ein hadde fått to bakarar frå Lyngseidet til Tromsø, saman med deira utstyr. Alt anna vart rekvisert av

---

<sup>191</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>192</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>193</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

Wehrmacht. Tilførsel av matvarer til Tromsø var heilt avhengig av kor mange skip ein hadde tilgjengeleg. På dette tidspunktet gjekk det med veldig mykje mjøl.<sup>194</sup>

På møtet den 15. november kjem det fram at ein hadde fått inspisert lærfabrikken, og at den var tilfredsstillande som avlusingsstasjon. Ein skulle også sende fleire av dei epidemisk sjuke til Gibostad, slik at ein fekk mindre belastning på epidemiavdelinga på Kysthospitalet. Det var altfor få sjukepleiarar i byen på dette tidspunktet. Ein hadde også sett 60 evakuerte menn til å grave tilfluktsrom i Tromsø, men dagen før var det fleire av desse som ikkje hadde fått mat, og den 15. hadde nesten ingen fått mat. Politikommendør Stephanson meinte at desse burde ha fått tungarbeidarrasjonar. Sjølv om forsyningsnemnda var overarbeidd, så kunne denne situasjonen vore løyst viss ein hadde send ein førespurnad til Halland.<sup>195</sup>

I referatet frå den 16. november kjem det fram at den 15. var det 7 200 evakuerte i Tromsø. I følgje ingeniør Lien hadde ein nå nådd toppunktet. Ein hadde sendt telegram til Trondheim og Oslo for å få sendt opp forsyningar, men det var ikkje komen noko. Fleire sendingar med forsyningar som skulle til Tromsø hadde stoppa i Trondheim, og vart tatt over av firma der. Det var foreslått av Torbjørn Berg at ein søkte om å få frigitt Frelesarmeens sine lokalar for å bruke desse som lasarett. Då ville ein også få hjelp av Frelesarmeens sine folk. I følgje fylkeslege Haagensrud hadde ein nok plassar så lenge Soldatenheim var frigitt med 106 senger med ullteppe og laken, men det var vanskeleg å få tak i nok sjukepleiarar. Ein hadde fått auka spenninga på straumnettet igjen så bakeria no hadde full drift.<sup>196</sup>

Møtet den 17. november vart innleia av Lie som opplyste at ein no hadde evakuert mellom 28 000-30 000 personar. Talet på evakuerte i Tromsø hadde nådd sitt toppunkt. Den 16. hadde det komen 1 379 personar til Tromsø, og 2 215 personar hadde reist vidare sørover. I tillegg var det etterlengta forsyningar på veg til Tromsø, 6,5 tonn mjølk, 30 tonn havregryn og 2 tonn kolonialvarar. Det var også margarin om bord på «Bjørnefjell» som låg i Harstad, og som ein lokalbåt skulle ta med seg nordover. Det vart diskutert kva ein skulle gjere med reinflokkane og samane som følgde med, og kost og losji til desse. Det var visstnok plass til 4 000 av desse i Troms. Om det her er snakk om samar eller rein, kjem ikkje fram. Det vart oppmoda at fylkesmannen i Nordland undersøkte kor mange samar Nordland kan ta imot. Forutan

---

<sup>194</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>195</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>196</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

mangelen på fett så var matsituasjonen bra i Tromsø. Alle sinnsjuke og tuberkuløse var send frå Tromsø, og det var godt med plass for sjuke i byen.<sup>197</sup>

Den 18. november var det 5 508 evakuerte i Tromsø. Dei 104 fata med margarin i Harstad skulle kome dagen etter. 1 629 personar vart send sørover den 17. november, og mellom den 13. og den 17. vart det send 7 758 personar sørover. På møtet tok Torbjørn Berg opp saka om at huseigarar som ein hadde rekvirert rom hos til evakuerte, burde få godtgjersle for dette. Kontrollnemnda skulle sørge for at huseigarane fekk erstatta mat, brensel og liknande. Tromsø hadde berre fått halvparten så mykje poteter som byen eigentleg skulle hatt den hausten, og mykje av potetene var gått med til dei evakuerte. Tyskarane hadde også rekvirert ein del. Det var send melding til Trondheim for å få skaffa nok poteter. Det var også tobakk til ein verdi av 70 000 kr på veg til Tromsø.<sup>198</sup> Dette er ganske interessant, fordi dette er veldig mykje tobakk. I dagens kronekurs er dette tobakk for om lag 1 461 765 kr, og det er enorme mengder.

Evakueringskommisjonen disponerte forsamlingshus, kyrkjer og skular til innkvartering av evakuerte. I tillegg hadde ein også 240 leilegheiter der eigarane var villige til å huse evakuerte, og det er nok desse huseigarane Torbjørn Berg tek opp.<sup>199</sup>

Den 19. var det veldig lite poteter og brensel i Tromsø, og dette måtte gjerast noko med snarast. Det var òg komen telegram frå Oslo med spørsmål om kor mykje av forskjellige forsyninger som måtte sendast til Tromsø. Ein rekna med at folketalet i Tromsø ville stige med 5 000-6 000, og det var bestilt 6 000 nye rasjoneringskort. Den 18. vart det send ein kuttar til Skjervøy for å hente sjuke. Desse skulle transporterast til Tromsø og leggjast inn på sjukehuset her. Etter omstenda var det bra med fisk som kom til byen.<sup>200</sup>

Den 20. november vart møtet innleia av Lie som sa at ein no var komen til fristen for tvangsevakueringa. I følgje Lie så var også mesteparten av evakueringsarbeidet fullført. Det var om lag 3 000 evakuerte i Tromsø den 20. november.<sup>201</sup>

---

<sup>197</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>198</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>199</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 550.

<sup>200</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

<sup>201</sup> «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946 Møtereferat, gjengitt i rapporten til Ragnar Hansen.

Ut frå det ein kan sjå i møtereferata verkar det som evakueringskommisjonen hadde god kontroll over situasjonen, sjølv når det stod på som verst. Det ser ikkje ut til at dei støtte på verkeleg store problem heller, som til dømes at ein ikkje lenger hadde mat i Tromsø eller store utbrot av tyfus eller liknande. Delar av referata er veldig oppstykka, og har setningar innimellom som ikkje heng i saman verken med setninga før eller etter. Dette kjem nok av at møta er stenografisk referert. Det viktigaste er komen med, men det er til tider noko usamanhengande og ein får ikkje nokon god oversikt over korleis den generelle situasjonen var i Tromsø. Eg reknar med at dersom det hadde gått verkeleg ille på eit eller anna tidspunkt, så ville dette kome godt fram i referata. Som nemnd tidligare var det enkelte problem som kom, men desse fekk heller ikkje så stort fokus. Det kan hende at dei problema som oppstod ikkje var særleg vanskelege å løyse.

Sjølve evakueringskommisjonen og alt rundt vart bygd opp etter kvart som fleire og fleire kom. I tillegg til ein enorm arbeidskapasitet hos alle dei som var involvert, må jo dei som sat i kommisjonen ha vore eksepsjonelt gode til å gjere den jobben dei skulle gjere. Det var nok ein grunn til at dei som sat i kommisjonen faktisk sat der, men her var det også andre faktorar som spela ei viktig rolle. Det usedvanleg gode været hausten 1944 har vorte trekt fram som ein av dei viktigaste grunnane for at evakueringa gjekk så bra. No er det vanskeleg å seie kor mykje dette spela ei rolle for forholda i Tromsø, og det hadde nok mest å seie for transporten frå Finnmark. Matsituasjonen i byen var mykje meir sentral. I følgje møtereferata var det stort sett bra med mat, bortsett frå noko mangel på brød, feitt, sukker, poteter og gjær. Av referata kjem det ikkje fram om ein heile tida hadde store matlager i Tromsø, eller om dette var noko ein byrja å byggje opp når ein såg at det ville kome mange evakuerte. Nye forsyningar med mat vert berre nemnd nokre få gonger, og då var det som oftast noko ein mangla, til dømes feitt. Det er då rimeleg å anta at det anten kom nye forsyningar ganske ofte, eller at ein hadde det ein trond i Tromsø. Det er mest sannsynleg sistnemnde som er tilfelle då det vart tatt opp når skipet med fleire titals tonn med havregryn, mjølk og kolonialvarer var på veg til Tromsø.

I dei siste vekene av 1944 var Tromsø by og dei sentrale delar av Tromsøysund fullstendig overfylt av menneske. Sjølv om byens befolkning var ein del redusert på grunn av frivillig utflytting, var det likevel opptil 7 000 evakuerte der i denne perioden. I tillegg var det om lag 6 000 tyske soldatar frå finlandshæren, og ein garnison i Tromsø-området på om lag 8 000.<sup>202</sup> Alle desse soldatane som var i Tromsø-området i tillegg til dei evakuerte og dei som budde

---

<sup>202</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 552.

der, gjorde nok at det var ein del meir mat i Tromsø enn det elles ville ha vore. Det er umogleg å seie kor mykje av denne maten som gjekk til dei evakuerte.

Den 9. november hadde forsyningsavdelinga moglegheit til å koke middagsmat til 8000-9000 personar dagleg. Maten vart laga på Kaffistova, sjukehuset, Sagatun og meieriet. På meieriet var det to kjelar på til saman 4000 liter. På sjukehuset hadde ein kapasitet til å lage mat til 600 personar, og på Sagatun og Kaffistova til 500.<sup>203</sup>

Det er imponerande at ein klarte å lage mat til så mange. Det må sjølv sagt takast i betrakting at dette var noko som måtte gjerast, men det var likevel ei bragd. Det står ingenting om kva slags mat som vart laga, eller kvaliteten på han, men det var nok ofte suppe av eit eller anna slag. Dette gjorde at dei evakuerte i vert fall fekk eit varmt måltid om dagen, sjølv om det vart strengt rasjonert. Det kjem heller ikkje fram kor mykje mat dei evakuerte fekk kvar dag, med unntak av problema med mat til dei evakuerte som vart sett i arbeid for å grave tilfulktsrom. Her vart sagt at desse skulle hatt tungarbeidarrasjonar, noko som må innebere meir mat enn det som vanlegvis vart gitt. Underernæring som ei følgje av for knappe rasonar generelt i Tromsø, eller blant dei evakuerte, såg ikkje ut til å vere eit problem då dette aldri vart tatt opp. Eg seier ikkje at ein levde i sus og dus, då det ser ut til at det var strenge rasonar, men det ser heller ikkje ut til at rasonane var altfor knappe.

Behandling og plassering av evakuerte som var sjuke var eit gjennomgåande tema i møta, i tillegg til avlusing. Vaksinering av dei evakuerte mot difteri såg òg ut til å vere eit sentralt spørsmål då ein ikkje fekk fullført vaksineringa i Tromsø. Dette vart likevel ikkje tatt opp igjen. Anten fann dei ei løysing med vaksinering ein annan plass, eller så var det rett og slett ingenting dei kunne gjere med det. Fleire sjukehusplassar og det at epidemiavdelinga var fullbelasta var også problem ein møtte relativt tidleg. Det ser likevel ut til at ein raskt fekk ei ordning på dette då det ikkje vart tatt opp som eit problem i dei neste referata.

Hausten 1944 var det tre sjukehus i Tromsø. Det første var Troms og Tromsø sjukehus, som vart ferdigstilla i 1922. Dette sjukehuset hadde då 115 sengeplassar.<sup>204</sup> I 1927 vart sjukehuset utbygd, og det hadde til saman 144 sengeplassar etter utbygginga.<sup>205</sup> Det andre sjukehuset var Kysthospitalet som vart etablert i 1923-24. Hospitalet hadde 100 sengeplassar, og vart bygd

---

<sup>203</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>204</sup> Ytreberg, *Tromsø bys historie : 3*, s. 44-46.

<sup>205</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 383.

for å behandle ledd- og knokkeltuberkulose, samt kjerteltuberkulose.<sup>206</sup> Ein hadde også det nye St. Elisabeth hospitalet, som vart bygd på Mellomvegen, og stod ferdig i 1924 med 45 sengeplassar. Det vart då rekna for å vere eit moderne og velutstyrt sjukehus. I juli 1942 vart heile hospitalet rekvirert av Wehrmacht, og det vart brukt som hospital for tyske styrker. Det vart ikkje frigitt for alminneleg bruk igjen før sommaren 1945.<sup>207</sup>

Til saman hadde Tromsø sjukehus og Kysthospitalet 244 sengeplassar. Det er vanskeleg å seie kor mange av desse som allereie var i bruk, eller om Wehrmacht hadde rekvirert nokre av desse sengene også. Ein hadde i tillegg lasarettet med 30 sengeplassar<sup>208</sup> og epidemiavdelinga på Gibostad. Det kjem ikkje fram kor mange sengeplassar ein hadde på Gibostad. Ein hadde då om lag 274, mest sannsynleg noko færre, sengeplassar i Tromsø som kunne stillast til disposisjon for dei evakuerte. Sjølv om dette ikkje ser ut til å vere så veldig mange når fleire titals tusen skulle passera gjennom byen, verkar det som evakueringskommisjonen fekk gjort det beste ut av det.

Den 30. oktober reiste 14 sjukepleiarar frå Raude Kross nordover frå Trondheim til Mosjøen, av desse vart seks send til Tromsø. Det var allereie fem sjukepleiarar frå Raude Kross i Tromsø då dei seks nye kom. Dei fem første kom i midten av oktober.<sup>209</sup> Den 16. november sende Raude Kross tre sjukepleiarar til Gibostad epidemilasarett etter oppmoding av overlege Atle Berg. Ein trond ekstra hjelp der fordi talet på difteripasientar auka.<sup>210</sup>

Roald E. Ekholt som var sekretær ved landsforeininga til Noregs Raude Kross, kom til Tromsø den 27. november. Han hadde vore innom epidemilasarettet på Gibostad der ein hadde byrja å sette landbruksskulen i stand for å ta imot difteripasientar. Tromsø Raude Kross krets var sett inn i arbeidet ved å hjelpe til med utdeling av klede, mat, pengar og opplysingstenester, med meir. Raude Kross støtta også Fylkessjukehuset med materiell når ein skulle opprette difterilasarettet på Gibostad.<sup>211</sup>

Tromsø var definitivt den byen som kjende mest på presset under evakueringa, og Raude Kross hadde sett inn alt i arbeidet for å gjere situasjonen for dei evakuerte best mogleg. For

<sup>206</sup> «Tromsø Kysthospital,», <http://www.tekniskmuseum.no/historier/tida-etterpa-var-den-verste-tromso-kysthospital/574-tromso-kysthospital>.

<sup>207</sup> Kari Bjerck, «St. Elisabeth Hospitalet,» <https://uit.no/Content/416115/Av%20Kari%20Bjerck.pdf>. Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 383.

<sup>208</sup> Pedersen, *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*, s. 383.

<sup>209</sup> Nord-Troms museum, «Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945.», 1946

<sup>210</sup> Tromsø Statsarkivet, Røde Kors arkivet, Da8, , «Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944», 1944

<sup>211</sup> «Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944», 1944

dei seks sjukepleiarane var det eit veldig arbeidspress i tida det gjekk mest hektisk for seg. Dei jobba døgnet rundt på legevakta, i avlusingsanstaltane og om bord i evakueringsbåtane. Når båtane skulle lastast hadde sjukepleiarane fullmakt til å gi dei beste plassane til gamle, sjuke og barn. Dersom det var naudsynt måtte ein av sjukepleiarane sendast med evakueringsbåten til Mosjøen. Dette var noko ein vanlegvis klarte å unngå ved at ein sende med ein sjukepleiar som kom frå evakueringsområdet.<sup>212</sup>

Det var send fleire ekspedisjonar frå Tromsø til Lyngenfjorden for å hente sinnsjuke og difteripasientar. I følgje Ekholt så var «Disse reiser på jakt efter rømte sindsyke i folketomme trakter ikke uten spenningsmomenter»<sup>213</sup>

Raude Kross sjukepleiarane i Tromsø hjelpte også til ved vaksinering av dei evakuerte. Då straumen av evakuerte byrja å minke, avvikla sjukepleiarane arbeidet sitt i Tromsø og drog tilbake til Trondheim. Fylkeslege Haagensrud hadde sagt til Ekholt at det var takka vere sjukepleiarane frå Raude Kross at gamle og sjuke hadde klart seg så bra etter påkjjenningane ved den ukomfortable transporten. Det var ikkje berre arbeid deira som å hjelpe legane, vere med sjuketransportar og varsle alvorlege sjukdommar som var viktige. Det var også tryggjande for dei evakuerte å sjå at Raude Kross var ein del av apparatet som tok imot dei.<sup>214</sup>

Det verkar til at alle føresetnadane som måtte til for å få gjort opphaldet i Tromsø for dei evakuerte best mogleg, var på plass. Anten evakueringskommisjonen ordna det, eller det allereie var klart, var dette ein viktig del av prosessen. Ta til dømes innkvarteringa. Det vart aldri tatt opp på nokon av møta at ein ikkje fann soveplassar til evakuerte. Som nemnd tidligare disponerte kommunen kyrkjer, forsamlingslokale og skular til innkvartering, men det vart også stilt 240 privateigde leilegheiter til bruk for innkvartering. Det er ikkje sikkert at innkvarteringa hadde gått like greitt dersom eigarane av desse leilegheitene ikkje hadde latt dei evakuerte disponera desse husværa.

Sjølv om evakueringskommisjonen gjorde ein framifrå jobb, var innsatsen til dei om lag 500 medarbeidarane i byen også veldig viktig. Det vart laga mat til 10 000 personar, därleg merka bagasje vart transportert til og frå fartøy utan at noko forsvann og registrering og innkvartering av fleire titals tusen personar vart utført. Det hadde ikkje vore mogleg å få gjennomført dette utan alle dei som hjelpte til i Tromsø, og det verkar til at det var ei god

---

<sup>212</sup> Statsarkivet, Røde Kors arkivet, Da8, «Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944», 1944

<sup>213</sup> «Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944», 1944

<sup>214</sup> «Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944», 1944

«dugnadsånd» i heile byen, uansett kor mykje arbeid det var. Sjølv om Ragnar Hansen berre nemnar dei nærmare 500 medarbeidarane i forbifarten, er det rimeleg å anta at Hansen sette veldig stor pris på arbeidsinnsatsen til desse personane. Evakueringskommisjonen hadde ikkje komen så veldig langt utan dei. Det såg ikkje ut til at parolen frå London hadde særleg mykje å seie i Tromsø. Dette kan nok forklara med at ein faktisk såg kor ille det var, og at dei evakuerte måtte hjelpas sjølv om meldinga frå London var at ein ikkje skulle understøtte evakueringa på nokon måte. Mange såg nok også det Ragnar Hansen forstod når han fekk vite om tvangsevakueringa. Her måtte ein gjere alt ein kunne for å unngå at fleire tusen evakuerte døydde på vegen sørover.

## Kapittel 5: Konklusjon

Tvangsevakueringa var blant dei mest dramatiske og tragiske hendingane på norsk jord under den 2. verdskrigen. Med nærmare 70 000 menneske som vart direkte påverka, og eit område nesten halvannan gong så stort som Danmark som vart rasert av tyskarane. Stort sett alt i Finnmark vart øydelagd, og dei fleste var fordrevne frå sine heimar. Det er eigentleg utruleg at ikkje fleire liv gjekk tapt under evakueringa.

Det første momentet eg har sett på er om det var ei spenning mellom NS sitt arbeid med tvangsevakueringa og arbeidet til evakueringskommisjonen, og om evakueringskommisjonen heldt avstand til NS-styret. I denne samanhengen er forholdet mellom NS, Reichskommissariat og Wehrmacht også av interesse.

Det var NS-styret som fekk ansvaret for å setje i gong, og å gjennomføra den frivillige evakueringa. Det å skulle få folk til å forlate heimane sine vil aldri vere lett. Spesielt når folk flest, med god grunn, ikkje såg kvifor dei skulle reise. I byrjinga vart det òg nedlagd forbod av Wehrmacht mot å gjere evakueringa kjend offentleg. Dette forbodet kom fordi Wehrmacht ikkje ville at russarane skulle sjå evakueringa som eit svakheitsteikn hos tyskarane. Det er likevel lite som tydar på at mange fleire ville reist, sjølv om det kom oppslag om evakuering så tidleg som midten av oktober. Kviskrepropaganda, som skulle skape russefrykt, var den einaste måten ein kunne oppmode folk til å dra så lenge det var forbod mot offentleggjering. Dette hadde ikkje nokon særleg verknad, og dei fleste som drog var NS-folk og tyskvennlege. Sjå kapittel 2.1, og 3.2. Det ser ut som NS og tyskarane hadde store forventningar til den frivillige evakueringa, og at ein rekna med at mange tusen ville dra. Kvifor ein var så overtydd, er vanskeleg å seie. Ein trudde kanskje at befolkninga i nord var like redde for russarane som det NS og tyskarane var. Den frivillige evakueringa fekk langt frå det resultatet ein hadde håpa på, og vart sedd på som totalt mislukka.

Terboven var slett ikkje nøgd med den mislukka frivillige evakueringa. Han var også veldig pessimistisk i forhold til krigssituasjonen i Finnmark, og meinte at ei tvangsevakuering med nedbrenning av alt var den einaste løysinga. Dette skulle ikkje berre hindra russarane i å følgje etter dei tyske troppane, men det skulle også hindre at den norske eksilregjeringa kunne få fotfeste i eit frigjort Finnmark. For å få dette gjennomført fekk han pressa igjennom at Hitler måtte kome med ein ordre om tvangsevakuering. Hitler sitt «Führerbefehl» kom den 28. oktober, der det vart gitt ordre om at alle aust for Lyngen skulle evakuerast, og at alt skulle brennast. Det var Wehrmacht som fekk ansvaret for å gjennomføra den brente jords

taktikk. Den tyske hæren var likevel svært lite interessert i store flykningstraumar som kunne hindre tilbaketrekinga langs Riksvek 50. Grunnen til at det var Wehrmacht som fekk dette ansvaret, var nok at dei var dei einaste som kunne gjennomføre dette. Norske myndigheter hadde neppe folk, eller støtte nok, til å gjere det. I tillegg så hjelpte heller ikkje den rimeleg resultatlause frivillige evakueringa på trua som tyskarane hadde på norske myndigheters gjennomføringskraft.

Sjølve evakueringa av folk bort frå Finnmark, var det NS-styret, evakueringskommisjonen og befolkninga sjølv som gjorde. NS styrde blant anna evakueringsapparatet i Finnmark, og dei arbeidde for å skaffe fartøy til evakueringstransport. Mange drog òg med eigne båtar frå Finnmark, og dette var nok ein viktig grunn for at evakueringa gjekk bra. Då tyskarane prøvde seg på evakueringstransport med lasteskipa «Carl Arp» og «Adolf Binder», så medførde det mykje større påkjenningar og fleire lidingar for dei evakuerte enn det som var naudsynt.

Det gode været som var hausten 1944 har vorte framheva som ein av dei viktigaste faktorane for at evakueringa gjekk bra. I og med at dei aller fleste drog med småbåtar frå Finnmark, hadde nok det gode været mykje å seie. Med kraftig hauststormar ville det ha vore mange forlis. På den andre sida hadde det truleg tatt lenger tid å få transportert folk sørover, då mange neppe ville dratt i små båtar i därleg vær og høg sjø.

Det andre momentet eg skulle sjå på var om dei sentrale aktørane som var involvert hadde særskilde evner eller føresetnader for å løyse denne krisa. Her har evakueringssjef Ragnar Hansen vore trekt fram, men òg andre. Kva kunne i tilfelle bidra til å forklare gjennomføringskrafta hos dei sentrale aktørane? Og kva føringar la andre, utanforståande aktørar, på verksemda til evakueringskommisjonen?

Evakueringskommisjonen og Ragnar Hansen sitt arbeid var òg veldig sentralt i heile evakueringsprosessen. Kommisjonen vart bygd opp gradvis etter kvart som det kom fleire og fleire folk, og det kan sjå ut til at denne oppbygginga var veldig ad hoc. Det verkar likevel til at det fungerte svært godt, sjølv om denne oppbygginga vart gjort over berre nokre få dagar. Ragnar Hansen hadde nok eit veldig godt organisatorisk talent, som heile tida hadde oversikt og kontroll på kva som hende. At Hansen ikkje hadde eit særleg godt forhold til NS, er noko han sjølv framhevar i rapporten. Når NS prøvde å etablera sin eigen evakueringskommisjon med Nasjonal Samlings Hjelpeteneste, så var ikkje Hansen villig til å hjelpe NSH med arbeidet på nokon måte. Det var ikkje før heile evakueringsarbeidet til NSH falt i fisk at

Hansen ville ha noko med dette å gjøre. Det var rett og slett heilt uaktuelt å samarbeide med NSH.

Spanninga mellom NS og evakueringskommisjonen kjem tydeleg fram i arbeidet med mottakinga av evakuerte i Tromsø, og det går òg igjen under heile tvangsevakueringa. I forhold til mottakinga så forsvann dette problemet raskt, men det vart gjennom heile tvangsevakueringa gjort tiltak av Ragnar Hansen, mest sannsynleg støtta av kommisjonen, for å halde NS ute av evakueringsarbeidet.

Hansen understreka sjølv at han heller ikkje ville ha NS-folk inn i kommisjonen, og han gjorde det han kunne for å få sjalta ut dei som kom inn. Det «offisielle» argumentet for dette vart at han ville unngå politiske motsetnadar i arbeidet, noko som – underforstått- kom av at han ikkje ville ha noko med NS å gjøre. Hansen fortalte Lie at grunnen til at han ikkje ville ha NS-folk i kommisjonen, var at det ikkje fanst duglege personar frå NS å sette i arbeid.

Samtidig ser vi at denne argumentasjonen haltar noko, for det var jo personar frå NS som jobba i kommisjonen. Hansen var også nøgd med arbeidet dei gjorde. Til dømes karakteriserte han sitt samarbeid med Halland som «sakleg», og han sette stor pris på arbeidet til Torbjørn Berg. Han gjorde heller aldri noko forsøk på å sjalte ut Halland. Det verkar ikkje som Hansen hata alle som hadde noko å gjøre med NS. Han var også ein tur til Skaidi saman med NS-folk. Sjølv om det ikkje kjem fram kva han gjorde der, utan om at Hansen rekvirerte bilen til Wiborg Thune, ser det ut til at han har hatt meir med NS å gjøre enn det han sjølv ville skrive i rapporten sin.

Kva forhold dei andre i evakueringskommisjonen som ikkje var NS-medlem hadde til NS, kjem ikkje fram. Det er ikkje godt å seie kor mykje støtte Hansen fekk av dei andre medlemmane av kommisjonen når han ville sjalte ut NS-folk, eller nekta å ta inn nye. Det kan hende det var brei einigkeit om dette, men det er i så fall ikkje noko Hansen tok med i rapporten sin. Det igjen tydar ikkje at han hadde noko til overs for NS, men heller at han var nøydd til å ha eit samarbeid med dei for å få noko gjort. Etter at freden hadde komen, då Hansen skreiv rapporten sin, følte han truleg eit behov for å markera avstand. Dette viser at førestillinga om dei reine linjer mellom motstand og kollaborasjon ikkje alltid lot seg oppretthalde. Av og til var det gråsoner som var det typiske.

Ragnar Hansen og dei andre medlemmane i evakueringskommisjonen hadde ei enorm gjennomføringskraft. Det å skulle organisera all transport og sørge for innkvartering, registrering, matlaging og helsetenester for fleire titals tusen som hadde Tromsø som

stoppestad, kravde mykje. Ein måtte ha stålkontroll og oversikten over alt innanfor kvar person sitt ansvarsområdet, dersom ein skulle få gjennomført arbeidet til kommisjonen. Det ser ut til Ragnar Hansen var svært dyktig i jobben han gjorde, og at han visste kva som måtte til for å få det til å fungera best mogleg. Hansen sine tidligare erfaringar som evakueringssjef for Tromsø by, hadde nok mykje å seie. Dette gav han nok mykje innsikt i kva som måtte gjerast i ein evakuering. Det verkar som han ville at kommisjonen skulle ha mest mogleg kontroll over alt som hadde å gjøre med dei evakuerte. Ved å ta på seg mest mogleg ansvar, og unngå innblanding frå andre aktørar som NS og NSH, stod Hansen og kommisjonen også ganske fritt. Dette gjorde nok arbeidet deira noko enklare, enn om ein heile tida skulle halde seg til andre aktørar som også deltok i det same arbeidet. Dessutan unngjekk ein arbeids- og interessekonfliktar, noko som også var argumentet i forhold til NS.

Det er vanskeleg å seie noko om særskilde eigenskapar ved alle i kommisjonen, då det ikkje står så mykje om kvar enkelt. Noko som likevel er sikkert, er at dei fekk sin posisjon i kommisjonen for ein grunn. Dei var flinke til å gjøre den jobben dei fekk. Det er lite sannsynleg at Ragnar Hansen ville hatt nokon i kommisjonen som ikkje kunne utføre den jobben vedkommande vart sett til, uansett politisk syn. For Hansen stod dette arbeidet om å redde liv, og han såg på det som svært viktig. Dersom nokon i kommisjonen hadde vore usikka til å gjøre jobben sin, så er det rimeleg å anta at Hansen raskt ville byta ut personen.

Dugleik, mykje erfaring frå liknande arbeid og kontroll over nøyaktig kva som hende og kva som måtte gjerast i kvar person sin avdeling, er nok mykje av forklaringa på korleis dei klarte å løyse evakueringskrisa. Eit godt gjennomført arbeid, der alle kommisjonsmedlemmane gjorde alt skikkeleg i alle ledd, hadde mykje å seie for at dette skulle gå bra. Med ein haltande evakueringskommisjon, der medlemmane ikkje visste kva dei held på med, ville nok fått store negative konsekvensar.

Bertram Dybwad-Holmboe er den personen i evakueringskommisjonen eg har funne mest om. Det verkar som han ikkje var ukjend med leiar- og organiseringarbeid før han kom inn i kommisjonen, men det ser ut som organiseringa av mindre fartøy, å sørge for proviant, olje og utstyr til desse, var noko nytt for han. No skal det jo seiast at det sikkert var fleire i kommisjonen som ikkje var ekspertar på nøyaktig det område dei var ansvarlege for, men felles for dei var nok det at dei hadde mykje erfaring frå tilsvarande type arbeid.

Det verkar som NS hadde interesse av å ha sine folk med i evakueringskommisjonen, då dei fleire gonger prøvde å sette sine eigne inn i arbeidet. Det er rimeleg å anta at NS gjerne ville

ha ein viss kontroll, eller i det minste ha eit overoppsyn, over kommisjonen. Nøyaktig kva som var målsettinga til NS, eller kva føringar dei ville leggje for kommisjonen, er det vanskeleg å seie noko om. Men det var i deira interesse å ha nokon på innsida. Det ser ikkje ut som RK eller Wehrmacht var interessert i å leggje føringar for arbeidet til kommisjonen, eller i det heile tatt blande seg borti. Terboven ville berre ha Finnmark og Nord-Troms evakuert, og Wehrmacht, som eigentleg ikkje var for ei evakuering, ville at sivilbefolkinga ikkje skulle vere eit hinder for tilbaketrekkingsa. Det er vanskeleg å seie kva tyske myndigheter ville gjere med befolkninga etter at dei var evakuert. Det er mogleg dei hadde planar for dei, men slike planar har eg ikkje funne i det arbeidet eg har gjort.

Det tredje momentet eg ville ta for meg var kva dei lokale føresetnadane hadde å seie for evakueringa. Kva hadde ein å hjelpe seg med og støtte seg på – av private organisasjonar, offentlege etatar, sjukehus og annan infrastruktur? Kva innverknad hadde det store tyske nærværet?

Evakueringskommisjonen var ikkje åleine i arbeidet med dei evakuerte, ein hadde også eit stort apparat i og utanfor byen. Heile hjelpearbeidet i Tromsø må karakteriserast som ein stor dugnad. Kommisjonen hadde om lag 500 medarbeidarar som var fordelt på dei forskjellige avdelingane som låg under kommisjonen. Desse var med på å lage mat, transportera folk og bagasje, registrering, innkvartering, avlusing og anna helsestell. Utan denne hjelpa ville opphaldet i Tromsø vorte mykje verre for dei evakuerte, og mange kunne ha mista livet. Desse personane kjende nok på det same som Ragnar Hansen, at her stod det om livet til befolkninga til ein heil landsdel, og ein måtte gjere alt ein kunne for desse. Dette var nok også grunnen til at parolen frå Heimefronten og London ikkje fekk særleg støtte i Tromsø, ein såg faktisk kor ille det var. Blant dei som ville hjelpe til finn ein også dei huseigarane som stilte 240 leilegheiter til bruk for innkvartering av evakuerte. Det er vanskeleg å anslå nøyaktig kor mykje dette hadde å seie for innkvarteringssituasjonen, men det var nok ikkje heilt ubetydeleg då ein mest sannsynleg kunne få plassert fleire hundre personar her. Sidan ein også tok opp spørsmålet om å kompensera desse huseigarane på eit av evakueringsmøta, er det rimeleg å anta at dette var av ei ikkje uvesentleg betydning for kommisjonen.

Ein hadde ganske mykje å hjelpe seg med i byen, og dette var svært viktig under tvangsevakueringa. Utan dette hjelpearbeidet er det mykje som kunne gått gale, og ein kunne risikert at mange liv gjekk tapt i byen. Det var ingen ferietur å vere evakuert i Tromsø, men alle dei som hjelpte til gjorde det dei kunne for at opphaldet i byen skulle vere best mogleg.

Under tvangsevakueringa var det som nemnd 274 sjukehusplassar i Tromsø. Dette ikkje er veldig mange sengeplassar med tanke på at byen på den tida hadde 10 000 innbyggjarar, og særleg når fleire titals tusen skulle passera gjennom byen under tvangsevakueringa. Det ser likevel ut til evakueringskommisjonen klarte å gjere det beste ut av det. Sjølv om at det vart tatt opp på eit av møta til kommisjonen at epidemiavdelinga var overbelasta, ser det ikkje ut til at dette var noko vedvarande problem. Sjølv med svært få legar og sjukepleiarar, så verkar det som ein greidde å unngå dei verkeleg store problema. Ingen epidemi braut ut, og det var heller ingen generell segeplassmangel, ut i frå det ein kan finne i møtereferata. Avlusing var noko som gjekk igjen over fleire møter, men det verkar som dette roa seg når ein fekk frigitt lærfabrikken som avlusingsstasjon. Sjølv om fleire forhold neppe var ideelle for dei evakuerte, er det mykje som tydar på at ein fekk ordna det til best mogleg. Det er rimeleg å anta at ei stor krise innanfor helsesystemet hadde fått mykje fokus i kommisjonsmøta.

Forsyningssituasjonen såg også ut til å vere rimeleg bra i Tromsø. Sjølv om det var nokre matvarer det var lite av, var det ikkje nokon krise her heller. Det var neppe nokon overflod av mat for dei evakuerte i byen, då det mest sannsynleg var streng rasjonering av maten. Det er likevel ingenting som tydar på at det var svolt blant dei evakuerte. Det skal sjølvsagt nemnast hendinga med dei evakuerte som grov tilfluktsgrøfter, og som ikkje fekk mat, men dette er også det einaste eksempelet. Det er vanskeleg å tenkje seg at hungersnaud blant dei evakuerte ikkje ville kome fram i møtereferata. Kor mykje mat ein hadde i og rundt byen, er det vanskeleg å seie noko om. Det er likevel mykje som tydar på at ein hadde ein god del mat tilgjengeleg. Det vart aldri tatt opp på møta at ein var kome i ein situasjon der forsyningsspørsmålet var kritisk, eller svolt blant dei evakuerte.

Sjølv om det var om lag 14 000 tyske soldatar i Tromsø-området under tvangsevakueringa, ser det ikkje ut til at dette hadde så mykje å seie for dei evakuerte sitt opphold i byen. Dei einaste konfliktane evakueringskommisjonen hadde med tyskarane, omhandla å få frigitt skip til evakueringstransport sørover. Det var heller ikkje mange skip dei fekk frigitt.

Kommisjonen fekk to skip som låg til reparasjon til langt etter krigen, og dei fekk frigitt eit og anna skip til ein eller to turar. Dette visar at det viktigaste for tyskarane var at dei evakuerte ikkje kom i vegen for dei militære. Det kom aldri opp at det var problem i forhold til dei tyskarane som var i og rundt byen. Det er rimeleg å anta at tyskarane hadde reagert dersom evakueringsarbeidet la hindringar for dei, men alt tydar på at dette forholdet gjekk problemfritt. Eventuelt kan det hende at tyskarane var meir tolerante fordi dei ikkje ville ha noko med evakueringa å gjere.



# Litteratur og kjelder

## Litteratur

- Alamäki, Yrjö. "Finland ut av krigen - men med smertefulle virkninger." *Ottar nr. 4*, 1994.
- Andresen, Astri, Sissel Rosland, Teemu Ryymin, og Svein Atle Skålevåg. *Å gripe fortida : innføring i historisk forståing og metode*. Samlagets bøker for høgare utdanning. Oslo: Samlaget, 2012.
- Elstad, Ingunn. *Samefolket i tvangsevakueringa*. Forskningsgruppen Living the War og Gjenreisningsmuseet, 2016.
- Eriksen, Knut Einar, og Terje Halvorsen. *Frigjøring*. Oslo: Aschehoug, 1987.
- Fjørtoft, Kjell. *Vi fikk vår frihet : Finnmark høsten 1944*. Oslo: Gyldendal, 1984.
- Fosnes, Wilhelm. "Evakueringen av Finnmark og Nord-Troms høsten 1944: planlegging og gjennomføring." Oslo: <W. Fosnes>, 1974.
- Hauglid, Anders Ole, Knut Erik Jensen, og Harry Westrheim. *Til befolkningen! : brannhøsten 1944 : gjenreisingen etterpå*. Tromsø: Universitetsforlaget, 1985.
- Hellesnes, B. R. *Finnmark i flammer : fortalt av den brente jords egne kvinner og menn*. Trondheim: F. Brun, 1949.
- . *Finnmark i flammer : fortalt av den brente jords egne kvinner og menn : 2. Vol. 2*, Trondheim: Bruns bokhandels forl., 1950.
- Helsingeng, Terje, Bjarne Eilertsen, Roger Westmark, og Polaris Frimurerne St. Johanneslogen Stella. *Veiviser i polarmørket : St. Johanneslogen Stella Polaris : jubileumsbok 2009*. Tromsø: St. Johs. Logen Stella Polaris, 2009.
- Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var : en innføring i historiefaget*. 2. utg. ed. Oslo: Universitetsforlaget, 1999.
- Meinander, Henrik. *Republiken Finland: I går och i dag*. Helsinki: Schildts & Söderströms, 2012.
- Nøkleby, Berit. *Josef Terboven : Hitlers mann i Norge*. Oslo: Gyldendal, 1992.
- Pedersen, Gunnar. *Ishavsfolk, arbeidsfolk og fintfolk : 1900-1945*. Tromsø: Tromsø kommune, 1995.
- Petterson, Arvid. *Fortiet fortid: tragedien Norge aldri forsto : tvangsevakuering og overvintring i Nord-Troms og Finnmark 1944-1945*. Hammerfest: Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms, 2008.
- Riste, Olav. «*London-Regjeringa*». *Norge i krigsalliansen, 1940-1945. Vegen heim 1942-1945*. Vol. Bind 2, Oslo: Samlaget, 1995.
- Ruud, Jørn W. "Erindringer om andre verdenskrig i Finnmark og Nord-Troms." The University of Bergen, 2008.
- Ytreberg, Nils A. *Tromsø bys historie : 2*. Tromsø: Peder Norbye, 1962.
- . *Tromsø bys historie : 3*. Tromsø: Peder Norbye, 1971.

## Kjelder

- Nord-Troms museum: *Rapport om Evakueringschefens arbeide i Tromsø i tiden oktober 1943-28. april 1945*. 1946. Rapport skrevet av Ragnar A. Hansen..
- RA, Oslo fylke, Landssvikarkivet, arkivnummer 206-221. Oslo: Riksarkivet, 1945-47.
- Landssviksak mot Helge Jakobsen og Bertram Dybwad-Holmboe.
- Landssviksak mot Conrad Rye-Holmboe.
- Landssviksak mot Torbjørn Berg.
- RA/S-3138, Oslo fylke, Landssvikarkivet, Oslo politikammer, Landssviksak D3802 Johan Andreas Lippestad, stykke 1-5. Oslo: Riksarkivet, 1945-1947.
- Vitneforklaring Herbert Von Stackelberg.

Vitneforklaring Christian Preuthun.  
Vitneforklaring Günter Marre.  
Vitneforklaring Kurt Baberske.  
Telegram frå Lippestad til Reichskommissar, Stortinget.  
Vitneforklaring Per Gabrielsen.  
Landssviksak mot Peder Jonas Berg.  
Statsarkivet, Tromsø, Rapport til Politidepartementet frå Gard Holtskog, Bilag 29 i *Rapport til ministerpresidenten om evakueringa av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke..* 1944.  
Statsarkivet, Tromsø. "Fylkesmannen i Troms, Arkiveske nr. 2027."  
Statsarkivet, Tromsø, *Rapport til ministerpresidenten om evakueringen av Finnmark fylke samt de 4 nordligste kommuner av Troms fylke.* 1945. Rapport godkjent av Jonas Lie og Johan Andreas Lippestad  
Statsarkivet, Tromsø, Røde Kors arkivet, Da8, . *Rapport om Røde Kors søsterambulanse 28/10-15/12 1944.* Tromsø1944.

## Nettstader

Bjerck, Kari. «St. Elisabeth Hospitalet.»  
<https://uit.no/Content/416115/Av%20Kari%20Bjerck.pdf>.  
«Norske departementer 1940 - 1945: Under tysk okkupasjon i Oslo.»  
[https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier\\_regjeringer/norge-i-krieg/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/](https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krieg/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/).  
«Tromsø Kysthospital.» <http://www.tekniskmuseum.no/historier/tida-etterpa-var-den-verste-tromso-kysthospital/574-tromso-kysthospital>.